

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 18.06.2009 kl 11:15 – 17:00 , heldt Kommunestyret møte i kinosalen til BKK på Matre.

Møtet starta med synfaring i grøn næringspark, Matre

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 047/09 - 062/09

Innkalling til møtet var sendt ut den: 12.06.2009.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Lars Solheim	Håkon Matre, ordførar	Vigdis Søvik
Dina Merete K. Dyrhovden	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
	Wenke Fredheim Ekren	
Torfinn Aga, vara	Karstein Totland	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Liv Oda Dale		
Bjørn Egil Nordland		

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Kari Skår Sørheim, varaordførar	Willy Borge, sak 47/09-55/09	Leila Torsvik Andvik
Siri Tangedal Kratzmeier	Tore Helland	Per Einar Langhelle
	Janne Judith K. Sandnes, vara frå sak 056/09-062/09	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø, ass.rådmann Svein Helge Hofslundsengen, personalrådgjevar Jane Britt Daae og Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. Møtte
Willy Borge (FrP)	056/0 – 060/09	Janne Judith Sandnes

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	Tilleggsskriv (1 – 7) til sak 048/09 – Skriv og melding
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	Interpellasjon frå Venstre som skriv 1 på tilleggslista
Synfaring:	Møte starta med synfaring i Grøn Næringspark, Matre
Diverse:	

Innkallinga vart godkjent.

Sak 046/09 – 060/09 vert tatt etter sak 048/09 skriv og melding

Sakslista vart godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
047/09	09/424	Godkjenning av møteprotokoll	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
048/09	09/423	Skriv og meldingar	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
049/09	06/1027	Seniorpolitikk i Masfjorden kommune	8
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
050/09	08/868	Arbeids- og pausetid i Masfjorden kommune	16
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
051/09	09/380	Søknad om serverings- og skjenkeløyve for Fredsom Kafe og Pub	25
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
052/09	09/377	Ny plan- og bygningslov. Førebels endring av delegasjonsreglement og gebyrregulativ	33
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
053/09	07/437	Reguleringsplan - Einestrand bustadfelt - mindre endring av reguleringsplan	36
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
054/09	08/243	Reguleringsplan Kjekallen utleiehytter - gnr 60/4 - 2. gongs handsaming	40
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
055/09	09/226	Reguleringsendring Duesundøy - mindre endring i reguleringsføresegnene og -kart	44
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
056/09	08/131	Omgjering av eige vedtak - Bygging av naust i rekkje - gnr 5/41 - Skjelsundet - oppheving av byggeløyve	53
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
057/09	08/124	Omgjering av eige vedtak - bygging av naust i rekkje - gnr 5/42 - Skjelsundet - oppheving av byggeløyve	60
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
058/09	08/127	Omgjering av eige vedtak - Bygging av naust i rekkje - gnr 5/43 - Skjelsundet - oppheving av byggeløyve	66
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
059/09	08/126	Omgjering av eige vedtak - bygging av naust i rekkje - gnr 5/44 - Skjelsundet - oppheving av byggeløyve	72
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
060/09	08/129	Omgjering av eige vedtak - Bygging av naust i rekkje - gnr 5/40 - Skjelsundet - oppheving av byggeløyve	78

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
061/09	09/394	Budsjettrevisjon pr. juni 2009	84
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
062/09	09/386	Rammer for budsjett 2010 og økonomiplan 2010-2013	91

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	18.06.2009	047/09	Gerd Allis Håheim
Arkiv: N-		Arkivsaknr.: 09/424	

SAK 047/09 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå formannskapet den dato vert godkjent slik han ligg føre.

KS-047/09 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 28.05.2009 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	18.06.2009	048/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/423
-----------	---------------------

SAK 048/09 - SKRIV OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-048/09 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Det var sendt ut eige hefte med tillegsskriv nummerert frå 1 til og med 7.

1. Interpellasjon frå Masfjorden Venstre og svar frå ordførar
2. Møteutskrift frå kontrollutvalet sitt møte den 17.6.2009
3. Fylkesmannen i Hordaland: Brev dagsett 26.05.09 med invitasjon til samarbeid om felles satsing på entreprenørskap og lokal næringsutvikling
4. Skriv frå Fylkesmannen med uttale til sak 55/09 Reguleringsendring Duesundøy
5. Internt notat frå ass. rådmann om vedlikehaldsbehov for kyrkjene i Masfjorden
6. Uttale frå Masfjorden kommune sendt 08.06.09 i høve bygging av 300 kv kraftleidning Mongstad – Modalen
7. Framlegg til møteplan for hausthalvåret 2009

Til skriv 1 på tilleggslista

Leila Torsvik Andvik las opp interpellasjonen frå Venstre:

Interpellasjon om riksveg 570:

Opprusting av riksveg 570 er eit viktig mål for kommunen. Dette har blitt slått fast når me har hatt strategimøte i kommunestyret. Dei fleste partia hadde også dette som ei viktig sak i valkampen.

Me i Venstre meiner det er viktig å rette eit sterkare fokus på opprustning av omtalte veg. På kommunestyret 28.05.09 vart det informert om at kommunen no har mottatt kartgrunnlaget som må liggje i botn med tanke på opprustning av riksveg 570.

Venstre ber om at kommunestyret vert informert om kva som har vore gjort og kva som vil bli gjort med tanke på opprustning av riksveg 570.

Svar frå ordførar:

Utbetring av Rv 570 (med dels ny veg) har stått på dagsorden i Masfjorden i fleire år, men likevel kort tid samanlikna med andre, tilsvarende riksvegar i andre kommunar (t.d. ny veg over Radøy). Bru over Mjangervågen er definert som eit prosjekt i Nordhordlandspakken (fase 2), og det er gjort eit studentarbeid som kan danna grunnlag for reguleringsarbeidet når så langt kjem. Traseen vart også tatt inn i arealdelen av kommuneplanen i 2006.

Vegvesenet påtok seg for 2-3 år sidan å få utarbeidd kartgrunnlag for heile strekninga Masfjordnes-Andåskryset, og desse skal no vera ferdigstilte. Vegvesenet fekk for eit par år sidan også meldt inn oppgåva å framstille ei skisse for framtidig Rv 570 med gul stripe, som grunnlag for utarbeiding av reguleringsplan, så snart tilstrekkeleg kartgrunnlag er framskaffa. Dei stadfesta for kort tid sidan at dette står på arbeidsplanen, og vonar å koma i gang med arbeidet over sommaren.

Det er også utarbeidd eit oversyn over 15 farlege trafikkpunkt som vi ønskjer utbetra. Sjå skriv frå vegvesenet på baksida og internt notat vedlagt. Vegvesenet vurderer no vårt tilbod om å drøfta eventuell (del)forskottering av utbetningsarbeidet, då det ikkje finst midlar til tiltaka på deira budsjett for 2009 heller. Vi ventar å få ei avklaring på dette like over sommaren, slik at saka kan drøftast i første kommunestyremøtet til hausten.

Saka vart drøfta.

Etter svaret frå ordførar vart moglegheitene for at kommunen kan forskottere noko av opprustinga av Rv 570 drøfta. Dette må opp som eige sak til hausten.

Til skriv 5 på tilleggslista

Frode Langhelle (H) spurte om kyrkeleg fellesråd hadde drøfta rapporten. Willy Borge (FrP) sa at det ikkje hadde vore møte sidan i vinter og at rapporten difor ikkje hadde vore handsama der.

Til skriv 7 på tilleggslista

Ordførar orienterte om at møteplanen som skal sendast ut med protokollen skal vere påført møtedato for FUP og Adm.utv.

Munnleg melding får rådmann

Eit barn i Nordbygda barnehage er smitta av E-coli. Det har i denne samanheng vore to møter mellom kommunetilsette og foreldra til borna i barnehagen. Det vart delt ut prøvetakings-

utstyr sist torsdag. Det må vere 3 negative prøvesvar frå kvar person for at ein skal vere sikker på at denne personen ikkje er smitta.

Det har kome eit negativt svar på søknad om folkehøgskule i dei gamle sjukeheimslokala på Sandnes. Tiltakshavar for søknaden har bede om møte med kommunen om vegen vidare. Det skal ein prøve å få til før ferien.

Innmeldt sak frå Tore Helland (FrP)

Det er ønske får FrP om at Tore Helland (fast medlem) og Willy Borge (varamedlem) bytter plass i styringsgruppa for pilotprosjektet. Dette vart godkjent av Masfjorden kommunestyre slik at Willy Borge no er fast medlem i styringsgruppa.

Orientering får ordførar

Ordførar orienterte om arrangement han hadde delteke på i samband med kongebesøket.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Arbeidsmiljøutvalet	27.05.2009	013/09	Jane Britt Daae
Arbeidsmiljøutvalet	08.06.2009		Jane Britt Daae
Administrasjonsutvalet	09.06.2009		Jane Britt Daae
Formannskapet	09.06.2009	047/09	Jane Britt Daae
Kommunestyret	18.06.2009	049/09	Jane Britt Daae

Arkiv: N-043N-043N-043N-043	Arkivsaknr.: 06/1027
-----------------------------	----------------------

SAK 049/09 - SENIORPOLITIKK I MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

”Seniorpolitikk i Masfjorden kommune” vert vedteken slik den ligg føre.

Finansiering

Heimel

Hovudtariffavtalen pkt. 3.2.3

Utskrift til:

Arbeidsgruppa

Leiarane

Hovudtillitsvalte

AMU-013/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

”Seniorpolitikk Masfjorden kommune” vert vedteken.

Det skjedde i Arbeidsmiljøutvalet den 27.05.2009:

Personalrådgjevar la fram saka og dei endringar som er gjort sidan førre møte i AMU.

HTV Sjukepleiarforbundet og Fagforbundet spurde om arbeidsgjevar har vedtaksrett for når dei 5 fridagane kan takast ut. Rådmannen stadfesta at uttak av dei ekstra fridagane skal skje i dialog mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar, og at arbeidsgjevar har siste ordet då dei arbeidsfrie dagane må avklarast med drifta elles.

Vedtaket vart gjort samrøystes.

ADM-007/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

”Seniorpolitikk Masfjorden kommune” vert vedteke med presiseringar om seniortilegget.

Det skjedde i Administrasjonsutvalet den 09.06.2009:

KrF ved Sørheim legg fram at det har vore ein lang prosess og at forslaget er klar for å verte vedteke.

AP ved Dyrhovden støttar Sørheim.

Utdanningsforbundet kjem på vegne av Utdanningsforbundet og Fagforbundet med forslag om høgare sats for seniortillegg. Forslaget er:

Ved fylte 63 år	kr 10 000,- i full stilling
Ved fylte 64 år	kr 12 500,- i full stilling
Ved fylte 65 år	kr 15 000,- i full stilling
Ved fylte 66 år	kr 17 500,- i full stilling
Ved fylte 67 år	kr 20 000,- i full stilling

Frp ved Borge formidlar at det er usikkert om høgare satsar er dei viktigaste for seniorane. Borge støttar forslaget som er lagt fram.

Fagforbundet meiner at for dei lavlønnte vil høgare satsar kunne bety noko for om ein arbeidar eitt eller to år lenger.

Rådmannen heldt fram at forslaget må kostnadsreknast. Dette er også eit val i vår totale personalpolitiske satsing. Noverande sats og den utrekna kostnaden med den er moderat og kommunen vil kunne klare. Rådmannen støttar forslaget som er lagt fram.

KrF ved Sørheim heldt fram at det vert mykje pengar av det med auka satsar. Saka vert stor om me skal auke lønsbudsjettet og det vil kunne få konsekvensar for talet på stillingar.

Utdanningsforbundet trekkjer forslaget sitt då ein høyrer at ein ikkje får gjennomslag.

AP ved Dyrhoven foreslår at satsane for seniortillegg vert formulert. Reknes foreslår å skrive det som eit årleg tillegg.

Rådmannen peikar på at Lønspolitisk plan må endrast som følge av innføring av seniortillegg.

FRP ved Borge forslår at forslaget ved vedteke med presiseringar på punktet om seniortillegget.

Vedtaket vart gjort samrøystes.

FS-047/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

”Seniorpolitikk i Masfjorden kommune” vert vedteke slik den ligg føre med presiseringar om seniortillegget.

Det skjedde i Formannskapet den 09.06.2009:

Tilrådinga frå administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteke.

KS-049/09 VEDTAK:

”Seniorpolitikk i Masfjorden kommune” vert vedteke slik den ligg føre med presiseringar om seniortillegget.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Ordførar orienterte kort før personalrådgjevar Jane Britt Daae presiserte kva endringar som var tenkt gjort etter vedtaket i formannskapet. Ein endrar ordet *ved* til *frå* i pkt 3f) slik at det no står:

Frå fylte 63 år osv

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Masfjorden kommune arbeida i 2007 og vinteren 2008 med å utarbeide retningslinjer for seniorpolitikk. Saka vart til handsaming i administrasjonsutvalet 14.02.08 og det vart gjort slikt vedtak:

”ADM-004/08 VEDTAK FRÅ MØTE DEN 14.02.2008 :

Saka vert utsett til 01.10.08.

Grunngjeving:

Sentrale forhandlingar med AFP vil då vera avslutta og pensjonsreforma vil vera klarlagt.”

----000----

I møte mellom rådmannen og hovudtillitsvalte 9.oktober 2008 vart ein samd å etablere ei ny arbeidsgruppe som skulle arbeide vidare med retningslinjer for seniorpolitikk i Masfjorden. Sentrale forhandlingar med AFP for offentleg sektor er enno ikkje ferdig, og pensjonsreforma er utsett til 2011. Hovudtillitsvalt for NITO Helga Hodne og personalrådgjevar Jane Britt Daae vart oppnemnd i arbeidsgruppa, og 04.02.09 la dei fram sitt forslag til rådmannen og dei hovudtillitsvalte.

Arbeidsgruppa har lagt til grunn at målsetting for seniorpolitikk er at arbeidstakarar heldt fram med meistring og trivsel, og at det fører til ei forlenga jobbkarriere. Seniorpolitikk må vere ein del av kommunen sin generelle personalpolitikk. Seniorpolitikk må ha nokre kjente verkemiddel for å motverke at arbeidstakarar i aldersgruppa 62+ sluttar i arbeid.

Det nye forslaget har teke utgangspunkt i forslaget av februar 2008. Følgjande er ulikt i høve til det førre utkastet:

- Nytt tiltak under nytt punkt ”Ferie og fritid”. Ein går ikkje inn for betalt stillingsreduksjon. Forslag om 5 enkeltdagar fri med løn (i full stilling)
- Forslag om å etablere eit seniorfond i kommunen som skal sikre dekning for seniortiltak

- Sluttbonus er fjerna som tiltak
- Forslag om å forenkle og endre satsane for lønsauke ved fylte 63, 65 og 67 år
- Nytt tiltak med "Frys-ordning" av eit arbeidsforhold når det ikkje er til vesentleg ulempe for arbeidsgjevar
- Nytt punkt om opphøyr av arbeidsforholdet og presisering av at avslutning uansett skal skje på ein verdig måte og i dialog
- Rutine for medarbeidersamtalar etter fylte 58 år
- Heile dokumentet har fått formuleringar komprimert og utforming er lik dei andre kommunale plan- og styringsdokumenta

I Masfjorden kommune vil talet på arbeidstakarar over 58 år vere slik:
(dersom av at ein i snitt arbeider til ein vert 65 år)

I år:

2009	41 tilsette lik eller over 58 år (i 2009 har me 10 tilsette over 65 år derav 5 er over 67 år)
2010	34 tilsette lik eller over 58 år
2011	34 tilsette lik eller over 58 år
2012	39 tilsette lik eller over 58 år
2013	43 tilsette lik eller over 58 år
2014	45 tilsette lik eller over 58 år
2015	46 tilsette lik eller over 58 år
2016	55 tilsette lik eller over 58 år
2017	54 tilsette lik eller over 58 år

HØYRING

Høring blant dei hovudtillitsvalte:

Arbeidsgruppa fram sitt forslag til Seniorpolitikk i Masfjorden i møte mellom rådmannen og dei hovudtillitsvalte 4. februar 2009. Det vart avtala at dei hovudtillitsvalte skulle gjennomføre ein høyringsrunde blant sine medlem. I nytt møte med dei hovudtillitsvalte 23. mars 2009 formidla dei sine tilbakemeldingar. Frå referatet står det om saka:

"Sak 4. Seniorpolitikk i Masfjorden.

Etter førre møtet 04.02.09 vart det avtala at HTV gjer ein høyringsrunde på forslaget til seniorpolitikk i kommunen. Det var oppsummert slik:

NITO: Ingen tilbakemeldingar

Fagforbundet: Ei tilbakemelding frå sjukeheimen: Satsane for seniortillegg er for låge. Satsane vil ikkje motivere for å halde lenger fram i arbeid.

Sjukepleiarforbundet: Har diskutert mykje i samband med forslaget. Ønskjer at seniortillegget vert prosentvis av løn, ikkje ein fast sum som foreslått. Har medlem som er mykje oppteken av å sleppe ungdommen til jobbane.

Utdanningsforbundet: Må formulere mål om at arbeidsgjevar skal gjere seg nytte av lang arbeidserfaring. Seniortillegget bør vere prosentvis, og det vert delt ut forslag i møtet som viser 1% tillegg. Tillegg er betre enn bonus. Første setning under ferie og fritid bør fjernast. Positivt med fokus på medarbeidersamtalar. Ein må sikre at alle får medarbeidersamtalar.

Etter oppsummert høyringsrunde blant HTV og leiarar vil ein førebu sak til AMU, administrasjonsutval, formannskap og tilsatt kommunestyre 18. juni. Ein takkar for tilbakemeldingane!"

I etterkant har Utdanningsforbundet den 03.04.09 kome med eit innspel:

"På årsmøte vårt 25/3 diskuterte vi seniorpolitikk der lufta eg forslaget som eg har sendt vedlagt. Det var stor interesse for det. Vi vil gjerne ha dette innarbeidet i punkt 3 del f:

3. Seniorpolitiske tiltak

F) Fritid og ferie

Nytt kulepunkt inn mellom 1 og 2.

_- Lærarane kan anten bruke punkt 1 eller ha ein time undervising mindre i veka (ved full stilling og tilsvarende mindre i deltidsstilling).Om ein vel punkt 1 eller 2 vert avtalt i medarbeidarsamtalen”

I nytt møte med HTV 14.05.09 er seniorpolitikk på dagsorden igjen, og i referatet står det:

3 **Seniorpolitikk**

Utkast til saksframlegg er delt ut og ein ønskjer å diskutere prinsipp og dilemmaet før saka vert handsama i Amu, administrasjonsutvalet, formannskapet og kommunestyret.

- *Utdanningsforbundet viser til sitt forslag og endrar det til at i staden for 5 dagar i fritid ønskjer 3 prosent undervisningsfri. Lærarane har mykje fri, og meir fråver er ikkje ønskjeleg. Derimot vil ville det vore positivt å vere på skulen og arbeide mindre i 1. linja (undervisningsfri). Ein ønskjer eit prosentvis seniortillegg. Ein ønskjer ikkje seniorfond då ein ikkje har tru at det vil kunne styrke arbeidsplassane generelt slik at det ivaretar seniorane meir.*
- *Sjuepleiarforbundet støttar forslaget om prosentvis seniortillegg.*
- *Nito formidlar at seniorfondet var tenkt som ei dekning/budsjettpost for avdelingane for tilretteleggingstiltak. Støttar Utdanningsforbundet sitt forslag om undervisningsfri for lærarane.*
- *Personalrådgjevar understøtter at fond - organisering ikkje er viktig som ordning, men å ha eit handlingsrom for leiarane slik at dei kan vurdere nødvendige og realistiske tiltak. Det kan vere like fordelaktig å leggje slike vurderingar inn i den vanlege budsjettprosessen når avdelingane vurderer drift og kostnader for neste år. Seniortillegget er ein ekstra bonus for dei eldste seniorane, og vil ikkje kunne vere det eine som skal til for at folk arbeider lenger. Det er vere økonomisk urealistisk fordi seniortillegget ville måtte aukast vesentleg, og det ville vere feil viss gunstige økonomiske virkemiddelet får tilsette til å strekke seg lenger i arbeidslivet enn det som er hensiktsmessig.*
- *Fagforbundet meiner at eit prosentvis seniortillegg vil vere feil i høve til dei som har lågast løn. Dei vil få mindre enn andre og det vil gje feil signal.*
- *Kommunalsjefen viser til at seniorane er ei likestilt gruppe ved at det skal arbeidast for at alle arbeider godt og lenge, det er ikkje nokon som skal ha gunstigare ordningar eller grupper som skal føretrekkjast. Seniortillegg er på toppen av avlønning, og ulike satsar som ved prosentvis sats, og ein ser at det kan gje uheldige signal.*

---- 000 ----

Høyring blant leiarane:

Rådmannen gjennomførte tilsvarende høyring blant avdelingsleiarane. Der det kom du skriftlege og munnlege tilbakemeldingar. Oppsummert viser det:

- **Pkt om medarbeidarsamtale:** Det vert difor viktig å laga ein avtale med få punkt som er realistiske å oppfylle både for arbeidstakar og arbeidsgjevar.
- **Pkt om Seniorfond:** Seniorfondet må vera så stort at kvar arbeidsplass er sikra midlar til så mange seniorar som dei har. Her bør t.d. kvar arbeidsplass få midlar til vikarar for ekstra fridagar.(pkt f)
- **Pkt om Fritid og ferie:** Dagane skal vera enkeltdagar. *Skal* bør bytast til *kan*. Nokre ønskjer full friveke framfor enkeltdagar. Den ekstra ferieveka for arbeidstakarar over

60 år er vel avtala sentralt. Treng den då stå som seniortiltak for Masfjorden kommune?

- **Pkt om Seniortillegg:** Så låge kronebeløp vil favorisera lågtløna. Forslag om prosentsats av fastløn t.d 3 %, 4 %, 5 %. For arbeidgjevar kostar det sjølv sagt meir. Men dersom alternativet vert ufaglærte, trur eg det likevel er ei god investering.

VURDERING

Når ein skal forme ein seniorpolitikk må ein ha for auge målsettinga om fungering og trivsel i arbeidslivet. Det er forska ein del på pensjoneringsåtfærd. Arbeidsforskningsinstituttet, skriv i rapport en "Å auke den gjennomsnittlege avgangsalderen" (2007) om faktorar som påverkar pensjoneringsåtfærd. Slike faktorar:

- Hovudårsaken til utstøting i arbeidslivet er dårleg helse. Dårleg arbeidsmiljø og leiing, fysiske og psykiske belastningar, oppleving av å ikkje meistre arbeidet og manglande oppleving av å vere ønska på arbeidsplassen er også årsaker.
- Gunstige pensjonsordningar/økonomiske insentiv bidrar til å trekke folk ut av arbeidslivet. Ønske om meir fritid og interesser utover arbeid er også årsaker.
- Interessante og meiningsfylte oppgåver, opplevinga av å verte sett og verdsett er dei viktigaste motivasjonsfaktorane som gjer at folk ønskjer å stå i arbeid lenger.
- Enkelte opplever seg ikkje å ha råd til å gå ut av arbeid.

Dei trekkjer fram desse elementa for ein vellykka seniorpolitikk:

- Analyse av faktiske forhold på arbeidsplassen (bransje, demografi, utdanningsnivå, tilsette sin ønskjer og behov), brei involvering i utforminga av seniorpolitikk.
- Arbeid med livsfase- og seniorpolitikk er langsiktig holdningsarbeid
- Ein god seniorpolitikk har samansette og tilpassa tiltak, men dei "beste i klassen" peiker ut tiltaka
- Eit aktiv og godt leiarsskap
- Systematisk satsing
- Godt arbeidsmiljø og arbeidsorganisering

Tilbakemeldingane frå dei hovudtillitsvalte og avdelingsleiarane er nokså like på kva punkter som vert kommentert: **Medarbeidarsamtalar, meir fritid, auka lønstillegg** . Leiarane er også oppteken av økonomi for å sikre gjennomføringsevne for tiltaka. Rådmannen vurderar desse punkta slik:

MEDARBEIDARSAMTALAR

- Medarbeidarsamtalar er viktig for anerkjenne individuell innsats og påverke motivasjon for vidare arbeidsinnsats. I leiarutvikling er medarbeidarsamtalar eit tema ein skal satse på.

MEIR FRITID

- Rådmannen går inn for arbeidsgruppa sitt forslag om ekstra fritid (5 dagar i full stilling) som einskilde dagar til (og ikkje samanhengande i ei veke) , då føremålet ikkje var å gje ei ekstra ferieveke, men eit "pusterom" blant vanlege kvardagar. 60 åringane er gjennom Ferielova sikra 6 veker ferie (ei veke utover det vanlege).
- Utdanningsforbundet si tilbakemelding om første setning under punkt vert teke til etterretning.
- Forslaget om at 5 dagar vert teke ut i 1 undervisningsfri time per veke er ikkje like lett å ta til etterretning då 1 undervisningsfri time i veka i snitt vil gje 7 dagar fri (medan andre altså kan få 5). Det nye forslaget frå Utdanningsforbundet om 3% undervisningsfri er utmålt i dagsverk til å vere 5 dagar. Dette ser ein kan vere i

ordning som fremmar at ein er meir på arbeid i fleire år, og rådmannen støttar forslaget.

SENIORTILLEGG

Seniortillegg er meint å sikre ein ekstra lønsvekst for seniorar. Desse må vere innanfor ei realistisk ramme, både på grunn av kommunen sine økonomiske rammer, men også fordi effekten av seniortillegg er uviss i høve til å faktisk arbeide lenger og at ting fungerer godt. Eit seniortillegg kan likevel vere aktuelt fordi det er store forventningar knytt til god løn etter lang teneste. Dei fleste seniorane i kommunen har lang teneste hjå oss.

Arbeidsgruppa foreslår eit seniortillegget i kronebeløp frå fylte 63 år, og redusert etter stillingsprosent. Eit slikt seniortillegg vil i 2010 kosta kr 210 000,- i ekstra lønsutgifter (ved fulle stillingar), og som må reduserast då alle 12 personane over 65 år går i reduserte stillingar, og 5 personar av 12 personar mellom 63-65 år går i redusert stilling.

Sjukepleiarforbundet, Utdanningsforbundet og eit par av leiarane ønskjer eit prosentvis seniortillegg (prosent av tilsette si løn). Dersom ein gjekk frå kronebeløp for seniortillegget, og brukar prosentsatsar vert det.

For lønstakarar på 63 og 64 år vil lønsutgifter summert vere på kr 4,36 mill i 2010

For lønstakarar på 65 og 65 år vil lønsutgifter summert vere på kr 1,05 mill i 2010

For lønstakarar over 67 år vil lønsutgifter summert vere på kr 793 000,- i 2010

1 prosent lønsauke for alle vil gjere seg til kr 62 030,-

Rådmannen innstiller for eit seniortillegg slik som arbeidsgruppa har foreslått, og då understøtta av argumentasjonen til Fagforbundet i siste HTV - møte den 14.05.09. Eit seniortillegget skal vere ein ekstra honnør, og ikkje ein del av lønsutviklinga for den einskilde. Lønsutviklinga vert ivareteke gjennom sentrale og lokale forhandlingar. Prosentvis sats vil føre til store skilnader for tilsette i mindre stillingar med lågare løn og dei med større stillingar og høgare løn. Det er viktig for arbeidsgjevar at når honnør skal gjevast i form av eit seniortillegg så får alle likt uavhenging lønsnivå.

SENIORFOND

Etter gjennomgang med dei hovudtillitsvalte 14.05.09 ser ein at oppretting av eit seniorfond kan vere ei naudvendig og arbeidsam ordning. Forslag om seniorfond hadde som sin hensikt å sikre økonomisk gjennomføringsevne for avdelingane. Det kan vere ulikt kva tiltak kostar og det kan vere ulikt kor mange tiltak som er naudsynt. Mange seniorar korkje treng eller ønskjer tilrettelegging, men i dei høva det er naudsynt må avdelingsleiar i dialog med arbeidstakaren finne naudsynte og realistiske løysingar. Den enkelte avdeling må dekkje slike tilpassingar sjølv, slik som er vanleg med andre tilretteleggingar av arbeidsforhold. Gjennom årets budsjettprosess vil avdelingane har moglegheit for å melde inn kostnader for neste års drift og få vurdert tildeling deretter. Rådmannen går derfor inn for at seniorfond ikkje vert innført.

KONKLUSJON

Med dei endringar som er nemnd over under punktet for fritid/undervisningsfri og seniorfond, vert revidert utkast av "Seniorpolitikk i Masfjorden kommune" vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Arbeidsmiljøutvalet	27.05.2009	012/09	Jane Britt Daae
Arbeidsmiljøutvalet	08.06.2009		Jane Britt Daae
Administrasjonsutvalet	09.06.2009	008/09	Jane Britt Daae
Formannskapet	09.06.2009	048/09	Jane Britt Daae
Kommunestyret	18.06.2009	050/09	Jane Britt Daae

Arkiv: N-042	Arkivsaknr.: 08/868
--------------	---------------------

SAK 050-09 - ARBEIDS- OG PAUSETID I MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Pause- og arbeidstid for tilsette i Masfjorden kommune vert av økonomiske årsaker ikkje endra. Unntaket er for assistentane i skulen der ein har ulike ordningar i dag.

Finansiering

Heimel

Arbeidsmiljølova §10

Utskrift til:

Leiarane

HTV

AMU-012/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Pause- og arbeidstid for tilsette i Masfjorden kommune vert av økonomiske årsaker ikkje endra. Unntaket er for assistentane i skulen der ein har ulike ordningar i dag.

Det skjedde i Arbeidsmiljøutvalet den 27.05.2009:

Personalrådgjevar presenterte kartlegginga av praksis for betalte og ubetalte pausar.

Ulike ordningar for assistentane på skulane må gjerast noko med, elles er rådmannen si innstilling uendra sidan førre handsaming.

Rådmannen viser til at kostnaden med betalt matpause vil bety mindre bemanning på arbeidsplassane. Ved Indre Masfjorden barnehage har ein fått klage frå foreldre på at det er mindre bemanning på den tida av dagen som ein har spart på bemanning for å få til betalte matpauser.

HTV Sjukepleiarforbundet viser til at heimetenesta har liten moglegheit for å ta reell pause. Dei gjer det slik at den som må arbeide i pausen eller må ha telefonvakt i pausen, brukar avspasering for medgått tid.

HTV Fagforbundet trekkjer fram at ein innan skule har ulik praksis for assistentane.

Hovudvernombod trekkjer fram to ting i diskusjonen: Det må avklarast kva funksjonar som må vere i drift også ved pausar, og prinsippet om likebehandling.

Rådmannen er samd i at ulik praksis for same grupper ikkje er ønskjeleg, slik at ein må sjå på pausane til assistentane i skulen. Ein del avdelingar har betalte matpausar grunna sentrale avtalar, noko som me lokalt må rette oss etter.

Vedtaket vart gjort samrøystes.

ADM-008/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Pause- og arbeidstid for tilsette i Masfjorden kommune vert av økonomiske årsaker ikkje endra.

For assistentane i skulane der me har ulike ordningar i dag, vert det sett i gong ein prosess for å få like ordningar.

Det skjedde i Administrasjonsutvalet den 09.06.2009:

FRP ved Borge etterspør kva endring som er foreslått for assistentane.

Rådmannen seier saka må vurderast heilheitleg for sjå kva ordning som skal gjelde for assistentane, og i samråd med dei tillitsvalte.

AP ved Reknes og Dyrhoven heldt fram at like ordningar er viktig og forslår endra tekst i vedtaket; For assistentane i skulane der me har ulike ordningar i dag, vert det sett i gong ein prosess for å få like ordningar.

Vedtaket vart gjort samrøystes.

FS-048/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Pause- og arbeidstid for tilsette i Masfjorden kommune vert av økonomiske årsaker ikkje endra.

For assistentane i skulane der me har ulike ordningar i dag, vert det sett i gong ein prosess for å få like ordningar.

Det skjedde i Formannskapet den 09.06.2009:

Tilrådinga frå administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteke.

KS-050/09 VEDTAK:

Pause- og arbeidstid for tilsette i Masfjorden kommune vert av økonomiske årsaker ikkje endra.

For assistentane i skulane der me har ulike ordningar i dag, vert det sett i gong ein prosess for å få like ordningar frå august 2009.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Ordførar orienterte kort om saka.

Janne Judith Sandnes (FrP): FrP ber om at ein legg til – frå august 2009 – til siste setninga i framlegg til vedtak frå formannskapet.

Frode Langhelle (H) stiller spørsmål om det er nokon som er tilsett i kommunen og som er ugild i denne saka.

Ordførar meiner at det å vere kommunalt tilsett ikkje i seg sjølv gjer ein ugild i ei sak.

Framlegg til vedtak med tilleggsformuleringa får FrP vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	12.02.2009	Avdelingsleiarane	Kartlegging av ulike arbeidshøve

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Saka var behandla i AMU 02.12.08 og administrasjonsutvalet 03.12.08:

AMU-025/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Det vert ikkje gjort endringar i arbeids- og pausetida for tilsette i pleie/ omsorg og barnehagane.

Det skjedde i Arbeidsmiljøutvalet den 02.12.2008:

Maud S. Holmaas frå Fagforbundet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert gjort endringar i arbeids- og pausetida for tilsette i pleie/ omsorg og barnehagane slik at alle får betalt pause.

Holmaas påpeika at det alt i dag er ulik praksis på dei ulike arbeidsplassane.

Røysting:***ADM-022/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:***

Administrasjonsutvalet ber rådmannen gå gjennom praktiseringa av arbeids- og pausetid i kommunen.

Saka kjem så attende til administrasjonsutvalet innan 01.06.2009.

Det skjedde i Administrasjonsutvalet den 03.12.2008:

Rådmannen orienterte om vedtaket i AMU den 02.12.08.

Saka vart drøfta.

Maud S. Holmaas sa at det er feil i saksutgreiinga. Ho har funne at der er ulik praksis på dei forskjellige skulane på dette området.

Alle kommunar i vår region har etter det ho kjenner til innført betalt pause.

Rådmannen kjende ikkje til dette, men meinte at det er viktig at det er likt for samanliknbare arbeidsplassar i vår kommune.

Valestrand sa at Indre Masfjorden barnehage burde få halda fram med prøveordninga med betalt pause som har fungert for dei utan ekstra kostnad.

Rådmannen sa at det er naturleg å forlenga ordninga ut barnehageåret.

Laila S. Reknes sa at ho ikkje har 1,9 mill kroner og er ikkje villig å bemanna ned for å få dette til.

Leila T. Andvik spurde om det har vore kartlagt kor ofte dei som jobbar for eksempel på sjukeheimen må arbeida i pausetida si.

Rådmann Lovisa Midtbø gjorde framlegg om nytt framlegg til vedtak

Administrasjonsutvalet ber rådmannen gå gjennom praktiseringa av arbeids- og pausetid i kommunen.

Saka kjem så attende til administrasjonsutvalet innan 01.06.2009.

Saka går då ikkje til kommunestyret no.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje gjort endringar i arbeids- og pausetida for tilsette i pleie/ omsorg og barnehagane.

Finansiering

Heimel

Utskrift til:

Leiarane

Tillitsvalte

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

I mai 2008 arrangerte arbeidsgjevar eit drøftingsmøte med arbeidstakarorganisasjonane for å drøfte arbeidstida og konkret kva ordning skal gjelde for tilsette i kommunen vedrørende betalt eller ikkje betalt matpausen. I dag har kommunen både betalte og ikkje betalte matpausar. Kommunehuset, TML, helsetunet, skulane og merkantil personale har betalte matpausar. Pleie og omsorg, og to av tre barnehagar har ikkje betalt matpause. Indre Masfjorden barnehage har i to år hatt betalt matpause som ei prøveordning og har det fram til 31.12.08.

Evaluering prøveordning Indre Masfjorden barnehage

Indre Masfjorden barnehage har hatt betalt matpause som eit av fleire tiltak for å medvirke til eit betre arbeidsmiljø. Dette har dei fått til med å organisere arbeidsdagen slik at drifta er mindre bemanna om morgonen og ettermiddagen. Dei har evaluert prøveordninga med betalt matpause og konkluderar med at dei ønskjer å gjere ordninga permanent av desse årsakene:

Fordelar:

- *Betalt matpause er eitt av fleire tiltak vi har gjennomført for å få redusert sjukefråværet i barnehagen. Sjukefråværet var i 2007 på 17,9% og i mai 2008 7,9%. Betalte pausar er ein faktor som har virka inn på resultatet i sjukefråværet.*
- *Meir sosialt enn tidlegare fordi fleire er til pause samstundes pga at alle må vera på arbeidsplassen i pausen. Dette er positivt for arbeidsmiljøet.*
- *Personalet er tilgjengeleg samanhengande i 7,5 timar . Noko som gjer at vi føler oss tryggare om der skulle oppstå ein naudsituasjon, eller der oppstår situasjonar der det er behov for fleire vaksne. For eksempel ved brann, nestenulykker eller born som søv ute som ligg rett utanfor personalrommet og dei som har pause høyrer når desse vaknar og tek seg av dei.*
- *Styrar kan diskutere eller avklare saker som vedkjem jobb sidan alle er tilgjengelege heile dagen, inkludert i pausen.*
- *Opplevast positivt av alle tilsette.*
- *Ingen utgifter for arbeidsgjevar.*
- *Vi diskuterer ofte opplevingar vi har med borna i kvardagen iløpet av pausen. Denne daglege kontakten dei vaksne imellom , utan born tilstades, styrkjer kvaliteten på det tilbodet vi gjev born og foreldre.*

Ulemper:

- *Vaktplanen vert redusert med ½ time om morgonen på seinvakta og ein ½ time på tidlegvakta om ettermiddagen. I periodar har dette vore i overkant travelt fordi ein ikkje har vore tilstrekkelig bemanning til m.a. å hente born på bussen (eit tilbod vi gjev foreldre som ikkje bringar borna sjølv om morgonen) eller til å vera ute med dei borna som ynskjer det frå morgonen av. Når bemanninga er redusert grunna kortare arbeidstid fører det til at vi får mindre moglegheit til å ta oss av borna. Frå kl. 09.00 er bemanninga optimal og borna får eit kvalitativt godt pedagogisk tilbod frå kl. 09.00 og ut dagen.*

VURDERING

Dei hovudtillitsvalte ønskjer betalt matpause for alle tilsette, og viser til at skilnadane mellom avdelingane er urettvise og urimelege. Hovudtillitsvalte formidlar at ein del av dei tilsette som ikkje har betalt matpause, ikkje har reell moglegheit for å ta fri 30 min for å avvikle matpause. Etersom arbeidsgjevar kjenner til er det tilsette i heimetenestene opplever det slik.

Arbeidsmiljølova (AML) viser til at den tida ein arbeidstakar er til disposisjon for arbeidsgjevar skal reknast som arbeidstid (definisjon frå §10-1). AML §10-9 regulerer pausar. Det er arbeidsgjevar sitt ansvar at Arbeidsmiljølova vert halde også i dette spørsmålet, og det skal verte teke i vare når ein organiserar avvikling av pausar. Under pauseavvikling skal det alltid vere bemanning i avdelinga for å syte for forsvarleg drift, både til å handtere daglegdagse- og naudsituasjonar. Ved store ulykker skal alt tilgjengeleg personale både i avdelinga og i andre avdelingar aksjonere. Arbeidsmiljølova legg føringar for kva som skal reknast som arbeidstid, og arbeidsgjevar er ukjent med at tilsette ikkje har fått tilrettelagt for å få reell fri i ubetalt matpause. Må ein arbeide i ein ubetalt matpause, er det høve til å avspasere tilsvarende tid.

For arbeidsmiljøet kan det vere positivt at tilsette er til disposisjon og tilstades samanhengande i arbeidsdagen. Effekten i høve til sjukefråver vert gjeve opp å ha sin årsak i at betalt matpause medfører kortare arbeidsdag. Det står imidlertid i motsetning til samanhengande arbeidsbelastning utan den fritid som ein ubetalt matpause gjev iløpet av arbeidsdagen. Arbeidsgjevar finn betalt matpause uaktuelt som ei ordning for å oppnå kortare arbeidsdag.

Arbeidsgjevar ser at hovudargumentasjonen som er ført for å innføre betalt matpause er knytt til at ulike ordningar opplevast som urettvist. Uro kring dette spørsmålet kan skape negative verknader i arbeidsmiljøet, spesielt dersom ein opplever seg stilt like mykje til disposisjon som personale som har betalt matpause.

Innføring av betalt matpause for alle tilsette vil ha ein kostnad på 1,9 millionar og må politisk handsamast som eit forslag for 2009-budsjettet.

Av førte argumentasjon for og mot betalt matpause finn rådmannen dei økonomiske kostnader som avgjerande. Me har ikkje eit økonomisk handlingsrom for å innføre betalt matpause for pleie/omsorg og barnehagane i dag.

Arbeidsgjevar skal ivareta arbeidsmiljølova slik at ubetalt matpause også blir faktisk fritid. Dersom arbeidet i nokre situasjonar krev at ein må arbeide inn i pausetida, vert det godtgjort gong for gong.

KONKLUSJON

Det vert ikkje gjort endringar i arbeids- og pausetida for tilsette i pleie/ omsorg og barnehagane.

----- 000 -----

HØYRING

Det er gjennomført ei kartlegging av praksis og konsekvensar slik administrasjonsutvalet tilrådde 03.12.08.

12.02.09 vart det sendt ut ei kartlegging blant leiarane for å få opplyst konsekvensar kring betalte og ubetalte matpausar. Det er motteke 7 svar: Heimetenesta Sør og Indrefjorden, Nystova, Pleie og heimetenesta Nordbygda, Sandnes skule, Nordbygda skule. Svara visar:

Ved betalt matpause:

- Kveldsvakter og helgevakter er betalt, men då er det færre på jobb og ein må vere tilgjengeleg heile tida.
- Tilsette er tilgjengeleg på telefon og tek imot brukarar. Me tek matpauser før/etter møter.
- Merkantil personale har betalt puse og tek telefonen og er alltid tilgjengeleg i pausen.
- Alle lærarar og assistentar har betalt matpause. Dei et i lag, har inspeksjon ute, tek telefonar osb. Assistentane hjelper gjerne til med funksjonshemma elevar dersom det er behov for det.
- Alle assistentar har ubetalt pause. Dette er m.a. ein konsekvens av kombinerte stillingar med barnehage, der og pausen er ubetalt. Det er definert for kvar dag kva tid assistentane skal ha pause, og dei skal då ikkje vere tilgjengeleg for arbeidsgjevar. Dei plar også å skjerme pausane sine sjølv, og er flinke til å avløyse / hjelpe kvarandre til å få pause i dei tilfelle der det oppstår noko som gjer at ein ikkje kan følgje vanleg ordning.

Lærarane, som heller ikkje har betalt pause, har som regel større fleksibilitet i sine dagar, og stiller opp i matpausen dersom det oppstår ekstra behov for det.

Lærarar og assistentar samarbeider gjerne for at alle skal få høve til å gjennomføre ein ”freda” matpause. Men når lærarane har inspeksjon, vert pausen gjerne berre 10 – 15 min. Til gjengjeld kan dei ha pausar som er opptil 40 min. einskilde andre dagar.

Ved ubetalt matpause:

Korleis vert pausene avvikla?

- Pausane vert avvikla i fellesarealet.
- Samla eller enkeltvis på pauserommet. Den einskilde står fritt til å gå heim eller utføre andre gjeremål i ½ time. Det hender me tek nista mellom to brukarar. Det er vanskeleg å fastlegge tida for pausen, då ingen dagar er like, det skjer endringar i dagens program og me må vere fleksible.
- Me prøver å dele pausen slik at dei som har pause får sitte i fred og ro. Dette går fint å organisere, men av og til ønskjer personalet å ha pause samstundes og då vil ein få avbrot i pausen. Vi har nok personale til avvikle pausen.
- Personalet deler seg og det er alltid nokon att i pausane.
- Personalet svarar på henvendingar når brukarar, pårørande eller andre kjem innom på kontoret, dersom det skjer i pausen. Dei svarar på telefonar. Når leiar er på dagvakt, tek ho telefonen for å unngå at det vert registrert avspasering. Det blir skrivne lite avspasering, sjølv om det har vore avtalen.
- Assistentane har ein halv time pause som vert avvikla på personalrommet.

Kva konsekvensar har det at pausen er ubetalt?

- Ikkje særleg. Har hatt lange dagvakter for å ei normal arbeidstid. Å kutte ein halv time på dagvakta vil ikkje gå utover tenestetilbodet. Siste halvtimen er ofte lite effektivt, då arbeidet ofte er fysisk hardt og krevjande, og personalet vert slitne på slutten av dagen. Personalet vert kanskje mindre frustrerte over forstyrringar i pausen, og meir motiverte og fleksible ved betalt pause.
- Lite struktur på avvikling av pausen. Vi veit ikkje kven som kjem inn og tek pause. Lite sosial og fremmer ikkje eit godt arbeidsmiljø. Det vert mykje gratis jobben. Me tek telefonen og ordnar opp sjølv om pausen ikkje er betalt. Frustrasjon over andre arbeidstakarar i kommunen har betalt pause.
- Har ikkje noko spesiell konsekvens for avdelinga. Personalet som har pause kan ta solarium, gå vekk frå avdelinga e.l
- Mindre personale att i avdelingane
- Det er viktig at den definerte pausen vert ein reell pause frå arbeidet, og at leiar ikkje ber om at arbeidstakar utfører arbeidsoppgåver i pausen.

Konsekvensar dersom ubetalt pause vert gjort om til betalt pause:

- Budsjettet må styrkast tilsvarande
- Arbeidstakarane må få betalt for jobben dei gjer, og dei vert meir nøgd med like forhold for alle kommunalt tilsette.
- Det vil få ein stor økonomisk konsekvens!!!! Og vil medføre at vi blir færre folk på jobb.
- Budsjettmessige konsekvensar. Lønskostnadane må aukast med minst 10 timar pr. veke (Nystova)
- Eg har ikkje rekna ut i kroner og øre kor mykje det vil koste, men med 4 assistentar tilsett, vil det føre til ein ikkje heilt ubetydeleg auke i lønskostnader.

FAKTA

§ 10-1. Definisjoner

(1) Med arbeidstid menes den tid arbeidstaker står til disposisjon for arbeidsgiver.

(2) Med arbeidsfri menes den tid arbeidstaker ikke står til disposisjon for arbeidsgiver.

§ 10-9. Pauser

(1) Arbeidstaker skal ha minst en pause dersom den daglige arbeidstiden overstiger fem og en halv time. Pausene skal til sammen være minst en halv time hvis den daglige arbeidstid er minst åtte timer. Dersom arbeidstaker ikke fritt kan forlate arbeidsplassen under pausen eller der det ikke finnes tilfredsstillende pauserom, skal pausen regnes som en del av arbeidstiden. Når forholdene gjør det nødvendig, kan pausen forskyves.

(2) Når arbeidstaker arbeider mer enn to timer etter at den alminnelige arbeidstid er avviklet, skal arbeidstaker gis en pause på minst en halv time. Pausen regnes som en del av arbeidstiden. Pause som legges etter alminnelig arbeidstids slutt, godtgjøres som overtidsarbeid, men regnes ikke med i det antall timer det er tillatt å arbeide overtid etter § 10-6. Når forholdene gjør det nødvendig, kan pausen kortes ned eller forskyves.

VURDERING

Rådmannen si vurdering av saka er mykje som sist saka var oppe i desember 2008;

Dei hovudtillitsvalte ønskjer betalt matpause for alle tilsette, og viser til at skilnadane mellom avdelingane er urettvise og urimelege. Hovudtillitsvalte formidlar at ein del av dei tilsette som ikkje har betalt matpause, ikkje har reell moglegheit for å ta fri 30 min for å avvikle matpause. Ettersom arbeidsgjevar kjenner til er det tilsette i heimetenestene opplever det slik, elles visar kartlegginga at organiseringa av pauseavviklinga går som den bør ved ubetalt pause.

Arbeidsmiljølova (AML) viser til at den tida ein arbeidstakar er til disposisjon for arbeidsgjevar skal reknast som arbeidstid (definisjon frå §10-1). AML §10-9 regulerer pausar. Det er arbeidsgjevar sitt ansvar at Arbeidsmiljølova vert halde også i dette spørsmålet, og det skal verte teke i vare når ein organiserar avvikling av pausar. Under pauseavvikling skal det alltid vere bemanning i avdelinga for å syte for forsvarleg drift, både til å handtere daglegdagse- og naudsituasjonar. Ved store ulykker skal alt tilgjengeleg personale både i avdelinga og i andre avdelingar aksjonere. Arbeidsmiljølova legg føringar for kva som skal reknast som arbeidstid, og arbeidsgjevar er ukjent med at tilsette ikkje har fått tilrettelagt for å få reell fri i ubetalt matpause. Må ein arbeide i ein ubetalt matpause, er det høve til å avspasere tilsvarende tid.

For arbeidsmiljøet kan det vere positivt at tilsette er til disposisjon og tilstades samanhengande i arbeidsdagen. Effekten i høve til sjukefråver vert gjeve opp å ha sin årsak i at betalt matpause medfører kortare arbeidsdag. Det står imidlertid i motsetning til samanhengande arbeidsbelastning utan den fritid som ein ubetalt matpause gjev i løpet av arbeidsdagen. Arbeidsgjevar finn betalt matpause uaktuelt som ei ordning for å oppnå kortare arbeidsdag.

Arbeidsgjevar ser at hovudargumentasjonen som er ført for å innføre betalt matpause er knytt til at ulike ordningar opplevast som urettvist. Uro kring dette spørsmålet kan skape negative verknader i arbeidsmiljøet, spesielt dersom ein må bryte av ubetalte pausar.

Innføring av betalt matpause for alle tilsette vil ha ein kostnad på 1,9 millionar og om det er mogleg vil det måtte betalast med mindre bemanning. Det samla kommunebudsjettet har lite rom for 1.9 millionar ekstra, og saka må politisk handsamast i lag med budsjettet for øvrig.

Av førte argumentasjon for og mot betalt matpause finn rådmannen dei økonomiske kostnader som avgjerande. Me har ikkje eit økonomisk handlingsrom for å innføre betalt matpause for pleie/omsorg og barnehagane i dag. Det bør imidlertid vere likt for samanliknbare arbeidsplassar slik at assistentane ved Nordbygda får betalt pause som assistentane ved Sandnes, eller alle får ubetalt.

Arbeidsgjevar skal ivareta arbeidsmiljølova slik at ubetalt matpause også blir faktisk fritid. Dersom arbeidet i nokre situasjonar krev at ein må arbeide i ein utbetalt pause, skal det verte godtgjort etter gjeldande reglar gong for gong.

KONKLUSJON

Pause- og arbeidstid for tilsette i Masfjorden kommune vert av økonomiske årsaker ikkje endra. Unntaket er for assistentane i skulen der ein har ulike ordningar i dag.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	09.06.2009	046/09	Frode Vee-Haugen
Kommunestyret	18.06.2009	051/09	Frode Vee-Haugen

Arkiv: N-614	Arkivsaknr.: 09/380
--------------	---------------------

SAK - SØKNAD OM SERVERINGS- OG SKJENKELØYVE FOR FRED SOM KAFE OG PUB

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nytt serverings- og skjenkeløyve vert tildelt løyvehavar:
Fredsom Kafe og Pub v/Somri Fredheim, 5986 Hosteland
2. Svein Bjarte Fredheim godkjend som styrar for serverings- og skjenkestaden.
Fredsom Kafe og Pub får fritak for krav til avlørsar.
3. Servering- og skjenkeløyvet omfattar eksisterande lokale/uteareal til Møteplassen Kafe og Pub:
- Hovudlokale i 1. etasje samt uteområdet med avmerka område i inngjerda og skjerma hage.
4. Skjenkeløyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.

Serveringsløyvet er permanent frå dags dato, medan skjenkeløyvet gjeld frå og med 20.06.2009 til og med 31.03.2012 jfr. alkohollova § 1-7.

Finansiering

Heimel

Serveringslova og alkohollova med forskrifter

Utskrift til:

Utskrift vert sendt:

Berit H. Kongestøl Taule

Lensmannen i Masfjorden

Nav Masfjorden - sosialtenesta v/Berit Torsvik

Rune Lindnes

5936 MANGER

5986 HOSTELAND

5986 HOSTELAND

5957 MYKING

FS-046/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- 1a) Nytt serveringsløyve vert tildelt løyvehavar Fredsom Kafe og Pub v/Somri Fredeheim, 5306 Erdal.
- 1b) Nytt skjenkeløyve vert tildelt løyvehavar:
Fredsom Kafe og Pub v/Somri Fredheim, 5306 Erdal.
2. Svein Bjarte Fredheim godkjend som styrar for serverings- og skjenkestaden.
Fredsom Kafe og Pub får fritak for krav til avlørsar.
3. Servering- og skjenkeløyvet omfattar eksisterande lokale/uteareal til Møteplassen Kafe og Pub:
- Hovudlokale i 1. etasje samt uteområdet med avmerka område i inngjerda og skjerma hage.
4. Skjenkeløyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.

Serveringsløyvet er permanent frå dags dato, medan skjenkeløyvet gjeld frå og med 20.06.2009 til og med 31.03.2012 jfr. alkohollova § 1-7.

Finansiering**Heimel**

Serveringslova og alkohollova med forskrifter

Det skjedde i Formannskapet den 09.06.2009:

Dina Dyrhovden sa seg ugild i denne saka sidan ho arbeider i NAV og har levert uttale i saka.

Dyrhovden vart samrøystes kjent ugild.

Kari Skår Sørheim, KrF, sa pkt ein så burde serveringsløyve vore eit punkt og skjenkeløyve eit punkt då det er to ulike ting.

Rådmannen gjorde framlegg om at ein endra på dette og delte det opp i to punkt.

Pkt 1 a vert serveringsløyve og pkt 1 b vert skjenkeløyve.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over pkt 1 a

Pkt 1 a vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over pkt 1 b.

Pkt 1 b vart vedteke med 4 mot 1 røyst. (KrF)

Pkt 2-6 vart samrøystes vedteke.

KS-051/09 VEDTAK:

- 1a) Nytt serveringsløyve vert tildelt løyvehavar Fredsom Kafe og Pub v/Somri Fredeheim, 5306 Erdal.
- 1b) Nytt skjenkeløyve vert tildelt løyvehavar:
Fredsom Kafe og Pub v/Somri Fredheim, 5306 Erdal.
2. Svein Bjarte Fredheim vert godkjend som styrar for serverings- og skjenkestaden.
Fredsom Kafe og Pub får fritak for krav til avløysar.
3. Servering- og skjenkeløyvet omfattar eksisterande lokale/uteareal til Møteplassen Kafe og Pub:
- Hovudlokale i 1. etasje samt uteområdet med avmerka område i inngjerda og skjerma hage.
4. Skjenkeløyvet gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.

Serveringsløyvet er permanent frå dags dato, medan skjenkeløyvet gjeld frå og med 20.06.2009 til og med 31.03.2012 jfr. alkohollova § 1-7.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Wenche Fredheim Ekren sa seg ugild i saka sidan ho er søster til søkjar. Det var samrøystes vedteke at ho var ugild og Ekren gjekk frå bordet.

Dina Dyrhovden ba kommunestyret vurdere om ho var ugild i denne saka sidan ho arbeider i NAV og har levert uttale i saka. Dyrhovden vart samrøystes kjent ugild og ho gjekk frå bordet..

Ordførar orienterte kort om saka.

Røysting:

Det vart først røysta over pkt 1a. Dette vart samrøystes vedteke

Det vart så røysta over pkt 1b. Dette vart vedteke mot to røyster (KrF)

Det vart så røysta over pkt 2 – 6. Desse pkt vart samrøystes vedteke.

Dyrhovden og Ekren tok plass i møtet att.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	28.05.2009	Somsri Fredheim	Søknad om serverings- og skjenkeløyve for Fredsom Kafe & Pub på Sandnes
2	U	02.06.2009	Lensmannen i Masfjorden; Skatteoppkrevjaren i Masfjorden; Nav Masfjorden - sosialtenesta	Uttale til søknad om serverings- og skjenkeløyve for Fredsom Kafe og Pub
6	I	02.06.2009	NAV sosialtenesta v/Dina Dyrhovden	Uttale til søknad om skjenkeløyve for Fredsom kafe og pub
4	I	03.06.2009 10:58:00	Berit M Sandnes Torsvik	Uttale skjenkeløyve
3	I	29.06.2009	Lensmannen i Masfjorden	Uttale til søknad om serverings- og skjenkeløyve for Fredsom Kafe og Pub

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Fredsom Kafe og Pub ved Somsri Fredheim søker om overføring av eksisterande serverings- og skjenkeløyve til Møteplassen Kafe og Pub ved Anita Tepstad.

Eksisterande løyveperiode for alle skjenkestader gjeld fram til og med 31.03.08.

UTTALE

Lensmannen har i brev datert 29.05.09 gjeve slik uttale:

”Lensmannen har ingen merknader til at eksisterande serverings- og skjenkeløyve vert overtatt av søkjar.”

Sosialtenesta har i brev datert 02.06.09 gjeve slik uttale:

”Fredsom Kafe og Pub søkjer om å overta eksisterande skjenkeløyve for Møteplassen Kafe og Pub for løyveperioden fram til 31.03.2012.

I 2008 søkte Møteplassen Kafe og Pub om skjenkeløyve fram til 31.03.2012. I uttale den gong tilrådte ikkje sosialtenesta å tildela skjenkeløyve, jf uttale i brev av 27.03.08.

Masfjorden sosialteneste legg her til grunn dei same kriteriane som då.

Masfjorden sosialteneste kan, utifrå sosiale og helsemessige tilhøve, jf alkoholpolitisk handlingsplan for Masfjorden, sist revidert 13.05.04, ikkje tilrå at søkjarane får overta eksisterande skjenkeløyve.

Alkoholpolitisk handlingsplan har som målsetjing å avgrensa skader som alkoholforbruk kan innebera for samfunnet og enkeltindivid i kommunen og redusera alkoholforbruken i tråd med nasjonal målsetjing. Det skal òg leggjast til rette for å gjera born og unge sine opphaldstader og nærområder alkoholfrie, jf pkt 1 og 1.3 i handlingsplanen.”

FAKTA

Somsri Fredheim søker om å overta eksisterande serverings- og skjenkeløyve til Møteplassen Kafe og Pub v/Anita Tepstad: Alle dagar frå kl. 13.00 – kl. 01.00, ikkje alkoholgruppe 3. Slutta lag: Frå kl. 13.00 – kl. 02.00, utvida for alkoholgruppe 1, 2 og 3.

Sidan det er snakk om overdraging av verksemda til Somsri Fredheim frå og med 01.06.2009 kan ho halda fram på Anita Tepstad sitt skjenkeløyve inntil tre månader, når kommunen er orientert om dette, jfr. alkohollova § 1-10.

Område for eksisterande serverings- skjenkeløyve:

- Hovudlokale 1. etasje samt to mindre tilstøytande rom m/inngang til hovudlokalet
- Uteområdet med avmerka område i inngjerda og skjerma hage.

For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:

- Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
- Det er eit vilkår at det vert matsservering i både pubdel og kafeteriadel av lokala.

Svein Bjarte Fredheim er sett opp som styrar for Fredsom Kafe og Pub. Han har gjennomført og greidd etableringsprøven og kunnskapsprøven om alkohollova den 28.05.2009. Dei søker om unntak for krav om avløyser. Det er levert inn skatteattest og firmaattest for Somri Fredheim som er i orden.

Ved overdraging av verksemda kan ny eigar driva vidare på den gamle eigaren sitt løyve i ein overgangsperiode på 3 mnd. Om søknaden ikkje er endeleg avgjort kan kommunen utvida til 4 mnd jf. alkohollova § 1-10.

VURDERING

Rådmannen har til no ikkje motteke kontrollrapportar eller klager av nokon art som tyder på at reglane i alkohollova med forskrifter ikkje har vore følgt for serverings- og skjenkestaden som ho no vil overta. Erfaringane med dei etablerte løyva så langt har vore gode.

Lenmannen og skatteoppkrevjaren har ingen merknader til at aktuelle søkarar får overta serverings- og skjenkeløyvet.

Ved oppattnying av dei eksisterande skjenkeløyva, kom rådmannen fram til at ingen av skjenkestadene var typiske nærrområder for barn og ungdom, slik dei no er definert i alkoholpolitisk handlingsplan pkt. 1.3: ”Opphaldsstader og nærrområder for born og unge er definert som samlingsstader som vert brukt til lek, aktivitetar i skule og/eller fritid.

Prinsippet om likebehandling av skjenkesøknader må stå sterkt, det same gjeld behovet for harmonisering av dei lokale skjenkevilkåra.

Det skal sterke grunnar for å ha vesentleg ulike opningstider mellom skjenkestadene eller aldersgrense for nokon men ikkje for andre. Argumentasjonen for at nokre av skjenkestadane er meir opphaldsstader for barn og ungdom enn andre må vera sterk. Både barnehage og skule ligg eit godt stykke unna skjenkestaden.

Alle skjenkestadene er i større eller mindre grad ein del av det totale reiselivsproduksjonen i kommunen sjølv om ikkje alle har overnattingstilbod, sjå også pkt. 5 i alkoholpolitisk handlingsplan.

Etter ei samla vurdering vil rådmannen gå inn for at Somri Fredheim får overta eksisterande serverings- og skjenkeløyve til Møteplasen Kafe og Pub v/Anita Tepstad i samsvar med reglane for opningstider i alkoholpolitisk handlingsplan. Innan for dette tidsrommet kan den enkelte verksemd sjølv avgjera skjenketidene. Som ein konsekvens av dette må reglane i

alkoholova handhevast strengt. Det vert ikkje sett aldersgrense for adgang til lokalet, da dette kan virka urimeleg for familiar og barn og ungdom som ynskjer å kjøpa mat på dagtid.

Dei etablerte skjenkestadene har utvida løyve i samband med lukka einskildarrangement eller såkalla slutta lag. Rådmannen går inn for at dette også skal gjelda for Fredsom Kafe og Pub.

Styrar for skjenkestaden har dokumentert gode kunnskapar om serveringsverksemd og alkoholova sine reglar, ved at han har greidd kunnskapsprøvene som kommunen har halde.

KONKLUSJON

Det vert gjeve skjenkeløyve for øl og vin frå kl 13.00 til 01.00 alle dagar.

Det vert gjeve uteservering og skjenking på eit nærmare definert område.

Alle skjenkestadene får utvida løyve for slutta lag for alkoholgruppe 1, 2 og 3 frå kl. 13.00 til kl. 02.00.

Løyvet gjeld for perioden 20.06.2009 til 31.03.12.

Svein Bjarte Fredheim vert godkjend som styrar.

ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR MASFJORDEN KOMMUNE

PERIODEN 2008 – 2012

(Vedteken i kommunestyret den 22.04.2008)

1. MÅLSETJING

Planen har som målsetjing å avgrensa dei skadar som alkoholforbruk kan innebere for samfunnet og enkeltindivid i Masfjorden kommune, og redusera alkoholbruken i tråd med nasjonal målsetjing.

Førebyggjing:

- 1.1 Foreldre/føresette og andre vaksne i leiarroller knytt opp mot born og ungdom, må med haldning til bruk av alkohol, gå føre med godt føredøme.
- 1.2 Opplysnings- og haldningsskapande tiltak om alkoholforbruk skal stå sentralt i Masfjorden sin alkoholpolitikk. Det skal arbeidast aktivt med førebyggjande tiltak i samarbeid med/mellom foreldre/føresette, skule, lag/organisasjonar og politi.
- 1.3 Det skal leggjast til rette for å gjera born og unge sine opphaldsstader og nærområder alkoholfrie.
- 1.4 Opphaldstader og nærområder for born og unge er definert som samlingsstader som vert brukt til lek, aktivitetar i skule og/eller fritid.
- 1.5 Masfjorden kommune er ”Samarbeidskommune med MOT”, ei ideell og landsomfattande stifting. MOT skapar varmare og tryggare oppvekstmiljø gjennom å styrke menneska sitt MOT til å ta vare på seg sjølve og kvarandre.
- 1.6 Masfjorden kommune gjev støtte til sertifikat for ungdom som går på haldningsskapande kurs

2. TILTAK.

- 2.1 Alkoholpolitisk handlingsplan skal reviderast minimum ein gong i kommunestyrebolken
- 2.2 Avgifter som vert betalt til kommunen for alkoholomsetning, skal øyremerkast til haldningsskapande arbeid.
- 2.3 Avgift for sal- og skjenkeløyve er regulert i forskriftene til den nye alkohollova gjeldande frå 01.01.98. Løyvegebyret vert rekna for kvar vareliter med minstesatsar for sal og skjenking.
- 2.4 Kontrollutvalet for sal- og skjenkestader vert lagt til formannskapet.
- 2.5 Salsløyve for alkohol i alkoholgruppe 1, kan berre gjevast til daglegvarebutikkar.
- 2.6 Kommunen kan stilla som vilkår at ein skjenkestad skal ha 18 års aldersgrense der dette kan avgrensa tilgjenge til alkohol og gje betre kontroll med gjennomføringa av skjenkeløyve, jf alkohollova § 4-3.

3. SKJENKELOYVE

- 3.1 Skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 vert berre gjeve til kafear/serveringsstader som gjev allsidig mattilbod. Skjenkeløyve for alkoholgruppe 3 vert berre gjeve til overnattingsverksemder.
- 3.2 Når det gjeld lukka einskildarrangement kan alle skjenkestader få løyve til skjenking av alkoholgruppe 3. Dette må gjelde ein førehandsbestemt krets av personar, herunder julebord og høgtidsarrangement i påsken.
- 3.3 Rådmannen får fullmakt til å gje skjenkeløyve for øl, vin og brennevin:
 - i einskildhøve til slutta lag (ambulerande skjenkeløyve), jfr. alkohollova § 4-5
 - i einskildhøve i samband med arrangement, jfr. alkohollova § 1-6, 3. ledd.Slike løyver vert gjort med heimel i delegeringsreglementet pkt I.

3.4 Skjenkeløyver etter fullmakt frå rådmannen må skje innanfor tidsrommet frå kl 13.00 til kl 03.00 dagen etter.

4. SALS- OG SKJENKETIDER

4.1 For sal i alkoholgruppe 1:	Kvardagar	kl 09.00 – 20.00
	Dagar før helgedagar	kl 09.00 – 18.00
For skjenking gruppe 1 og 2:		kl 13.00 – 01.00
Lukka arrangement gruppe 1, 2 og 3		kl 17.00 – 02.00

5. TILHØVE TIL ANDRE PLANAR

5.1 Skjenkeløyve må vurderast opp mot strategisk næringsplan sin handlingsplan, der tiltak er å utvikla reiselivsprodukt.

6. INNDRAGING AV LØYVE

Brot på alkohollova bør etter skjøn gje reaksjonar etter følgjande retningslinjer:

- 6.1 Fyrste gong alkohollova vert brote skal det bli reagert med skriftleg åtvaring dersom brotet ikkje er særskild alvorleg.
- 6.2 Ved nytt brot på alkohollova, etter at skriftleg åtvaring er gjeve, skal ein til vanleg inndra skjenke- eller salsløyve for kortare eller lenger tid. For kvar gong det vert reagert mot same løyvehavar bør reaksjonen bli strengare.
- 6.3 Ved særskild grovt brot på alkohollova fyrste gong, kan det bli reagert med inndraging av skjenke- eller salsløyve for kortare eller lenger tid.
Brot på føresegnene om alder, og sal/skjenking til tydeleg rusa personar, vert normalt sett på som grovt.

Dersom oppgåve over omsetnad ikkje er levert innan fristen, eller sals- eller skjenkeavgifta ikkje er betalt i tide og etter purring, har rådmannen fullmakt til å inndra løyvet til oppgåva er levert eller avgifta er betalt.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	09.06.2009	042/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	18.06.2009	052/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-033	Arkivsaknr.: 09/377
--------------	---------------------

SAK 052/09 - NY PLAN- OG BYGNINGSLOV. FØREBELS ENDRING AV DELEGASJONSREGLEMENT OG GEBYRREGULATIV

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Dersom planlovdelen i den nye plan- og bygningslova blir sett i kraft før resten av lova, vedtek kommunestyret at:

1. nåverande lovbestemte planutval blir oppretthalde med tilsvarande mandat og fullmakter som utvalet har etter gjeldande lov. Det same gjeld tilsvarande fullmakter som er gitt til administrasjonen
2. pkt. C.2 i gjeldande gebyrregulativ for plan og bygningslova skal og gjelda for tilsvarande saker i planlovdelen i den nye plan- og bygningslova

Finansiering: Ingen kostnad

Heimel: kommunelova

Utskrift til:

FUP-042/09 UTTALE TIL KOMMUNESTYRET:

Dersom planlovdelen i den nye plan- og bygningslova blir sett i kraft før resten av lova, vedtek kommunestyret at:

1. noverande lovbestemte planutval blir oppretthalde med tilsvarande mandat og fullmakter som utvalet har etter gjeldande lov. Det same gjeld tilsvarande fullmakter som er gitt til administrasjonen
2. pkt. C.2 i gjeldande gebyrregulativ for plan og bygningslova skal og gjelda for tilsvarande saker i planlovdelen i den nye plan- og bygningslova

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 09.06.2009:

Ordførar orienterte og saka vart drøfta

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KS-052/09 VEDTAK I KOMMUNESTYRET :

Dersom planlovdelen i den nye plan- og bygningslova blir sett i kraft før resten av lova, vedtek kommunestyret at:

1. noverande lovbestemte planutval blir oppretthalde med tilsvarande mandat og fullmakter som utvalet har etter gjeldande lov. Det same gjeld tilsvarande fullmakter som er gitt til administrasjonen
2. pkt. C.2 i gjeldande gebyrregulativ for plan og bygningslova skal og gjelda for tilsvarande saker i planlovdelen i den nye plan- og bygningslova

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Ordførar orienterte kort om saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det er vedteke og sanksjonert ny plan- og bygningslov (planlovdelen 27.06.2008 og byggesaksdelen 08.05.2009). Miljøverndepartementet, som har lovansvaret for planlovdelen, har meldt frå at dei ønskjer å setta planlovdelen i verk frå 1.juli i år.

Regionrådet Nordhordland IKS har i sitt høyringssvar 11.05.2009 på eitt av utkasta til forskrift til §§ 2-1 og 2-2 i den nye lova, instendig bede om utsetting av iverksettingstidspunktet og at iverksetting skjer til same tid for heile lova. Dette er grunnitt m.a. med

- at ei samla iverksetting er mest rasjonelt,
- at det ikkje er påpeikt grunnar som tilseier delt iverksetting,
- at det manglar forskrifter til fleire av forskriftsheimlane i lova (behovet er påpeikt),
- at systemleverandørar manglar nødvendige spesifikasjonar for å tilpassa saksystema til det nye regelverket,
- at kommunane treng tid til å tilpassa sin organisasjon og styringssystem til regelverket i den nye lova og å fremja turvande revisjon av gjeldande delegasjonsreglement og gebyrregulativ.

I og med at regelverket ennå ikkje er på plass, må kommunen etablere ein del improviserte løysingar dersom Miljøverndepartementet, trass regionens og mange andre sine oppfordringar om utsett iverksetting, vedtek iverksetting første juli i år. Dette gjeld m.a. delegasjonar og gebyr

FAKTA

I gjeldande plan- og bygningslov er lovfest at kommunane skal ha eit **planutval** og lova har klare reglar om kompetansen til dette (kva saker etter lova som er lagt til planutvalet å ta avgjerd i.)

Den nye lova har ikkje reglar om planutval. Derimot har lova klare reglar om at kommunestyret kan delegere ei lang rad saker (nærare spesifisert i lova sine paragrafar) og at det er kommunelova sine reglar for organisering og delegering som skal nyttast.

Etter den nye lova har kommunestyret stort sett kompetanse til å delegere same type eller tilsvarende type saker i den nye lova som den delegering som etter dagens lov er gitt til det lovfeste planutvalet og til administrasjonen.

Etter kommunelova kan kommunestyret oppretta eit planutval frå den tid den nye plan- og bygningslova blir sett i kraft og med tilsvarende fullmakter som dagens planutval har.

VURDERING

Dersom plandelen av den nye plan- og bygningslova blir sett i kraft 1. juli, vil forvaltinga av lova, bli svært problemfylt dersom kommunestyret ikkje innan den tid har gjort turvande delegeringsvedtak. I og med at det regelverket som då skal ta til å gjelda, ennå ikkje er klart, må delegeringsvedtaket vera ein mellombels delegering. Den enklaste løysinga vil vera at kommunestyret vedtek å oppretthalda nåverande planutval med same mandat og fullmakter som etter dagens lov og at gjeldande fullmaktstilhøve for administrasjonen blir vidareført.

For saker som etter overgangsreglane i ny lov skal slutførast etter gjeldande lov, er det ingen grunn til å gjera endringar i gjeldande delegeringsreglement.

Av overgangsreglane i den nye lova (§ 34-2) går det fram at ”*Kommunale forskrifter og vedtekter gjelder inntil de erstattes av nye.*” Dilemma er at i gjeldande gebyrregulativ er reglane knytt til §§ i gjeldande lov. Tilsvarende oppgåver har andre §-nummer i den nye lova.

Iverksetting av den nye lova krev derfor oppfølgjande endring av kommunen si gebyrforskrift for det som gjeld planlovdelen (pkt C.2 i regulativet).

Her er ein i same situasjon som for delegering at ein nå må finna ei førebels tilpassing til den nye lova. Dette kan gjerast ved at kommunestyret gjer følgjande vedtak: pkt. C.2 i gjeldande gebyrregulativ for plan og bygningslova skal og gjelda for tilsvarende saker i planlovdelen i den nye plan- og bygningslova.

Ved den nye plan- og bygningslova blir kommunen tillagt ein del nye oppgåver samstundes med til dels store utvidingar og auka kvalitetskrav til kommunen sine forvaltingsoppgåver etter lova. Rådmannen vil i seinare saker orientera om endringane og konsekvensane av lovendringa.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at kommunestyret fattar følgjande vedtak:

Dersom planlovdelen i den nye plan- og bygningslova blir sett i kraft før resten av lova, vedtek kommunestyret at:

1. nåverande lovbestemte planutval blir oppretthalde med tilsvarende mandat og fullmakter som utvalet har etter gjeldande lov. Det same gjeld tilsvarende fullmakter som er gitt til administrasjonen
2. pkt. C.2 i gjeldande gebyrregulativ for plan og bygningslova skal og gjelda for tilsvarende saker i planlovdelen i den nye plan- og bygningslova

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	09.06.2009	043/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	18.06.2009	053/09	Kjersti Furnes Soltvedt

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 07/437
---------------------	---------------------

SAK 053/09 - REGULERINGSPLAN - EINESTRAND BUSTADFELT - MINDRE ENDRING AV REGULERINGSPLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 27-2 vert mindre endring av reguleringsplan for Einestrand bustadfelt godkjent slik han ligg føre.

Finansiering: Ingen kostnad utover driftsbudsjettet

Heimel: Plan- og bygningslova

Utskrift til: Høyringspartane

FUP-043/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert mindre endringa av reguleringsplan for Einestrand bustadfelt godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 09.06.2009:

Ordførar orienterte og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-053/09 VEDTAK I KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 27-2 vert mindre endringa av reguleringsplan for Einestrand bustadfelt godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Ordførar orienterte og saka vart drøfta. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
38	U	09.03.2009	Miljøvernadv Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; Statens vegvesen Region vest; Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS; Harriet og Olav Einestrånd; Jon Egil Einestrånd; Kystverket; Siri Hindenes og Terje Torsvik; Fiskeridirektoratet Region Vest; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; Adv Rasmussen & Broch; Mattilsynet Hordland	Melding om politisk vedtak - Reguleringsplan - Einestrånd bustadfelt
39	I	09.03.2009	Jon Egil Einestrånd	Spørsmål til vedteken reguleringsplan
40	I	11.03.2009	NGIR	Merknader til reguleringsplan Einestrånd
41	I	20.03.2009	Fiskeridirektoratet Region Vest	Reguleringsplanarbeid - motsegn trekkes
43	I	04.06.2009	Region Vest Statens vegvesen	Oppsummering av møte mellom Masfjorden kommune og Statens vegvesen

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Reguleringsplanen for Einestrånd vart vedteken i kommunestyret den 03.02.2009 som sak 004/09. Fiskeridirektoratet har trekt motsegna frå høyringsfasen i brev dagsett 20.03.2009. Fylkesmannen har ikkje trekt motsegna i eige brev men har munnleg sagt at motsegna kan reknast som trekt. Varsla motsegn frå vegvesenet vart teke til følgje i kommunen sitt siste vedtak.

Kommunen vart kontakta av grunneigar etter at vedtaket vart fatta. Grunneigar hadde ikkje vore med i siste del av prosessen med reguleringsplanen, og var ikkje samd i vegutforminga og ba om ei reguleringsending.

HØYRING

Saka har ikkje vore på ordinær høyring i denne omgang; berre drøfta i møte med representantar for miljøvernavinga hjå fylkesmannen og vegvesenet i to separate møter.


FAKTA

Kommunen var på møte med representantar for vegvesenet den 19.05.2009 og det var synfaring med grunneigarane, representant frå vegvesenet og kommunen den 29.05.2009. På synfaringa vart ein eining i kor avkjørslane skulle vere og det vart konstatert at det var teknisk mogleg å etablerer avkjørslar som stetta krava til blant anna siktsone på dei aktuelle stadane.

VURDERING



Utsnitt frå reguleringsplan vedteken 03.02.2009



Utsnitt frå framlegg til endring av reguleringsplan

Det er i hovudsak vegframføringa inn i og gjennom feltene som er endra frå gjeldande plan. Denne endringa har ført med seg endring i tomteavgrensing for dei fleste tomtene. Tomt nr 5 i felt B1 er gått ut. Avkjørslane er dimensjonert for lastebil og siktsonene er teikna inn etter krav frå vegvesenet i brev dagsett 19.05.2009. Det er sett av nok areal til at bossbilen kan snu innafør regulert område.

Rådmannen har forståing for argumentasjonen om at ein ikkje ønskjer veg på ”alle” sider av tomta og meiner at det er ei god løysing å legge tilkomstvegen i feltet parallelt med rv 570. Endringa fører og til at dei fleste tekniske inngrep vert trekt lenger opp frå strandlina, noko som og i er trå med fylkesmannen sine synspunkt i meklingsmøte i februar.

KONKLUSJON

Rådmannen meiner at no er alle parter enige i vegframføring inn i og gjennom reguleringsplanen for Einestrand bustadfelt, og rår kommunestyret til å godkjenne endring av reguleringsplanen slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	09.06.2009	051/09	Kjersti Furnes Soltvedt
Kommunestyret	18.06.2009	054/09	Tore Svendsen

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 08/243
---------------------	---------------------

SAK 054/09 - REGULERINGSPLAN KJEKALLEN UTLEIGEHYTTER - GNR 60/4 - 2. GONGS HANDSAMING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 27-2 godkjenner Masfjorden kommune reguleringsplan for Kjekallen utleigehytter med føresegner slik han ligg føre.

Reguleringsplanen vert kunngjort når motsegna er trekt.

Heimel: Plan- og bygningslova

Utskrift til: Høyringspartane

FUP-051/09 VEDTAK / TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av § 27-2 godkjenner Masfjorden kommune reguleringsplan for Kjekallen utleigehytter med føresegner slik han ligg føre.

Reguleringsplanen vert kunngjort når motsegna er trekt.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 09.06.2009:

Ordførar orienterte og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-054/09 VEDTAK:

I medhald av § 27-2 godkjenner Masfjorden kommune reguleringsplan for Kjekallen utleigehytter med føresegner slik han ligg føre.

Reguleringsplanen vert kunngjort når motsegna er trekt.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Ordførar orineterte kort om saka. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	22.12.2007	Hordaland fylkeskommune	Kjekallen gnr 60/4 - Varsel om oppstart av reguleringsarbeid
1	I	18.03.2008	Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS	Søknad om godkjenning av reguleringsplan - gnr 60/4 - Kjekallen - Utleiehytter
4	U	25.04.2008	Arkitekt Knut Willie Jacobsen	Melding om vedtak - Reguleringsplan Kjekallen - Gnr 60/4 - Utleiehytter
5	I	14.05.2008	Ark Knut Willie Jacobsen	Reguleringsplan - plankart 10 eks
6	U	19.05.2008	Lokalavisen	Annonse, offentlig ettersyn
7	U	20.05.2008	navn	Reguleringsplan Kjekallen - gnr 60/4 - utleiehytter
9	I	02.06.2008	Statens vegvesen	Uttale til reguleringsplan Kjekallen Utleiehytter - off. ettersyn
8	U	06.06.2008	nn	Reguleringsplan Kjekallen - gnr 60/4 - utleiehytter
10	I	11.06.2008	Kystverket Vest	Uttale til reguleringsplan Kjekallen
11	I	24.06.2008	Strateg- og næringsavd Hordaland fylkeskommune	Fråsegn otil offentlig ettersyn av reguleringsplan
12	I	27.06.2008	Miljøvernadv Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for gnr 60/4
13	U	29.08.2008	Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS	Vedk uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for gnr 60/4 - Fylkesmannen i Hordaland
15	U	01.04.2009	nn	Reguleringsføresegner gnr. 60, bnr. 4 - Kjekallen utleiehytter
16	U	21.04.2009	Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS	Gjeld framdrift for reguleringsplan for Kjekallen - utleiehytter

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Saka gjeld utarbeiding av privat reguleringsplan for område sett av til utleiehytter i kommuneplanen. Planoppstart har vore i samsvar med pbl. § 30, jmf. § 27-1. Innkomne merknader er av planutarbeidar teke omsyn til så langt som han har sett dette som teneleg.

Framlegg til reguleringsplan med føresegner vart godkjent lagt ut til offentlig ettersyn 15.04.2008 i sak nr. 017/08 i Fast utval for plansaker.

HØYRING

Reguleringsplanen har lagt ute til offentlig ettersyn frå 20.05.08 -14.06.08

UTTALE

Fylkesmannen i Hordaland:

Fylkesmannen viser til kommuneplanen der det regulerte området er satt av til camping/utleiehytter/service vist med blått. I reguleringsplanen er området sett av til hytter vist med oransje farge. Framlegget er såleis i strid med overordna plan. Fylkesmannen fremjar **motsegn** til dette. Ein paragraf om at utleigebustadene ikkje kan delast i frå må leggjast inn i føresegnene.

Fritidsbustad nr. 5 er teikna inn mindre enn 15 meter frå strandsona. Fylkesmannen fremjar **motsegn** til dette.

Kommunen bør vurdere å krevje klårare føresegner til estetisk utforming av bygg samt om dei strandnære areala mellom/framfor hyttene kan gjevast eit arealformål som sikrar allmenn tilgong.

Rådmannen sin kommentar:

Fargebruken i arealkartet er retta opp i reguleringsplankartet og er no i samsvar med arealdelen til kommuneplanen. Fritidsbustad nr. 5 er trekt 15 meter frå strandsona og rådmannen meier at ein slik har møtt motsegna frå fylkesmannen. Klårare føresegner til estetisk utforming av bygg er tatt inn i føresegnene.

Hordaland fylkeskommune:

Ingen vesentlige merknader.

Kystverket:

Kystverket gjer merksam på at tiltak i sjø så som kaier, flytebryggjer, utfyllingar, sjøleidningar m.m. krev løyve av hamnemyndigheita i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova. Opplysningar om dette må takast inn i reguleringsføresegnene.

Rådmannen sin kommentar:

Merknadene frå kystverket er innarbeidd i føresegnene.

Statens vegvesen:

Byggegrense på 50 meter skal teiknast inn på føremål avsett til bygging. Før det vert gjeve bruksløyve for hyttene må avkøyringa utbetrast i samsvar med tekniske krav. Dette må takast inn i føresegnene og reknast som eit rekkjefølgjekrav til reguleringsplanen.

Rådmannen sin kommentar:

I dialog med utbyggjar og etter synfaring med vegvesenet har ein kome fram til ei løysing som er innarbeidd i reguleringsplankartet. Merknadane som gjeld avkøyrsla er innarbeidd i føresegnene.


FAKTA

Reguleringsområdet er på om lag 17 daa og ligg innafor funksjonell strandsona. Formålet med planarbeidet er å regulere for utleiehytter / camping, trafikkområde, friluftsområde, båtfeste og område for båtlagring.

VURDERING


Rådmannen ser at det er viktig at det vert nytta riktig fargebruk i plankartet. Område for utleiehytter er no merka med rosa - "anna byggeområde". Denne koden kan forvekslast med fargebruk for naust. Det er her meir riktig å merke området med blått (område for herbergerar og bevertningsstader) slik Fylkesmannen påpeiker. I vegleiar til plan og kart etter plan- og bygningslova, er hytteanlegg for utleige lagt inn i denne kategorien.

Friluftsområde på land er et delformål etter pbl § 25. Områda skal brukast av ålmenta til friluftsliv og friluftinteresser. Dette bør då takast med i føresegna under friluftsområde.



I dialog med utbygger og kommunen vart ein samde om at utleiehytte 7 og 8 skulle takast ut av planen sidan dei begge låg innafor byggegrensa på 50 meter frå riksveg. Utbygger ønskja seg i staden oppstillingsplass for bubil det hyttene var tenkt. Etter synfaring med vegvesenet den 29.05.2009 vart ein enig om å legge til rette for camping (oppstillingsplass for bubil) på staden der utleiehytte 7 var tenkt og la utleiehytte 8 gå ut av planen i denne omgang. Når planane for utbetring av rv 570 var ferdige, kunne ein vurdere om område for camping kunne utvidast.

Utsnitt av reguleringsplankart slik det vart lagt ut til offentlig høyring



Utsnitt frå reguleringsplankartet slik det no ligg føre

Rådmannen har i sin etterarbeiding av reguleringsplankartet gått vekk i får å vise plassering av utleiehyttene med sirkelpunkt ettersom dette fleire gonger kom i konflikt med byggegrensene. No er nye utleiehyttene plassert i samsvar med innmålte punkt. Rådmannen har og tilpassa reguleringsplangrensene til eigedomsgrensene.

KONKLUSJON

Rådmannen meiner at ein no har møtt dei motsegnene som vart fremja mot planen og rår til at reguleringsplan utleiehytter Kjekallen vert vedteke slik han ligg føre.

Før planen vert gjort gjeldande, må Fylkesmannen trekkje sine motsegn til planen skriftleg. Det vert derfor satt inn som eit vilkår i vedtaket.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	18.05.2009	029/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	18.06.2009	055/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504	Arkivsaknr.: 09/226
--------------	---------------------

SAK 055/09 - REGULERINGSENDRING DUESUNDØY - MINDRE ENDRING I REGULERINGSFØRESEGNENE OG -KART

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av pbl § 27-1 pkt 2 vert reguleringsendringa for Duesundøy godkjent slik dei ligg føre.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:

Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvernavdelinga	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Reknes byggevarer AL		5986	HOSTELAND

FUP -029/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET

I medhald av pbl § 27-1 pkt 2 vert reguleringsendringa for Duesundøy godkjent slik dei ligg føre.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 18.06.2009:

Rådmannen orienterte og saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande tilleggspunkt til framlegg til vedtak:

- parkeringsplassar i hyttefelt må inn i plankartet etter konkret synfaring.

Framlegg til vedtak med tilleggspunkt vart samrøystes vedteke

KS-055/09 VEDTAK:

I medhald av pbl § 27-1 pkt 2 vert reguleringsendringa for Duesundøy godkjent slik dei ligg føre med unnatak av § 4 pkt 2..

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Ordførar orienterte kort om saka.

Rådmannen viste til uttale frå fylkesmannen i Hordaland og trekte endringsframlegget for § 4 pkt 2 som gjeld storleik og utforming av hyttene.

Nytt framlegg frå rådmannen vert difor:

I medhald av pbl § 27-1 pkt 2 vert reguleringsendringa for Duesundøy godkjent slik dei ligg føre med unnatak av § 4 pkt 2..

Nytt framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	26.05.2009	Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; Statens vegvesen; Reknes byggevarer	Melding om vedtak - reguleringsendring Duesundøy - mindre endring i reguleringsføresegnene og -kart
3	I	05.06.2009	Hordaland fylkeskommune	Fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsendring for Duesundøy
4	I	05.06.2009	Statens vegvesen Region Vest	Melding om vedtak - reguleringsendring Duesundøy i Masfjorden

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN****Storleik og utforming av hytter / fritidshus**

I føresegnene for Duesundøy står det:

§ 4 BYGGEOMRÅDE FOR HYTTER

1. [...]
2. Hyttene kan oppførast med grunnflate inntil 100 m², og terrasse inntil 30m².
Hyttene skal berre oppførast i 1 etasje, eventuelt med hems
Hyttene skal ha saltak eller valma tak, med takvinkel mellom 22 og 39 grader.
For firmahytter kan tillastast større grunnflate og utforming.
3. [...]
4. [...]
5. Det blir ikkje tillate å sette opp gjerde kring tomtane. Alle leidningar for straum og telefon i området skal framførast i grøfter
6. Bruksendring til bustadhus vil ikkje bli godkjent.
7. [...]

pkt 2 har ført til mykje frustrasjon seinast i samband med to klagesaker (sak 017/09 og 018/09) handsama i planutvalet 19.03.2009. Rådmannen vart beden om å sjå på denne formuleringa i kommuneplanssamanheng for klarare å få formulert gode føresegnar som kan spegle det som er kommunestyret sin intensjon i forhold til samfunnet me ønskjer å ha rundt oss.

Rådmannen har, etter å gått gjennom saka på nytt, kome til at ein bør ha ei mindre endring av reguleringsføresegnene for reguleringsplanen for Duesundøy no for å kome vidare med nybygging innafor planen i vår.

Tal naust og storleik på nausta

I reguleringsplanen som vart vedteken i kommunestyret 23.02.2006 som sak 007/06 var det teikna inn 4 naustområde med til saman 46 naust. Rådmannen sitt framlegg var at naust til bustadtomter skulle kunne førast opp med grunnflate inntil 40 m², mens andre naust skulle kunne oppførast med grunnflate inntil 32 m². Etter vedtak i kommunestyret vart storleik på naust sett til 40 m² for alle nausta innafor reguleringsplangrensene.

Reguleringsplanvedtaket vart påklaga av fylkesmannen som hadde fremja motsegn til fleire av naustområda i høyringsfasen. Masfjorden kommunestyre gjorde den 11.05.2006 som sak 024/06 vedtak om **ikkje** å ta klagen til følgje før kommunestyret den 22.06.2006 som sak 034/06 gjore slikt vedtak:

- *I medhald av pbl § 27-2 pkt 2 vert motsegna frå fylkesmannen om å ta ut av planframlegget naustområda N2 og N3, teke til følgje.*
- *Nytt naustområde i forlenging av naustområde N1, godkjend i kommunestyret som sak 07/06, vert teke ut av planen.*

Parkeringsplassar og gangveggar

I reguleringsplanen som vart vedteken i kommunestyret 23.02.2006 var det teikna inn 3 parkeringsplassar i tilknytning til byggeområda for hyttefelt + parkeringsplassar knytt til naustområda og småbåthamna. Det var og teikna inn fleire gangveggar frå desse parkeringsplassane og fram til hyttene / naustområda.

Parkeringsplassane og gangvegane er omtalt i reguleringsføresegnene slik:

§ 6 TRAFIKKAREAL

1. *Parkeringsplassane i hyttefelt skal disponerast av hytteeigarane. Øvrige parkeringsplassar skal disponerast av dei som har naust og plass i båthamna.*
2. *innregulerte gangveggar skal kunne opparbeidast og planerast i 3 m breidde, og ha ein standard som gjer vegane køyrbare for traktor. Gangvegane skal kunne nyttast av alle.*

Kommunen mottok søknad om mindre endring av reguleringsplanen i mai 2008. I kartet som følgde søknaden var gangvegane gjort om til køyreveg og 4 parkeringsplassar var tatt bort utan at sistnemnde var kommentert i søknaden. Kommunestyret gjorde den 23.09.2008 som sak 076/08 vedtak som godtok omgjeringa av gangveg til køyreveg samstundes om ein sette fram krav om at parkeringsplassane måtte teiknast inn på plankartet att.

HØYRING

Storleik og utforming av hytter / fritidshus

Saka sitt innhald har indirekte vore på høyring sidan det i sak 08/397 vart sendt ut føresegnar på høyring der denne setninga - *hyttene kan berre oppførast i 1 etg eventuelt med hems* - var foreslått tatt bort. Denne endringa vart ikkje godkjent i kommunestyrevedtak 046/08 den 16.09.2008.

Tal naust og storleik på nausta

Storleik på naust er i kommuneplanen sett til 40 m². Vedtaket i kommunestyret den 23.02.2006 viser til kommuneplanen og treng slik ikkje eigen høyring.

UTTALE**Storleik og utforming av hytter / fritidshus**

Sitat frå saksutreiinga i ovannemnde sak:

Før ein tek ut av føresegna setninga – hyttene kan berre oppførast i 1 etg eventuelt med hems – rår miljøvernavdelinga til at tiltakshavar gjennomfører ein analyse med visualisering av korleis dette vil verte i landskapet. Rådmannen er samd med miljøvernavdelinga i at planområdet ligg eksponert til mot sjø og fritidsbustader utan byggehøgder vil vere uheldig. Rådmannen rår derfor til at dette punktet ikkje vert fjerna frå føresegnene.

FAKTA**Storleik og utforming av hytter / fritidshus**

Kommunestyre vedtok den 23.02.2006 at pkt 6 under overskrifta byggeområde for hytter skulle gå ut. Reguleringsføresegnene burde difor vore endra slik at dei opna for at ein kan søke om bruksendring frå hytte til hus. Reguleringsføresegnene som gjeld i dag opnar og for at firmahytter kan tillastast større grunnflate og utforming enn private hytter/fritidshus. Frittliggende uthus er ikkje tillate på hyttetomtene. Alle hyttene kan dessutan kople seg på det kommunalt vassverket og vere tilkopla eit større avlaupsanlegg.

Tal naust og storleik på nausta

I reguleringsføresegnene som kommunen har fått tilsendt frå utbyggjar og som har etterskrift: *reguleringsføresegnene er korrigert i samsvar med vedtak i Masfjorden kommunestyre, sist vedtak 22.06.2006, sak 034706 står det:*

§ 5. BYGGEOMRÅDE FOR NAUST

1. I desse område (N1 og N2) kan oppførast inntil 32 naust, fordelt på 12 naust i N1 og 20 naust i N2.
2. Naust i N1 kan oppførast med grunnflate inntil 40 m², og nausta i N2 med inntil 32 m².

Naustområde N1 ligg nord på Duesundøy og ligg nærast bustadområda, mens N2 ligg sør på øya og er nærast hytteområda.

Parkeringsplassane

Alle infrastruktur på Duesundøy er ferdig utbygd og dei parkeringsplassane som var teikna inn på plankartet frå 2006 er ikkje etablert.

RV 570 og ferjekaien

Det er utarbeidd eigen reguleringsplan for rv 570 over Duesundøy inkludert ferjekaien og parkeringsplassen på kaien.

VURDERING**Storleik og utforming av hytter / fritidshus**

Rådmannen har sidan gjeldande kommuneplan vart vedteken, vore oppteken av kommunen si grense på hyttestorleik. Det er, etter det ein kjenner til, berre ein kommunen til i Hordaland som har ei slik grense. Rådmannen prøvde konsekvent i kommuneplansamanheng å nytte ordet hytte og ikkje fritidsbustad, men har i tida etter vedteken plan sett at folk stort sett ønskjer seg – og bygger – fritidshus med veg så godt som fram til døra og innlagt vatn og ordna avlaupsforhold.

Reguleringsplan for Duesundøy har byggeområde for blant anna bustad, hytter og rekkehus. Dessutan opnar ein for at bebygde hyttetomter på seinare tidspunkt kan søke om bruksendring til bustad. Dette er blant anna grunna i kommunen sin overordna målsetting om folketalsutvikling. Med fleire ulike byggeformål med eigne føresegner vil ikkje Duesundøy, sett under eitt, vere eit byggeområde som er heilskapleg når det gjeld utforming.

Byggeområde for hytter på Duesundøy kunne vore "omdøpt" til byggeområde for fritidshus sidan nesten alle hyttetomtene har veg fram samt lov til å kople seg til kommunalt vatn. Hytte med same infrastruktur som hus bør ein i kommande kommuneplan vurdere å kalle fritidshus.

Kommunen har gjennom reguleringsføresegnene som går att i dei fleste reguleringsplanane for hytteområde og kommuneplanen gitt:

- Storleik på grunnflate (opptil 100 m²)
- Krav til takvinkel mellom 22 og 39 grader
- Opna for hems utan å definere begrepet.

Hems er ikkje definert i lovverket. Kommunen har halde seg til regelen om at hems ikkje skal ha teljande areal. Ulike sakshandsamarar har dei siste åra nytta denne regelen i si sakshandsaming. Kommunen sine mål på maks grunnflate og takvinkel, har ført til ein del "kreative" løysingar på hems for å unngå å løyse ut ein 2.etg. Dei fleste av desse løysingane har vorte godkjent i kommunen, då sakshandsamar har sett mest på den ytre utforminga av bygga enn løysingane inne. Rådmannen legg ikkje skjul på at nokre av hyttene som har vorte godkjent dei siste åra, er på grensa av kva som burde vore godkjent innafor rammene av reguleringsføresegnene for dei ulike felta. Dette skuldast nok at kommunen har hatt mange sakshandsamarar på byggesak dei siste åra; ikkje alle med like god opplæring og vegleing i faget og som har fått ulike råd frå eksterne kompetansmiljø i samanliknbare einskildsaker. Rådmannen kjenner og til at begrepet hems vert tolka ulikt i kommunane rundt oss.

Rådmannen meiner difor at det no er på tide å gå bort frå begrepet hems i reguleringsføresegner. Ein kan i staden seie noko om topp mønehøgde og/eller utsjåande (ark /balkong) for å styre høgd på bygga og ta hand om krav om utforming / estetikk. Føresegnene bør vere så klart formulert at dei vil gje ei meir forutseibar sakshandsaming uavhenging av sakshandsamar.

Fylkesmannen sitt forlag om at tiltakshavar skal gjennomføre ein analyse med visualisering av korleis hyttene vil verte i landskapet viss ein tar bort setninga som set krav til at hyttene skal oppførast i 1 etasje eventuelt med hems, er etter rådmannen si meining ikkje gjennomførbart. Dette er grunna i at tiltakshavar endå ikkje har levert fullstendig reguleringsplan på SOSI-format med oppdaterte føresegner. I dei sosidata kommunen har motteke er blant anna leikeplassen plassert der tiltakshavar sitt forslag var og ikkje der vedtaket frå kommunestyret vedtok at han skulle vere (sak076/08 den 23.09.2008). Føresegnene som vart oversendt i samband med reguleringsendringa hausten 2008 innehelt endå setninga:

- Bruksendring til bustad vil ikkje bli godkjent.

Denne setninga vart vedteken tatt ut av føresegnene i kommunestyrevedtak 22.06.2006.

Rådmannen har i samband med denne saka nytta administrative ressursar på å oppdatere reguleringsplankart og –føresegner og ønskjer ikkje at det skal bli sett fleire krav til tiltakshavar no.

For å kunne stette dei ulike behov som kan kome i hyttefelta på Duesundøy foreslår rådmannen at ein tar bort orda *eventuelt med hems* og i staden set inn eit nytt krav om maks høgde på hyttene. Rådmannen forslår og at ein endrar på maks takvinkel frå 39 til 34 grader og slik å legge til rette for at ein får bygningar som best mogleg passar inn i terrenget på Duesundøy.

I gjeldande føresegner for reguleringsplanen for Duesundøy § 4 pkt 2 (same føresegnspunktet som set krav til storleik og utforming av hyttene) innehelt setninga:

- For firmahytter kan tillastast større grunnflate og utforming.

Rådmannen ser på denne setninga som ein heimel for fritt å bygge nærast det ein vil på hytte-tomtene; tiltaktshavar med nystarta einmannsfirma kan bygge hytte utan at kommunen kan sette absolutte krav til storleik og utforming. Dette kan få uheldige konsekvensar og rådmannen rår til at denne setninga vert tatt bort frå føresegnene.

I gjeldande føresegner for reguleringsplanen for Duesundøy § 4 pkt 5 står det: *det blir ikkje tillate å sette opp gjerde kring tomtane*. Rådmannen har merka seg at nokre av hyttetomtene ligg i eit kupert terreng slik at det kan vere naudsynt med gjerde av tryggleiksomsyn. Føresegna bør difor endrast på dette punktet.

I gjeldande føresegner for reguleringsplanen for Duesundøy § 7 pkt står det: *Før bygging tek til, skal det framleggast kart der kotehøgde for max mønehøgde er vist samla for det aktuelle byggeområde for bustader / hytter*. Byggeområda er oppdelet slik at dei inneheld eit ulikt tal tomter; i får 1 tomt åleine til eit felt med 9 tomter. Føresegna som er sitert over kan vere gjennomførbar for felt med få tomter, men rådmannen ser at det er vanskeleg å gjennomføre dette for dei største felta sidan tomtene i same felt blir frådelt og påbygd heilt uavhenginga av kvarandre. Rådmannen rår difor til at dette punktet vert tatt bort.

Tal naust og storleik på nausta

I arbeidet med reguleringsplanen var det ein tanke at kvar bustadtomt skulle få eigen nausttomt. Dette vart det ikkje noko av då kommunen tok motsegna frå fylkesmannen til følgje. Det vart og arbeidd for at "bustadnausta" skulle kunne oppførast med ei større grunnflate enn "hyttenausta". Etter vedtak i kommunestyret i feb. 2006 vart det vedteke at alle nausta innafor planområde skulle kunne oppførast med ei grunnflate på inntil 40 m², uavhenging av om det var ei nausttomt som høyrde til ei bustadtomt eller ei hyttetomt (vedtaket vart gjort med ordføraren si dobbeltstemme).

I oppdaterte reguleringsføresegner frå utbyggjar er ikkje intensjonane til rådmann og deler av kommunestyret følgt då "hyttenausta" er tillate oppført med ei større grunnflate enn "bustad-nausta".

I arbeidet med kommuneplanen har ein synfart og tatt bilde av strandlinja i store deler av kommunen. Ein såg at naustrekker der alle nausta hadde same høgd var meir dominerande enn rekker der nausta hadde ulik høgd men elles hadde lik utforming. Ein såg og at fargeval på naustet hadde mykje å seie for kva inntrykk ein fekk av naustrekkeane frå sjøsida



Rådmannen ønskjer å framheve naustområde i Sveneset som eit arealbesparande område når det gjeld strandline og som gjerne kan kopierast til andre stader i kommunen. Her er nausta bygd i 2 rekker 90 grader på strandlina og med båtopptrekk mellom naustrekkeane. Nausta i same rekke har ulik høgd sjølv om alle nausta har lik utforming.

Rådmannen meiner at føresegnene for byggeområde naust må endrast slik at maks storleik for nausta vert 40 m² uavhenging i kva felt dei vert bygd i. Ein må og oppfordre utbygger om å tenke litt annleis ved utbygging av naustområda slik at kan unngå dei massive naustrekkene der alle har eige båtoppbygg og front mot sjø.

Parkeringsplassane

Rådmannen ser at med den endringa av reguleringsplanen som vart godkjent i sept.2008 fekk alle hyttetomtene veg til eigande grunn. Det vart og teikna inn veg heilt fram til naustområdet. Eine parkeringsplassen var og tenkt for naustområde som gjekk ut då kommunen tok motsegna frå fylkesmannen til følgje.

Det er difor ikkje behov for alle dei parkeringsplassane som var teikna inn og rådmannen rår til at ein gjer om på eige vedtak og godkjenner reguleringsplankartet utan eigne parkeringsplassar i byggeområda og tilpasser føresegnene til dette. Ein må og tilpasse føresegnene når det gjeld gangvegane som er omgjort til køyreveg.

RV 570 og ferjekaien

Reguleringsplanen som vart utarbeidd ca år 2000 for rv 570 inkludert ferjekaien og parkeringsplassen gjeld framleis. Rådmannen legg difor det området som vegvesenet eig kvitt i reguleringsplankartet for Duesundøy for slik å illustrere at her er det ein eigen reguleringsplan som gjeld.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at reguleringsføresegnene for Duesundøy § 4 pkt 2 vert endra slik:

Frå:

til:

§ 3 BYGGEOMRÅDE FOR BUSTADER		
1	I område kan oppførast 24 einebustader i felta B4, B5, B6 og B7 I felt B1 kan oppførast 2 rekkehus med til saman inntil 22 bustadeiningar I felt B2 kan oppførast 2 rekkehus med inntil 3 husvære i kvar bygning. I felt B3 kan oppførast 3 bustadeiningar.	I område kan oppførast 24 einebustader i felta B4, B5, B6, B7og B8 I felt KS1 kan oppførast 2 rekkehus med til saman inntil 22 bustadeiningar I felt KS2 kan oppførast 2 rekkehus med inntil 3 husvære i kvar bygning I felt KS3 kan oppførast 3 bustadeiningar.
2-5	[...]	
6	Utførelse, høgde og farge på gjerde skal godkjennast av bygningssjefen. Høgde skal ikkje overstige 1,0 m.	<u>går ut</u>

§ 4 BYGGEOMRÅDE FOR HYTTER		
1	I områda H1, H2, H3, H4, H5, H6, H7 og H8 kan oppførast 25 hytter. Frittliggande uthus blir ikkje tillate.	I områda H1, H2, H3, H4, H5, H6, H7, H8 og H9 kan oppførast 25 hytter. Frittliggande uthus blir ikkje tillate.
2	Hyttene kan oppførast med grunnflate inntil 100 m ² , og terrasse inntil 30 m ² . Hyttene kan berre oppførast i 1 etasje, eventuelt med hems.	Hyttene kan oppførast med grunnflate inntil 100 m ² og terrasse inntil 30 m ² . Hyttene si høgde må ikkje overstige 6,0 meter.

	Hyttene skal ha saltak eller valma tak, med takvinkel mellom 22 og 39 grader. For firmahytter kan tillatast større grunnflate og utforming.	Hyttene skal ha saltak eller valma tak, med takvinkel mellom 22 og 34 grader.
3-4	[...]	
5	Det blir ikkje tillate å sette opp gjerde kring tomtane. Alle leidningar for straum og telefon i området skal framførast i grøfter.	Det kan berre settast opp i gjerde i eigedomsgrense der det er naudsynt av omsyn til tryggleiken. Alle leidningar for straum og telefon i området skal framførast i grøfter.
6	Bruksendring til bustadhus vil ikkje bli godkjent	<u>går ut</u>
7	[...]	

§ 5 BYGGEOMRÅDE FOR NAUST

1	[...]	
2	Nausta i N1 kan oppførast med grunnflate inntil 30 m ² , og nausta i N2 med inntil 32 m ² .	Nausta kan oppførast med grunnflate inntil 40 m ² .
3-7	[...]	

§ 5 TRAFIKKAREAL

1	Parkeringsplassane i hyttefeltet skal disponerast av hytteeigarane. Øvrige parkeringsplassar skal disponerast av dei som har naust og plass i båthamna.	Parkeringsplassane skal disponerast av dei som har naust og plass i båthamna.
2	Innregulerte gangveggar skal kunne opparbeidast og planerast i 3 m breidde, og ha ein standard som gjer vegane køyrbare for traktor. Gangvegane skal kunne nyttast av alle.	<u>går ut</u>
3-4	[...]	

§ 7 FELLESBESTEMMELSAR

1	[...]	
2	Dersom det under anleggsarbeid blir oppdaga automatisk freda kulturminner, skal ansvarshavande straks melde frå om dette til Hordaland fylkeskommune.	Dersom det under anleggsarbeid blir oppdaga automatisk freda kulturminner, skal arbeidet stansast og ansvarleg søkjar skal straks melde frå om dette til Hordaland fylkeskommune.
3	[...]	
4	Leikeplass mellom B1 og B3 skal vere arbeidd ferdig til bruk før mellombels bruksløyve blir gjeve, uansett byggeområde. Tilsvarande for leikeplass i B6 for bustader i dette området.	Leikeplass LEIK 1 skal vere arbeidd ferdig til bruk før mellombels bruksløyve blir gjeve, uansett byggeområde. Tilsvarande for LEIK 2 for bustader i dette området.
5	Før bygging tek til, skal det framleggast kart der kotehøgder for max mønehøgde er vist samla for det aktuelle byggeområde for bustader / hytter	<u>går ut</u>
6	[...]	

:

Større endringar i kartet:

- Vegane er teikna inn slik dei er etablert og innmålt
- Hyttetomtene som er oppmålt er teikna inn etter målebrev
- Vegvesenet sin eigedom er teikna kvit for å illustrere at her gjeld det ein eigen regleringsplan
- Leikeplassen er flytta i tråd med kommunestyrevedtak frå 23.09.2008.

Område for småbåttrafikk er tilpassa areal for naustområde N1

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	18.05.2009	034/09	Anne Kristin Rafoss
Fast utval for plansaker	09.06.2009	046/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	18.06.2009	056/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: GNR-5/41	Arkivsaknr.: 08/131
-----------------	---------------------

SAK 056/09 - OMGJERING AV EIGE VEDTAK - BYGGING AV NAUST I REKKJE - GNR 5/41 - SKJELSUNDET - OPPHEVING AV BYGGELØYVE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 023/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Forvaltningslova og plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:

Thomas Borge

Skjelsundet

5986 HOSTELAND

FUP -034/09 VEDTAK:

Saka vert utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 18.05.2009:

Ordførar gjorde framlegg om at saka vart utsett.

Framlegg frå ordførar vart samrøystes vedteke.

FUP -046/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 023/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 09.06.2009:

Ordførar orienterte og viste til diskusjonen i sak 045/09

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-056/09 VEDTAK:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 023/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Willy Borge sa seg ugild i saka sidan han var ein av tiltakshavarane i naustrekka. Borge gjekk frå og overlet plassen til vararepresentant Janne Judith Sandnes.

Vigdis Søvik spurte kommunestyret om ho var ugild i saka sidan ho var gift med onkel til Willy Borge.

Det vart samrøystes vedteke at ho var gild og kunne delta i handsaminga av saka.

Dina Kallestad Dyrhovden (Ap): Det er ikkje kjekt å gjere om på eige vedtak, men når det er gjort ein feil er dette det rette å gjere. Ap er opptatt av at det som har skjedd i denne saka ikkje skal danne presedens. Ap ønskjer å få vite kva administrasjonen trur vil skje når/viss tiltakshavar søker dispensasjon.

Rådmannen svara at saka er drøfta med fylkesmannen og kommunen har lagt alle korta på bordet, men me har ikkje fått noko klar melding om kva resultat fylkesmannen vil kome med. Vedtar kommunestyret å oppheve eige vedtak vil kommunen ta initiativ til eit møte med tiltakshavarane for å orientere om korleis ein saman kan kome vidare i saka.

Janne Judith Sandnes (FrP): FrP lurer på om kommunestyret ser konsekvensane av å oppheve dette vedtaket. Kan ein kome i den situasjonen at tiltakshavarane ikkje kan nyttiggjere seg nausta og vil velje å rive dei på kommunen sin rekning. FrP meiner at det beste er å innrømme at her er det gjort ein feil og så må kommunen ordne ein dispensasjon.

Kari Skår Sørheim (KrF): Dette er ei kjedeleg sak både for dei som har bygd i god tru og kommunen. Det er farleg for kommunestyret å vere "hobbyjurist" så det klokaste ein kan gjere er å følgje dei råda som er henta inn.

Vigdis Søvik (Sp): Støttar det som er sagt tidlegare om at dette er ei kjedeleg sak. Det er gjort fleire feil i saka. Blant anna skulle ein ha stoppa byggeaktiviteten når ein vart klar over kva som vart bygd. Ein bør lære av dei feil som er gjort. Støtter rådmannen sitt framlegg og gjer framlegg om eit tilleggs punkt:

- I samband med oppheving av vedtak må rådmannen setje i gang arbeid med ei tilbakeføring til lovleg bygg og kva kostnad dette vert for kommunen...

Dina Kallestad Dyrhovden (Ap) Dyrhovden sa i Ap i planutvalet signaliserte at partiet vurderte å krevja retting sjølv om ho er sitert i avisa som om at Ap vurderte og krevja riving.

Frode Langhelle (H): Det er ei vanskeleg sak. Det er viktig her å tenke likebehandling i denne saka sett i lys av tidlegare avgjerder. Det må ikkje bli sånn at ein skapar inntrykk av at viss ein er med i kommunestyret får ein til saker og ting som ikkje andre får til.

Karstein Totland (H) sa seg samd med dei andre om at dette er kjedeleg sak, men peikar på at diskusjonen i kommunestyre no forskotterer neste fase om kva som skal skje viss/når tiltakshavar søker dispensasjon.

Tore Helland (FrP): Helland reagerer på at det vert sagt at tiltakshavar har handla i god tru når dei har handla med eit lovleg vedtak i handa.

Janne Judith Sandnes (FrP): Sandnes seier at når det gjeld veranda meiner FrP at fasaden på desse nausta vil vere finare med veranda enn utan, og peikar på at ein kan nytte denne til å tørke not og garn.

Tore Helland (FrP): Det er kommunen som må rette opp i dei feil dei har gjort og ikkje dei som har bygd etter lovleg vedtak.

Røysting:

Det vart først røysta over tilråding frå planutvalet:

Tilrådinga frå planutvalet vart vedteke mot 2 røyster (FrP)

Det vart så røysta over tilleggs punktet frå Sp:

Tilleggs punktet frå Sp fall mot to røyster (Sp)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	06.02.2008	Thomas Borge	Melding om tiltak - bygging av naust i rekkje - gnr 5/41
3	U	13.02.2008	Thomas Borge	Melding om vedtak - Bygging av naust i rekkje - Gnr 5/41 - Skjelsundet
6	I	22.05.2009	Thomas Borge	Forespørsel om ferdigattest - naust - gnr 5/41


SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det er gjeve byggeløyve til naust i rekke som sak DFUP 023/08. Vedtaket lyder:

Søknaden om å føre opp naust i rekkje med fire andre, innanfor godkjend reguleringsplan for naust, vert godkjent slik teikningar m/vedlegg mottatt 12.02.08 viser, på følgjande vilkår:

- *Korrekte koordinatar for naust skal sendast inn ved førespurnad om bruksløyve / ferdigattest*



Utsnitt av teikningane som er ein del av søknaden

HØYRING


Saka har ikkje vore på høyring.

FAKTA

Reguleringsplanen for naust i Skjelsundet vart vedteken i kommunestyret den 15.12.2005 som sak 060/05. I føresegnene til denne planen står det under overskrifta:

Byggeområde for naust

1. I naustområdet kan oppførast 19 naust, samla i grupper som vist på plankart. Nausta i gruppa nerast flytebrygga kan oppførast med inntil 50 m², medan nausta i dei andre gruppene kan oppførast med inntil 32 m².
2. Nausta skal byggast med einskapleg og harmonisk utforming, med byggestil som tradisjonelt i området. Naust i same gruppe skal vere like, både med tanke på utforming (takvinkel) og farge.
3. Det er ikkje tillate innreiing av rom for opphald på naustlemmane.
4. På plankart er vist fylling for båtoppdrag.
5. Det kan i tillegg til naust oppførast båthus / servicehus med grunnflate inntil 400 m². I dette bygget kan innreiast rom for opphald samt sanitæranlegg, tenkt til service for båteigarar.
6. Det kan etablerast utsal av båt drivstoff innanfor området. Det skal innhentast eige løyve for dette før slik aktivitet blir oppstarta.
7. Det kan leggest ut flytebrygge med lengde inntil 40 m, vist på plankart.




Utsnitt frå reguleringsplankart vedteken 15.12.2005

Det vart søkt om ei endring av reguleringsplanen og denne vart godkjent i fast utval for plansaker den 14.06.2007. I føresegnene til denne planen står det under overskrifta:

Byggeområde for naust

1. I naustområdet kan oppførast 20 naust, samla i grupper som vist på plankar. Nausta i gruppa nerast flytebrygga kan oppførast med inntil 50 m², medan nausta i dei andre gruppene kan oppførast med inntil 40 m².
2. Nausta skal byggast med einskapleg og harmonisk utforming, med byggestil som tradisjonelt i området. Naust i same gruppe skal vere like, både med tanke på utforming (takvinkel) og farge.
3. Det er ikkje tillate innreiing av rom for opphald på naustlemmane.
4. På plankart er vist fylling for båtoppdrag.
5. Det kan i tillegg til naust oppførast båthus / servicehus med grunnflate inntil 120 m². Bygget kan oppførast i 2 etasjar. I dette bygget kan innreiast rom for opphald samt sanitæranlegg, tenkt til service for båteigarar.
6. Det kan etablerast utsal av båt drivstoff innanfor området. Det skal innhentast eige løyve for dette før slik aktivitet blir oppstarta.
7. Det kan leggest ut flytebrygge med lengde inntil 40 m, vist på plankart.



Utsnitt frå reguleringsplankart vedteken 14.06.2007

Når ein reguleringsplanen ikkje er utfyllande nok på einskild tema, er det kommuneplanen som gjeld. Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken i Masfjorden kommunestyre den 23.02.2006 som sak 010/06. I føresegnene står det:

Byggjeområde for naust

1. *Område for naustbygging, 3 naust eller fleire, skal ha godkjent reguleringsplan. Innafor byggjeområde for naust kan det delast frå nauttomter på inntil 100 m² og oppførast naust med grunnflate inntil 40 m².*
2. *Nye naust skal tilpassast eksisterande lokal byggjeskikk og ha saltak. Nausta skal ikkje innreist til varig opphald (overnatting m.v.) og mønehøgda skal ikkje overstige 5,5 meter.*
3. *Naust i samanhengande naustområde kan variere i storleik, farge og materialbruk innanfor rammene av lokal byggjeskikk.*
4. *Balkongar er framandelement på naust og skal ikkje tillatast. Naustdører skal ikkje ha garasjeportpreg, men vere i tradisjonell stil. Dersom naustet har loft, skal det vere innvendig trapp så sant inngang ikkje kan skje frå terreng.*
5. *I samband med enkeltsaker må det dokumenterast at det er naudsynte parkeringsplassar / oppstillingsplassar for bilar i nærleiken av naustområde, samt at tilkomsten er sikra med tinglyst avtale.*

VURDERING

Omsøkt naust i rekke er søkt oppført i eit byggeområde sett av til naust i gjeldande reguleringsplan for Skjelsundet naustområde. Det er sett av areal til 20 naust (samla i grupper) innafor byggeområde. Omsøkt naust er ein del av ei gruppe på 5 naust og det er den første gruppa med naust som vart søkt oppført.

Gjeldande reguleringsplan seier noko om grunnflate på nausta som avvik frå føresegnene til kommuneplanen. Reguleringsplanen vart i si tid sendt på høyring og regionale høyringspartar har fått høve til å uttale seg. Omsøkt naust kan difor lovleg ha ei grunnflate på 50 m².

Gjeldande reguleringsplan seier ikkje noko om mønehøgde for naust. Då er det føresegnene i kommuneplanen som gjeld. Desse føresegnene seier at mønehøgde ikkje skal overstige 5,5 meter. Omsøkt naust har (ut frå skissa som er ein del av søknaden) ei mønehøgde på 7,40 meter. For å kunne bygge eit så høgt naust på omsøkt byggeområde må det dispenserast frå kommuneplanen sin arealdel (pbl § 7). Ein dispensasjonssøknad skal sendast til regionale høyringsinstansar for uttale før kommunen gjev dispensasjon.

Skissa over omsøkt naust viser heilt tydeleg at det skal etablerst altan på naustet. Rådmannen fekk for ein del år sidan (2003/2004) melding om at det var etablert altan på eit nausts i ytre Haugsdal som var under oppføring. Etter ein dialog med tiltakshavar vart det gjort eit politisk vedtak på at altan på naust var å sjå på som ulovleg bygging, og rådmannen gjorde vedtak om retting (2005) med slik grunngeving:

Masfjorden kommune er oppteken av at naust skal nyttast som naust og at det skal sjå ut som at det vert nytta til naust. Kommunen vil ikkje at ha ei utforming på naust som kan gje inntrykk av at det er innreidd til varig opphald. Vindaug og altan i 2.høgda gjer saman eit slikt inntrykk .

Altanen vart etter dette kledd att av tiltakshavar. Rådmannen kjenner ikkje til andre liknande saker i kommunen. Når då i tillegg kommuneplanen seier heilt tydeleg at altan er eit framandelement på naust og ikkje skal tillatast, vil rådmannen seie seg lei for at dette vart godkjent for omsøkt naust.

Rådmannen ser at omsøkt naust med mønehøgde på 7,40 meter ikkje er handsama som ein dispensasjonssak. Dette er feil sakshandsaming frå kommunen si side. Rådmannen ønskjer ikkje å spekulere i årsaka til at dette vedtaket vart fatta, berre konstatere at dette er vedtaket

bryt med kommuneale planar på to områder. Vedtaket vert gjort for over eit år sidan (febr. 2008) og bygget er no så godt som ferdigstilt.



Kommunestyret var på synfaring 26.02.2009 i samband synfaring i Sløvåg og kommunestyremøte på Nordbygda samfunnshus

Rådmannen var på synfaring med båt i samband med kommuneplanarbeidet den 15.04.09. Bilete til venstre er frå denne båtturen.

Skjelsundet naustområde

Rådmannen ser at vert eit ulovleg vedtak ståande utan at kommunen ”gjer” noko, vil dette kunne danne presedens i komande saker i same byggeområde. Dette vil gjere det utfordrande å handsame nye byggesøknader i tråd med gjeldande planar.

Kommunen kan krevje retting – som at nausta vert reve / senka eller altanen vert kledd att – men sidan tiltakshavar har bygd i god tru og det er gått så lang tid sidan vedtaket vart fatta, rår rådmannen til at det ikkje vert kravd retting no. Eit vedtak om retting skal varslast slik at tiltakshavar kan få høve til å uttale seg.

Ved å oppheve eige vedtak, vert nausta ståande oppført utan byggeløyve – men ikkje utan vidare ulovlege. Bygga i seg sjølv vil ikkje kunne danne presedens for samanliknbare byggesaker i området sidan det ikkje er knytt eit lovleg vedtak til dei. Dette er noko rådmannen kan leve med og det er slik opp til tiltakshavar å søke om dispensasjon for å få ting inn i lovlege tilhøva.

KONKLUSJON

Rådmannen meiner at det ikkje er tvil om at det er gjort eit ulovleg vedtak i denne saka. Kommunen bør difor omgjere eige vedtak med heimel i forvaltningslova § 35 bokstav c).

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	18.05.2009	036/09	Anne Kristin Rafoss
Fast utval for plansaker	09.06.2009	047/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	18.06.2009	057/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: GNR-5/42	Arkivsaknr.: 08/124
-----------------	---------------------

SAK 057/09 - OMGJERING AV EIGE VEDTAK - BYGGING AV NAUST I REKKJE - GNR 5/42 - SKJELSUNDET - OPPHEVING AV BYGGELØYVE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 019/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Forvaltningslova og plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:

Willy Borge

Skjelsundet

5986 HOSTELAND

FUP-036/09 VEDTAK:

Saka vert utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 18.05.2009:

Ordførar gjorde framlegg om at saka vert utsett.

Framlegg frå ordførar vart samrøystes vedteke.

FUP-047/09 VEDTAK:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 019/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 09.06.2009:

Ordførar orienterte og viste til diskusjonen i sak 045/09.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KS-057/09 VEDTAK:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 019/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Det vart vist til diskusjonen og tilleggsframlegg frå Sp i sak KS-56/09.

Det vart først røysta over tilråding frå planutvalet:

Tilrådinga frå planutvalet vart vedteke mot 2 røyster (FrP)

Det vart så røysta over tilleggspunktet frå Sp:

Tilleggspunktet frå Sp fall mot to røyster (SP)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	10.02.2008	Willy Borge	Melding om tiltak - Bygging av naust i rekkje - gnr 5/42 - Skjelsundet
3	U	13.02.2008	Willy Borge	Melding om vedtak - Melding om tiltak - Bygging av naust i rekkje - Gnr 5/42 - Skjelsundet
4	I	13.11.2008	Willy Borge	Søknad om endring av løyve - gnr 5/42
8	I	22.05.2009	Willy Borge	Forespørsel om ferdigattest - naust - gnr 5/42


SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det er gjeve byggeløyve til naust i rekke som sak DFUP 019/08. Vedtaket lyder:

Søknaden om å føre opp naust i rekkje med fire andre, innanfor godkjend reguleringsplan for naust, vert godkjent slik teikningar m/vedlegg mottatt 12.02.08 viser, på følgjande vilkår:

- *Korrekte koordinatar for naust skal sendast inn ved førespurnad om bruksløyve / ferdigattest*



Utsnitt av teikningane som er ein del av søknaden

HØYRING


Saka har ikkje vore på høyring.

FAKTA

Reguleringsplanen for naust i Skjelsundet vart vedteken i kommunestyret den 15.12.2005 som sak 060/05. I føresegnene til denne planen står det under overskrifta:

Byggeområde for naust

1. I naustområdet kan oppførast 19 naust, samla i grupper som vist på plankart. Nausta i gruppa nerast flytebrygga kan oppførast med inntil 50 m², medan nausta i dei andre gruppene kan oppførast med inntil 32 m².
2. Nausta skal byggast med einskapleg og harmonisk utforming, med byggestil som tradisjonelt i området. Naust i same gruppe skal vere like, både med tanke på utforming (takvinkel) og farge.
3. Det er ikkje tillate innreiing av rom for opphald på naustlemmane.
4. På plankart er vist fylling for båtoppdrag.
5. Det kan i tillegg til naust oppførast båthus / servicehus med grunnflate inntil 400 m². I dette bygget kan innreiast rom for opphald samt sanitæranlegg, tenkt til service for båteigarar.
6. Det kan etablerast utsal av båt drivstoff innanfor området. Det skal innhentast eige løyve for dette før slik aktivitet blir oppstarta.
7. Det kan leggest ut flytebrygge med lengde inntil 40 m, vist på plankart.




Utsnitt frå reguleringsplankart vedteken 15.12.2005

Det vart søkt om ei endring av reguleringsplanen og denne vart godkjent i fast utval for plansaker den 14.06.2007. I føresegnene til denne planen står det under overskrifta:

Byggeområde for naust

1. I naustområdet kan oppførast 20 naust, samla i grupper som vist på plankar. Nausta i gruppa nerast flytebrygga kan oppførast med inntil 50 m², medan nausta i dei andre gruppene kan oppførast med inntil 40 m².
2. Nausta skal byggast med einskapleg og harmonisk utforming, med byggestil som tradisjonelt i området. Naust i same gruppe skal vere like, både med tanke på utforming (takvinkel) og farge.
3. Det er ikkje tillate innreiing av rom for opphald på naustlemmane.
4. På plankart er vist fylling for båtoppdrag.
5. Det kan i tillegg til naust oppførast båthus / servicehus med grunnflate inntil 120 m². Bygget kan oppførast i 2 etasjar. I dette bygget kan innreiast rom for opphald samt sanitæranlegg, tenkt til service for båteigarar.
6. Det kan etablerast utsal av båt drivstoff innanfor området. Det skal innhentast eige løyve for dette før slik aktivitet blir oppstarta.
7. Det kan leggest ut flytebrygge med lengde inntil 40 m, vist på plankart.



Utsnitt frå reguleringsplankart vedteken 14.06.2007

Når ein reguleringsplanen ikkje er utfyllande nok på einskild tema, er det kommuneplanen som gjeld. Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken i Masfjorden kommunestyre den 23.02.2006 som sak 010/06. I føresegnene står det:

Byggjeområde for naust

1. *Område for naustbygging, 3 naust eller fleire, skal ha godkjent reguleringsplan. Innafor byggjeområde for naust kan det delast frå nauttomter på inntil 100 m² og oppførast naust med grunnflate inntil 40 m².*
2. *Nye naust skal tilpassast eksisterande lokal byggjeskikk og ha saltak. Nausta skal ikkje innreias til varig opphald (overnatting m.v.) og mønehøgda skal ikkje overstige 5,5 meter.*
3. *Naust i samanhengande naustområde kan variere i storleik, farge og materialbruk innanfor rammene av lokal byggjeskikk.*
4. *Balkongar er framandelement på naust og skal ikkje tillatast. Naustdører skal ikkje ha garasjeportpreg, men vere i tradisjonell stil. Dersom naustet har loft, skal det vere innvendig trapp så sant inngang ikkje kan skje frå terreng.*
5. *I samband med enkeltsaker må det dokumenterast at det er naudsynpte parkeringsplassar / oppstillingsplassar for bilar i nærleiken av naustområde, samt at tilkomsten er sikra med tinglyst avtale.*

VURDERING

Omsøkt naust i rekke er søkt oppført i eit byggeområde sett av til naust i gjeldande reguleringsplan for Skjelsundet naustområde. Det er sett av areal til 20 naust (samla i grupper) innafor byggeområde. Omsøkt naust er ein del av ei gruppe på 5 naust og det er den første gruppa med naust som vart søkt oppført.

Gjeldande reguleringsplan seier noko om grunnflate på nausta som avvik frå føresegnene til kommuneplanen. Reguleringsplanen vart i si tid sendt på høyring og regionale høyringspartar har fått høve til å uttale seg. Omsøkt naust kan difor lovleg ha ei grunnflate på 50 m².

Gjeldande reguleringsplan seier ikkje noko om mønehøgde for naust. Då er det føresegnene i kommuneplanen som gjeld. Desse føresegnene seier at mønehøgde ikkje skal overstige 5,5 meter. Omsøkt naust har (ut frå skissa som er ein del av søknaden) ei mønehøgde på 7,40 meter. For å kunne bygge eit så høgt naust på omsøkt byggeområde må det dispenserast frå kommuneplanen sin arealdel (pbl § 7). Ein dispensasjonssøknad skal sendast til regionale høyringsinstansar for uttale før kommunen gjev dispensasjon.

Skissa over omsøkt naust viser heilt tydeleg at det skal etablerst altan på naustet. Rådmannen fekk for ein del år sidan (2003/2004) melding om at det var etablert altan på eit nausts i ytre Haugsdal som var under oppføring. Etter ein dialog med tiltakshavar vart det gjort eit politisk vedtak på at altan på naust var å sjå på som ulovleg bygging, og rådmannen gjorde vedtak om retting (2005) med slik grunngeving:

Masfjorden kommune er oppteken av at naust skal nyttast som naust og at det skal sjå ut som at det vert nytta til naust. Kommunen vil ikkje at ha ei utforming på naust som kan gje inntrykk av at det er innreidd til varig opphald. Vindaug og altan i 2.høgda gjer saman eit slikt inntrykk .

Altanen vart etter dette kledd att av tiltakshavar. Rådmannen kjenner ikkje til andre liknande saker i kommunen. Når då i tillegg kommuneplanen seier heilt tydeleg at altan er eit framandelement på naust og ikkje skal tillatast, vil rådmannen seie seg lei for at dette vart godkjent for omsøkt naust.

Rådmannen ser at omsøkt naust med mønehøgde på 7,40 meter ikkje er handsama som ein dispensasjonssak. Dette er feil sakshandsaming frå kommunen si side. Rådmannen ønskjer ikkje å spekulere i årsaka til at dette vedtaket vart fatta, berre konstatere at dette er vedtaket

bryt med kommuneale planar på to områder. Vedtaket vert gjort for over eit år sidan (febr. 2008) og bygget er no så godt som ferdigstilt.



Kommunestyret var på synfaring 26.02.2009 i samband synfaring i Sløvåg og kommunestyremøte på Nordbygda samfunnshus

Rådmannen var på synfaring med båt i samband med kommuneplanarbeidet den 15.04.09. Bilete til venstre er frå denne båtturen.

Skjelsundet naustområde

Rådmannen ser at vert eit ulovleg vedtak ståande utan at kommunen ”gjer” noko, vil dette kunne danne presedens i komande saker i same byggeområde. Dette vil gjere det utfordrande å handsame nye byggesøknader i tråd med gjeldande planar.

Kommunen kan krevje retting – som at nausta vert reve / senka eller altanen vert kledd att – men sidan tiltakshavar har bygd i god tru og det er gått så lang tid sidan vedtaket vart fatta, rår rådmannen til at det ikkje vert kravd retting no. Eit vedtak om retting skal varslast slik at tiltakshavar kan få høve til å uttale seg.

Ved å oppheve eige vedtak, vert nausta ståande oppført utan byggeløyve – men ikkje utan vidare ulovlege. Bygga i seg sjølv vil ikkje kunne danne presedens for samanliknbare byggesaker i området sidan det ikkje er knytt eit lovleg vedtak til dei. Dette er noko rådmannen kan leve med og det er slik opp til tiltakshavar å søke om dispensasjon for å få ting inn i lovlege tilhøva.

KONKLUSJON

Rådmannen meiner at det ikkje er tvil om at det er gjort eit ulovleg vedtak i denne saka. Kommunen bør difor omgjere eige vedtak med heimel i forvaltningslova § 35 bokstav c).

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	18.05.2009	035/09	Anne Kristin Rafoss
Fast utval for plansaker	09.06.2009	048/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	18.06.2009	058/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: GNR-5/43	Arkivsaknr.: 08/127
-----------------	---------------------

SAK 058/09 - OMGJERING AV EIGE VEDTAK - BYGGING AV NAUST I REKKJE - GNR 5/43 - SKJELSUNDET - OPPHEVING AV BYGGELØYVE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 021/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Forvaltningslova og plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:

Eva Kvamsdal

Skjelsundet

5986 HOSTELAND

FUP-035/09 VEDTAK:

Saka vert utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 18.05.2009:

Ordførar gjorde framlegg om at saka vart utsett

Framlegg får ordførar vart samrøystes vedteke.

FUP-048/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 021/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 09.06.2009:

Ordførar orienterte og viste til diskusjonen i sak 045/09.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-058/09 VEDTAK:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 021/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Det vert vist til diskusjon og tilleggsframlegg frå Sp i sak KS- 056/09.

Det vart først røysta over tilråding frå planutvalet:

Tilrådinga frå planutvalet vart vedteke mot 2 røyster (FrP)

Det vart så røysta over tilleggs punktet frå Sp:

Tilleggs punktet frå Sp fall mot to røyster (SP)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	10.02.2008	Eva Kvamsdal	Melding om tiltak - Bygging av naust i rekkje - gnr 5/43
3	U	13.02.2008	Eva Kvamsdal	Melding om vedtak - Bygging av naust i rekkje - Gnr 5/43 - Skjelsundet
6	I	22.05.2009	Eva Kvamsdal og Leif Arvid Mjånes	Forespørsel om ferdigattest - naust - gnr 5/43


SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det er gjeve byggeløyve til naust i rekke som sak DFUP 021/08. Vedtaket lyder:

Søknaden om å føre opp naust i rekkje med fire andre, innanfor godkjend reguleringsplan for naust, vert godkjent slik teikningar m/vedlegg mottatt 12.02.08 viser, på følgjande vilkår:

- *Korrekte koordinatar for naust skal sendast inn ved førespurnad om bruksløyve / ferdigattest*



Utsnitt av teikningane som er ein del av søknaden

HØYRING


Saka har ikkje vore på høyring.

FAKTA

Reguleringsplanen for naust i Skjelsundet vart vedteken i kommunestyret den 15.12.2005 som sak 060/05. I føresegnene til denne planen står det under overskrifta:

Byggeområde for naust

1. I naustområdet kan oppførast 19 naust, samla i grupper som vist på plankart. Nausta i gruppa nerast flytebrygga kan oppførast med inntil 50 m², medan nausta i dei andre gruppene kan oppførast med inntil 32 m².
2. Nausta skal byggast med einskapleg og harmonisk utforming, med byggestil som tradisjonelt i området. Naust i same gruppe skal vere like, både med tanke på utforming (takvinkel) og farge.
3. Det er ikkje tillate innreiing av rom for opphald på naustlemmane.
4. På plankart er vist fylling for båtoppdrag.
5. Det kan i tillegg til naust oppførast båthus / servicehus med grunnflate inntil 400 m². I dette bygget kan innreiast rom for opphald samt sanitæranlegg, tenkt til service for båteigarar.
6. Det kan etablerast utsal av båt drivstoff innanfor området. Det skal innhentast eige løyve for dette før slik aktivitet blir oppstarta.
7. Det kan leggest ut flytebrygge med lengde inntil 40 m, vist på plankart.




Utsnitt frå reguleringsplankart vedteken 15.12.2005

Det vart søkt om ei endring av reguleringsplanen og denne vart godkjent i fast utval for plansaker den 14.06.2007. I føresegnene til denne planen står det under overskrifta:

Byggeområde for naust

1. I naustområdet kan oppførast 20 naust, samla i grupper som vist på plankar. Nausta i gruppa nerast flytebrygga kan oppførast med inntil 50 m², medan nausta i dei andre gruppene kan oppførast med inntil 40 m².
2. Nausta skal byggast med einskapleg og harmonisk utforming, med byggestil som tradisjonelt i området. Naust i same gruppe skal vere like, både med tanke på utforming (takvinkel) og farge.
3. Det er ikkje tillate innreiing av rom for opphald på naustlemmane.
4. På plankart er vist fylling for båtoppdrag.
5. Det kan i tillegg til naust oppførast båthus / servicehus med grunnflate inntil 120 m². Bygget kan oppførast i 2 etasjar. I dette bygget kan innreiast rom for opphald samt sanitæranlegg, tenkt til service for båteigarar.
6. Det kan etablerast utsal av båt drivstoff innanfor området. Det skal innhentast eige løyve for dette før slik aktivitet blir oppstarta.
7. Det kan leggest ut flytebrygge med lengde inntil 40 m, vist på plankart.



Utsnitt frå reguleringsplankart vedteken 14.06.2007

Når ein reguleringsplanen ikkje er utfyllande nok på einskild tema, er det kommuneplanen som gjeld. Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken i Masfjorden kommunestyre den 23.02.2006 som sak 010/06. I føresegnene står det:

Byggjeområde for naust

1. *Område for naustbygging, 3 naust eller fleire, skal ha godkjent reguleringsplan. Innafor byggjeområde for naust kan det delast frå nauttomter på inntil 100 m² og oppførast naust med grunnflate inntil 40 m².*
2. *Nye naust skal tilpassast eksisterande lokal byggjeskikk og ha saltak. Nausta skal ikkje innreias til varig opphald (overnatting m.v.) og mønehøgda skal ikkje overstige 5,5 meter.*
3. *Naust i samanhengande naustområde kan variere i storleik, farge og materialbruk innanfor rammene av lokal byggjeskikk.*
4. *Balkongar er framandelement på naust og skal ikkje tillast. Naustdører skal ikkje ha garasjeportpreg, men vere i tradisjonell stil. Dersom naustet har loft, skal det vere innvendig trapp så sant inngang ikkje kan skje frå terreng.*
5. *I samband med enkeltsaker må det dokumenterast at det er naudsynpte parkeringsplassar / oppstillingsplassar for bilar i nærleiken av naustområde, samt at tilkomsten er sikra med tinglyst avtale.*

VURDERING

Omsøkt naust i rekke er søkt oppført i eit byggeområde sett av til naust i gjeldande reguleringsplan for Skjelsundet naustområde. Det er sett av areal til 20 naust (samla i grupper) innafor byggeområde. Omsøkt naust er ein del av ei gruppe på 5 naust og det er den første gruppa med naust som vart søkt oppført.

Gjeldande reguleringsplan seier noko om grunnflate på nausta som avvik frå føresegnene til kommuneplanen. Reguleringsplanen vart i si tid sendt på høyring og regionale høyringspartar har fått høve til å uttale seg. Omsøkt naust kan difor lovleg ha ei grunnflate på 50 m².

Gjeldande reguleringsplan seier ikkje noko om mønehøgde for naust. Då er det føresegnene i kommuneplanen som gjeld. Desse føresegnene seier at mønehøgde ikkje skal overstige 5,5 meter. Omsøkt naust har (ut frå skissa som er ein del av søknaden) ei mønehøgde på 7,40 meter. For å kunne bygge eit så høgt naust på omsøkt byggeområde må det dispenserast frå kommuneplanen sin arealdel (pbl § 7). Ein dispensasjonssøknad skal sendast til regionale høyringsinstansar for uttale før kommunen gjev dispensasjon.

Skissa over omsøkt naust viser heilt tydeleg at det skal etablerst altan på naustet. Rådmannen fekk for ein del år sidan (2003/2004) melding om at det var etablert altan på eit nausts i ytre Haugsdal som var under oppføring. Etter ein dialog med tiltakshavar vart det gjort eit politisk vedtak på at altan på naust var å sjå på som ulovleg bygging, og rådmannen gjorde vedtak om retting (2005) med slik grunngeving:

Masfjorden kommune er oppteken av at naust skal nyttast som naust og at det skal sjå ut som at det vert nytta til naust. Kommunen vil ikkje at ha ei utforming på naust som kan gje inntrykk av at det er innreidd til varig opphald. Vindaug og altan i 2.høgda gjer saman eit slikt inntrykk .

Altanen vart etter dette kledd att av tiltakshavar. Rådmannen kjenner ikkje til andre liknande saker i kommunen. Når då i tillegg kommuneplanen seier heilt tydeleg at altan er eit framandelement på naust og ikkje skal tillast, vil rådmannen seie seg lei for at dette vart godkjent for omsøkt naust.

Rådmannen ser at omsøkt naust med mønehøgde på 7,40 meter ikkje er handsama som ein dispensasjonssak. Dette er feil sakshandsaming frå kommunen si side. Rådmannen ønskjer ikkje å spekulere i årsaka til at dette vedtaket vart fatta, berre konstatere at dette er vedtaket

bryt med kommuneale planar på to områder. Vedtaket vert gjort for over eit år sidan (febr. 2008) og bygget er no så godt som ferdigstilt.



Kommunestyret var på synfaring 26.02.2009 i samband synfaring i Sløvåg og kommunestyremøte på Nordbygda samfunnshus

Rådmannen var på synfaring med båt i samband med kommuneplanarbeidet den 15.04.09. Bilete til venstre er frå denne båtturen.

Skjelsundet naustområde

Rådmannen ser at vert eit ulovleg vedtak ståande utan at kommunen ”gjer” noko, vil dette kunne danne presedens i komande saker i same byggeområde. Dette vil gjere det utfordrande å handsame nye byggesøknader i tråd med gjeldande planar.

Kommunen kan krevje retting – som at nausta vert reve / senka eller altanen vert kledd att – men sidan tiltakshavar har bygd i god tru og det er gått så lang tid sidan vedtaket vart fatta, rår rådmannen til at det ikkje vert kravd retting no. Eit vedtak om retting skal varslast slik at tiltakshavar kan få høve til å uttale seg.

Ved å oppheve eige vedtak, vert nausta ståande oppført utan byggeløyve – men ikkje utan vidare ulovlege. Bygga i seg sjølv vil ikkje kunne danne presedens for samanliknbare byggesaker i området sidan det ikkje er knytt eit lovleg vedtak til dei. Dette er noko rådmannen kan leve med og det er slik opp til tiltakshavar å søke om dispensasjon for å få ting inn i lovlege tilhøva.

KONKLUSJON

Rådmannen meiner at det ikkje er tvil om at det er gjort eit ulovleg vedtak i denne saka. Kommunen bør difor omgjere eige vedtak med heimel i forvaltningslova § 35 bokstav c).

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	18.05.2009	033/09	Anne Kristin Rafoss
Fast utval for plansaker	09.06.2009	049/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	18.06.2009	059/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: GNR-5/44	Arkivsaknr.: 08/126
-----------------	---------------------

Sak 059/09 - OMGJERING AV EIGE VEDTAK - BYGGING AV NAUST I REKKJE - GNR 5/44 - SKJELSUNDET - OPPHEVING AV BYGGELØYVE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 020/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Finansiering: Ingen kostnad

Heimel: Forvaltningslova og plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:

Tommie Kvamsdal

Skjelsundet

5986 HOSTELAND

FUP-035/09 VEDTAK:

Saka vert utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 18.05.2009:

Ordførar gjorde framlegg om at saka vart utsett

Framlegg får ordførar vart samrøystes vedteke.

FUP-049/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 020/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 09.06.2009:

Ordførar orienterte og viste til diskusjonen i sak 045/09.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KS-059/09 VEDTAK:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 020/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Ordførar orienterte og viste til diskusjonen og tilleggsframlegg frå Sp i sak KS-056/09.

Det vart først røysta over tilråding frå planutvalet:

Tilrådinga frå planutvalet vart vedteke mot 2 røyster (FrP)

Det vart så røysta over tilleggspunktet frå Sp:

Tilleggspunktet frå Sp fall mot to røyster (SP)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	10.02.2008	Tommie Kvamsdal	Melding om tiltak - bygging av naust - gnr 5/44 - Skjelsundet
3	U	13.02.2008	Tommie Kvamsdal	Melding om vedtak - Bygging av naust - Gnr 5/44 - Skjelsundet
4	I	14.04.2009	Odd Henning Midtbø	Spørsmål om oppføring av naust i Skjelsundet
7	I	22.05.2009	Tommie Kvamsdal	Forespørsel om ferdigattest - naust - gnr 5/44

Utskrift vert sendt:

Tommie Kvamsdal

Skjelsundet

5986 HOSTELAND


SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det er gjeve byggeløyve til naust i rekke som sak DFUP 020/08. Vedtaket lyder:

Søknaden om å føre opp naust i rekke med fire andre, innanfor godkjend reguleringsplan for naust, vert godkjent slik teikningar m/vedlegg mottatt 12.02.08 viser, på følgjande vilkår:

- *Korrekte koordinatar for naust skal sendast inn ved førespurnad om bruksløyve / ferdigattest*



Utsnitt av teikningane som er ein del av søknaden

HØYRING


Saka har ikkje vore på høyring.

FAKTA

Reguleringsplanen for naust i Skjelsundet vart vedteken i kommunestyret den 15.12.2005 som sak 060/05. I føresegnene til denne planen står det under overskrifta:

Byggeområde for naust

1. I naustområdet kan oppførast 19 naust, samla i grupper som vist på plankart. Nausta i gruppa nerast flytebrygga kan oppførast med inntil 50 m², medan nausta i dei andre gruppene kan oppførast med inntil 32 m².
2. Nausta skal byggast med einskapleg og harmonisk utforming, med byggestil som tradisjonelt i området. Naust i same gruppe skal vere like, både med tanke på utforming (takvinkel) og farge.
3. Det er ikkje tillate innreiing av rom for opphald på naustlemmane.
4. På plankart er vist fylling for båtoppdrag.
5. Det kan i tillegg til naust oppførast båthus / servicehus med grunnflate inntil 400 m². I dette bygget kan innreiast rom for opphald samt sanitæranlegg, tenkt til service for båteigarar.
6. Det kan etablerast utsal av båt drivstoff innanfor området. Det skal innhentaast eige løyve for dette før slik aktivitet blir oppstarta.
7. Det kan leggast ut flytebrygge med lengde inntil 40 m, vist på plankart.




Utsnitt frå reguleringsplankart vedteken 15.12.2005

Det vart søkt om ei endring av reguleringsplanen og denne vart godkjent i fast utval for plansaker den 14.06.2007. I føresegnene til denne planen står det under overskrifta:

Byggeområde for naust

1. I naustområdet kan oppførast 20 naust, samla i grupper som vist på plankar. Nausta i gruppa nerast flytebrygga kan oppførast med inntil 50 m², medan nausta i dei andre gruppene kan oppførast med inntil 40 m².
2. Nausta skal byggast med einskapleg og harmonisk utforming, med byggestil som tradisjonelt i området. Naust i same gruppe skal vere like, både med tanke på utforming (takvinkel) og farge.
3. Det er ikkje tillate innreiing av rom for opphald på naustlemmane.
4. På plankart er vist fylling for båtoppdrag.
5. Det kan i tillegg til naust oppførast båthus / servicehus med grunnflate inntil 120 m². Bygget kan oppførast i 2 etasjar. I dette bygget kan innreiast rom for opphald samt sanitæranlegg, tenkt til service for båteigarar.
6. Det kan etablerast utsal av båt drivstoff innanfor området. Det skal innhentaast eige løyve for dette før slik aktivitet blir oppstarta.
7. Det kan leggast ut flytebrygge med lengde inntil 40 m, vist på plankart.



Utsnitt frå reguleringsplankart vedteken 14.06.2007

Når ein reguleringsplanen ikkje er utfyllande nok på einskild tema, er det kommuneplanen som gjeld. Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken i Masfjorden kommunestyre den 23.02.2006 som sak 010/06. I føresegnene står det:

Byggjeområde for naust

1. *Område for naustbygging, 3 naust eller fleire, skal ha godkjent reguleringsplan. Innafor byggjeområde for naust kan det delast frå nauttomter på inntil 100 m² og oppførast naust med grunnflate inntil 40 m².*
2. *Nye naust skal tilpassast eksisterande lokal byggjeskikk og ha saltak. Nausta skal ikkje innreias til varig opphald (overnatting m.v.) og mønehøgda skal ikkje overstige 5,5 meter.*
3. *Naust i samanhengande naustområde kan variere i storleik, farge og materialbruk innanfor rammene av lokal byggjeskikk.*
4. *Balkongar er framandelement på naust og skal ikkje tillatast. Naustdører skal ikkje ha garasjeportpreg, men vere i tradisjonell stil. Dersom naustet har loft, skal det vere innvendig trapp så sant inngang ikkje kan skje frå terreng.*
5. *I samband med enkeltsaker må det dokumenterast at det er naudsynpte parkeringsplassar / oppstillingsplassar for bilar i nærleiken av naustområde, samt at tilkomsten er sikra med tinglyst avtale.*

VURDERING

Omsøkt naust i rekke er søkt oppført i eit byggeområde sett av til naust i gjeldande reguleringsplan for Skjelsundet naustområde. Det er sett av areal til 20 naust (samla i grupper) innafor byggeområde. Omsøkt naust er ein del av ei gruppe på 5 naust og det er den første gruppa med naust som vart søkt oppført.

Gjeldande reguleringsplan seier noko om grunnflate på nausta som avvik frå føresegnene til kommuneplanen. Reguleringsplanen vart i si tid sendt på høyring og regionale høyringspartar har fått høve til å uttale seg. Omsøkt naust kan difor lovleg ha ei grunnflate på 50 m².

Gjeldande reguleringsplan seier ikkje noko om mønehøgde for naust. Då er det føresegnene i kommuneplanen som gjeld. Desse føresegnene seier at mønehøgde ikkje skal overstige 5,5 meter. Omsøkt naust har (ut frå skissa som er ein del av søknaden) ei mønehøgde på 7,40 meter. For å kunne bygge eit så høgt naust på omsøkt byggeområde må det dispenserast frå kommuneplanen sin arealdel (pbl § 7). Ein dispensasjonssøknad skal sendast til regionale høyringsinstansar for uttale før kommunen gjev dispensasjon.

Skissa over omsøkt naust viser heilt tydeleg at det skal etablerst altan på naustet. Rådmannen fekk for ein del år sidan (2003/2004) melding om at det var etablert altan på eit nausts i ytre Haugsdal som var under oppføring. Etter ein dialog med tiltakshavar vart det gjort eit politisk vedtak på at altan på naust var å sjå på som ulovleg bygging, og rådmannen gjorde vedtak om retting (2005) med slik grunngjeving:

Masfjorden kommune er oppteken av at naust skal nyttast som naust og at det skal sjå ut som at det vert nytta til naust. Kommunen vil ikkje at ha ei utforming på naust som kan gje inntrykk av at det er innreidd til varig opphald. Vindaug og altan i 2.høgda gjer saman eit slikt inntrykk .

Altanen vart etter dette kledd att av tiltakshavar. Rådmannen kjenner ikkje til andre liknande saker i kommunen. Når då i tillegg kommuneplanen seier heilt tydeleg at altan er eit framandelement på naust og ikkje skal tillatast, vil rådmannen seie seg lei for at dette vart godkjent for omsøkt naust.

Rådmannen ser at omsøkt naust med mønehøgde på 7,40 meter ikkje er handsama som ein dispensasjonssak. Dette er feil sakshandsaming frå kommunen si side. Rådmannen ønskjer ikkje å spekulere i årsaka til at dette vedtaket vart fatta, berre konstatere at dette er vedtaket

bryt med kommuneale planar på to områder. Vedtaket vert gjort for over eit år sidan (febr. 2008) og bygget er no så godt som ferdigstilt.



Kommunestyret var på synfaring 26.02.2009 i samband synfaring i Sløvåg og kommunestyremøte på Nordbygda samfunnshus

Rådmannen var på synfaring med båt i samband med kommuneplanarbeidet den 15.04.09. Bilete til venstre er frå denne båtturen.

Skjelsundet naustområde

Rådmannen ser at vert eit ulovleg vedtak ståande utan at kommunen ”gjer” noko, vil dette kunne danne presedens i komande saker i same byggeområde. Dette vil gjere det utfordrande å handsame nye byggesøknader i tråd med gjeldande planar.

Kommunen kan krevje retting – som at nausta vert reve / senka eller altanen vert kledd att – men sidan tiltakshavar har bygd i god tru og det er gått så lang tid sidan vedtaket vart fatta, rår rådmannen til at det ikkje vert kravd retting no. Eit vedtak om retting skal varslast slik at tiltakshavar kan få høve til å uttale seg.

Ved å oppheve eige vedtak, vert nausta ståande oppført utan byggeløyve – men ikkje utan vidare ulovlege. Bygga i seg sjølv vil ikkje kunne danne presedens for samanliknbare byggesaker i området sidan det ikkje er knytt eit lovleg vedtak til dei. Dette er noko rådmannen kan leve med og det er slik opp til tiltakshavar å søke om dispensasjon for å få ting inn i lovlege tilhøva.

KONKLUSJON

Rådmannen meiner at det ikkje er tvil om at det er gjort eit ulovleg vedtak i denne saka. Kommunen bør difor omgjere eige vedtak med heimel i forvaltningslova § 35 bokstav c).

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	09.06.2009	045/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	18.06.2009	060/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: GNR-5/40	Arkivsaknr.: 08/129
-----------------	---------------------

SAK 060/09 - OMGJERING AV EIGE VEDTAK - BYGGING AV NAUST I REKKJE - GNR 5/40 - SKJELSUNDET - OPPHEVING AV BYGGELØYVE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 022/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Forvaltningslova og plan- og bygningslova

Utskrift til:

Utskrift vert sendt:

Agnete F. og Leif Henrik
Kvamsdal

Skjelsundet

5986 HOSTELAND

FUP-045/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 022/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 09.06.2009:

Ordførar orienterte og saka vart drøfta.

Rådmannen gjorde greie for fakta i saka og la vekt på når kommunen mottek ei dispensasjonssak skal den leggst fram for politisk handsaming og sendast på høyring. Dette er ikkje gjort i denne saka og det er kommunen som har gjort ein feil i si sakshandsaming.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-060/09 VEDTAK:

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 022/08 oppheva.

Grunngjeving:

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit ulovleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Ordførar orienterte og viste til diskusjonen og tilleggsframlegg frå Sp i sak KS-056/009.

Det vart først røysta over tilråding frå planutvalet:

Tilrådinga frå planutvalet vart vedteke mot 2 røyster (FrP)

Det vart så røysta over tilleggpunktet frå Sp:

Tilleggpunktet frå Sp fall mot to røyster (SP)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	U	13.02.2008	Agnete F. og Leif Henrik Kvamsdal	Melding om vedtak - Bygging av naust i rekkje - Gnr 5/40 - Skjelsundet
1	I	13.02.2008	Agnete F. og Leif Henrik Kvamsdal	Melding om tiltak - Bygging av naust i rekkje - gnr 5/40
6	I	22.05.2009	Agnete og Leif Henrik Kvamsdal	Forespørsel om ferdigattest - naust Skjelsundet - gnr 5/40


SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det er gjeve byggeløyve til naust i rekke som sak DFUP 022/08. Vedtaket lyder:

Søknaden om å føre opp naust i rekkje med fire andre, innanfor godkjend reguleringsplan for naust, vert godkjent slik teikningar m/vedlegg mottatt 12.02.08 viser, på følgjande vilkår:

- *Korrekte koordinatar for naust skal sendast inn ved førespurnad om bruksløyve / ferdigattest*



Utsnitt av teikningane som er ein del av søknaden

HØYRING


Saka har ikkje vore på høyring

FAKTA

Reguleringsplanen for naust i Skjelsundet vart vedteken i kommunestyret den 15.12.2005 som sak 060/05. I føresegnene til denne planen står det under overskrifta:

Byggeområde for naust

1. I naustområdet kan oppførast 19 naust, samla i grupper som vist på plankart. Nausta i gruppa nerast flytebrygga kan oppførast med inntil 50 m², medan nausta i dei andre gruppene kan oppførast med inntil 32 m².
2. Nausta skal byggast med einskapleg og harmonisk utforming, med byggestil som tradisjonelt i området. Naust i same gruppe skal vere like, både med tanke på utforming (takvinkel) og farge.
3. Det er ikkje tillate innreiing av rom for opphald på naustlemmane.
4. På plankart er vist fylling for båtoppdrag.
5. Det kan i tillegg til naust oppførast båthus / servicehus med grunnflate inntil 400 m². I dette bygget kan innreist rom for opphald samt sanitæranlegg, tenkt til service for båteigarar.
6. Det kan etablerast utsal av båt drivstoff innanfor området. Det skal innhentast eige løyve for dette før slik aktivitet blir oppstarta.
7. Det kan leggest ut flytebrygge med lengde inntil 40 m, vist på plankart.




Utsnitt frå reguleringsplankart vedteken 15.12.2005

Det vart søkt om ei endring av reguleringsplanen og denne vart godkjent i fast utval for plansaker den 14.06.2007. I føresegnene til denne planen står det under overskrifta:

Byggeområde for naust

1. I naustområdet kan oppførast 20 naust, samla i grupper som vist på plankar. Nausta i gruppa nerast flytebrygga kan oppførast med inntil 50 m², medan nausta i dei andre gruppene kan oppførast med inntil 40 m².
2. Nausta skal byggast med einskapleg og harmonisk utforming, med byggestil som tradisjonelt i området. Naust i same gruppe skal vere like, både med tanke på utforming (takvinkel) og farge.
3. Det er ikkje tillate innreiing av rom for opphald på naustlemmane.
4. På plankart er vist fylling for båtoppdrag.
5. Det kan i tillegg til naust oppførast båthus / servicehus med grunnflate inntil 120 m². Bygget kan oppførast i 2 etasjar. I dette bygget kan innreist rom for opphald samt sanitæranlegg, tenkt til service for båteigarar.
6. Det kan etablerast utsal av båt drivstoff innanfor området. Det skal innhentast eige løyve for dette før slik aktivitet blir oppstarta.
7. Det kan leggest ut flytebrygge med lengde inntil 40 m, vist på plankart.



Utsnitt frå reguleringsplankart vedteken 14.06.2007

Når ein reguleringsplanen ikkje er utfyllande nok på einskild tema, er det kommuneplanen som gjeld. Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken i Masfjorden kommunestyre den 23.02.2006 som sak 010/06. I føresegnene står det:

Byggjeområde for naust

1. *Område for naustbygging, 3 naust eller fleire, skal ha godkjent reguleringsplan. Innafor byggjeområde for naust kan det delast frå nauttomter på inntil 100 m² og oppførast naust med grunnflate inntil 40 m².*
2. *Nye naust skal tilpassast eksisterande lokal byggjeskikk og ha saltak. Nausta skal ikkje innreias til varig opphald (overnatting m.v.) og mønehøgda skal ikkje overstige 5,5 meter.*
3. *Naust i samanhengande naustområde kan variere i storleik, farge og materialbruk innanfor rammene av lokal byggjeskikk.*
4. *Balkongar er framandelement på naust og skal ikkje tillatast. Naustdører skal ikkje ha garasjeportpreg, men vere i tradisjonell stil. Dersom naustet har loft, skal det vere innvendig trapp så sant inngang ikkje kan skje frå terreng.*
5. *I samband med enkeltsaker må det dokumenterast at det er naudsynpte parkeringsplassar / oppstillingsplassar for bilar i nærleiken av naustområde, samt at tilkomsten er sikra med tinglyst avtale.*

VURDERING

Omsøkt naust i rekke er søkt oppført i eit byggeområde sett av til naust i gjeldande reguleringsplan for Skjelsundet naustområde. Det er sett av areal til 20 naust (samla i grupper) innafor byggeområde. Omsøkt naust er ein del av ei gruppe på 5 naust og det er den første gruppa med naust som vart søkt oppført.

Gjeldande reguleringsplan seier noko om grunnflate på nausta som avvik frå føresegnene til kommuneplanen. Reguleringsplanen vart i si tid sendt på høyring og regionale høyringspartar har fått høve til å uttale seg. Omsøkt naust kan difor lovleg ha ei grunnflate på 50 m².

Gjeldande reguleringsplan seier ikkje noko om mønehøgde for naust. Då er det føresegnene i kommuneplanen som gjeld. Desse føresegnene seier at mønehøgde ikkje skal overstige 5,5 meter. Omsøkt naust har (ut frå skissa som er ein del av søknaden) ei mønehøgde på 7,40 meter. For å kunne bygge eit så høgt naust på omsøkt byggeområde må det dispenserast frå kommuneplanen sin arealdel (pbl § 7). Ein dispensasjonssøknad skal sendast til regionale høyringsinstansar for uttale før kommunen gjev dispensasjon.

Skissa over omsøkt naust viser heilt tydeleg at det skal etablerst altan på naustet. Rådmannen fekk for ein del år sidan (2003/2004) melding om at det var etablert altan på eit nausts i ytre Haugsdal som var under oppføring. Etter ein dialog med tiltakshavar vart det gjort eit politisk vedtak på at altan på naust var å sjå på som ulovleg bygging, og rådmannen gjorde vedtak om retting (2005) med slik grunngeving:

Masfjorden kommune er oppteken av at naust skal nyttast som naust og at det skal sjå ut som at det vert nytta til naust. Kommunen vil ikkje at ha ei utforming på naust som kan gje inntrykk av at det er innreidd til varig opphald. Vindauge og altan i 2.høgda gjer saman eit slikt inntrykk .

Altanen vart etter dette kledd att av tiltakshavar. Rådmannen kjenner ikkje til andre liknande saker i kommunen. Når då i tillegg kommuneplanen seier heilt tydeleg at altan er eit framandelement på naust og ikkje skal tillatast, vil rådmannen seie seg lei for at dette vart godkjent for omsøkt naust.

Rådmannen ser at omsøkt naust med mønehøgde på 7,40 meter ikkje er handsama som ein dispensasjonssak. Dette er feil sakshandsaming frå kommunen si side. Rådmannen ønskjer ikkje å spekulere i årsaka til at dette vedtaket vart fatta, berre konstatere at dette er vedtaket

bryt med kommuneale planar på to områder. Vedtaket vert gjort for over eit år sidan (febr. 2008) og bygget er no så godt som ferdigstilt.



Kommunestyret var på synfaring 26.02.2009 i samband synfaring i Sløvåg og kommunestyremøte på Nordbygda samfunnshus

Rådmannen var på synfaring med båt i samband med kommuneplanarbeidet den 15.04.09. Bilete til venstre er frå denne båtturen.

Rådmannen ser at vert eit ulovleg vedtak ståande utan at kommunen ”gjer” noko, vil dette kunne danne presedens i komande saker i same byggeområde. Dette vil gjere det utfordrande å handsame nye byggesøknader i tråd med gjeldande planar.

Kommunen kan krevje retting – som at nausta vert reve / senka eller altanen vert kledd att – men sidan tiltakshavar har bygd i god tru og det er gått så lang tid sidan vedtaket vart fatta, rår rådmannen til at det ikkje vert kravd retting no. Eit vedtak om retting skal varslast slik at tiltakshavar kan få høve til å uttale seg.

Ved å oppheve eige vedtak, vert nausta ståande oppført utan byggeløyve – men ikkje utan vidare ulovlege. Bygga i seg sjølv vil ikkje kunne danne presedens for samanliknbare byggesaker i området sidan det ikkje er knytt eit lovleg vedtak til dei. Dette er noko rådmannen kan leve med og det er slik opp til tiltakshavar å søke om dispensasjon for å få ting inn i lovlege tilhøva.

KONKLUSJON

Rådmannen meiner at det ikkje er tvil om at det er gjort eit ulovleg vedtak i denne saka. Kommunen bør difor omgjere eige vedtak med heimel i forvaltningslova § 35 bokstav c).

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	18.06.2009	061/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 09/394
--------------	---------------------

SAK 061/09 - BUDSJETTREVISJON PR. JUNI 2009

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert føreteke budsjettendringar som følgje av saksutgreiinga innan;

- **Helse** (driftsbudsjettet auka opp med 200.000,-, renteutgift redusert med 200.000,-)
- **Veglys Hosteland** (investeringsbudsjettet)
- **Garderobe- og klubbhus Hosteland**, (investeringsbudsjettet), samt tilleggsøknad om tippemidlar til klubbhusdelen av prosjektet
- **Heimetenester indrefjorden**, (investeringsbudsjettet), tiltak innafor avsette fondsmidlar

Finansiering

Budsjettendringane har finansieringsframlegg som gjer at budsjettet vert justert i balanse

Heimel

Økonomireglement (og Kommunestyret av den 28.mai 09)

Utskrift til:

Fylkesmannen i Hordaland
Revisjonen
Driftseiningane

KS-061/09 VEDTAK:

Det vert føreteke budsjettendringar som følgje av saksutgreiinga innan;

- **Helse** (driftsbudsjettet auka opp med 200.000,-, renteutgift redusert med 200.000,-)
- **Veglys Hosteland** (investeringsbudsjettet)
- **Garderobe- og klubbhus Hosteland**, (investeringsbudsjettet), samt tilleggsøknad om tippemidlar til klubbhusdelen av prosjektet.
- **Heimetenester Indrefjorden**, (investeringsbudsjettet), tiltak innafor avsette fondsmidlar.

Under føresetnad av at Statens vegvesen overtek drifta av anlegget kan Masfjorden kommune gå inn med kr. 70 000,- for å få fullført veglysa på Hosteland. Finansiering ved bruk av fondsmidlar.

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Ordførar orienterte kort om saka før ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen gjekk gjennom viktige punkt i saksutgreiinga.

Saka vart drøfta.

Laila Solhaug Reknes (Ap) ba om at det vart sett av tid til eit gruppeleiar møte for å drøfte veglys Hosteland.

Møtet vart heva.

Frode Langhelle (H): sa at gruppeleiar møte har diskutert veglys Hosteland og gruppeleiarane var samde om at slike saker vil ein ikkje ha fleire av. Gruppeleiarane la fram følgjande tillegg til framlegg til vedtak:

- Under føresetnad av at Statens vegvesen overtek drifta av anlegget kan Masfjorden kommune gå inn med kr. 70 000,- for å få fullført veglysa på Hosteland. Finansiering ved bruk av fondsmidlar.

Framlegg til vedtak med tilleggssetninga frå gruppeleiarane vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	26.05.2009	Nordbygda helselag v/Kjell Løvik	Veglys Hosteland - søknad om tilskot
3	I	28.05.2009	Masfjorden kyrkjelege fellelsråd	Søknad om tilleggsøyving til kjøp av ny klyppemaskin

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

1.tertialrapport 2009, dårleg skatteinngang – sett i høve til opphavleg budsjett 2009, skatteanslaget redusert med 1 mill.kr. under budsjettsalderinga – med spesielt skatteinngangen april 09 gav stor usikkerheit, kombinert med nokre andre saker som har dukka opp den seinare tid (veglys, klubb- og garderobebygg ved sentralbaneanlegget), ga grunnlag for budsjettrevisjon allereie i juni med tanke på tilpassing av 2009 budsjettet i tråd med endra realitetar.

FAKTA & VURDERING**1) Frie inntekter;**

Skatteinngang – budsjett justert ned med 1 mill.kr. frå 42,8 til 41,8 mill.kr. på årsbasis. Skatteinngangen i mai var bra, men ein ligg allereie ved utgangen av mai 09 under justert budsjett.

AVVIKSANALYSE SKATTEINNGANG/BUDSJETT TOTALT

	Budsjett	Justert budsjett	Skatteinngang	Endring i kr forhold til budsjett	Endring i % forhold til budsjett
Januar	3 800	3 800	3 816	16	0,42 %
Februar	9 600	9 600	9 654	54	0,56 %
Mars	14 900	14 900	14 983	83	0,56 %
April	21 700	20 700	20 041	-659	-3,18 %
Mai	26 900	25 900	25 792	-108	-0,42 %

AVVIKSANALYSE SKATTEINNGANG/BUDSJETT PR MÅNAD

	Budsjett	Justert budsjett	Skatteinngang	Endring i kr forhold til budsjett	Endring i % forhold til budsjett
Januar	3 800	3 800	3 816	16	0,42 %
Februar	5 800	5 800	5 838	38	0,66 %
Mars	5 300	5 300	5 329	29	0,55 %
April	6 800	5 800	5 058	-742	-12,79 %
Mai	5 200	5 200	5 751	551	10,60 %

Prognose på årsbasis etter revidert nasjonalbudsjett 2009, tilseier ein skatteinngang på 41,5 mill.kr. (jf. påfølgjande tabell), 0,3 mill.kr. mindre enn justert budsjett – og ser dermed ikkje noko behov for ytterlegare justeringar av frie inntekter i denne omgang, nærare oppfølging i 2.tertialrapport.

	2008	2009
MASFJORDEN		
	PROGNOSE	
1000 kr	2008	2009
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	12 424	15 666
Utgiftsutjevning	14 524	16 991
Overgangsordninger/INGAR (fra 2009)	-4	-100
Utenfor overgangsord (inkl oppgavediff)	281	178
Nord-Norge-tilskudd/Namdalstilskudd	-	-
Hovedstadstilskudd Oslo	-	-
Småkommunetilskudd	5 296	5 535
Distriktstilskudd Sør-Norge	-	-
Inndelingstilskudd (før 2004 også storby)	-	-
Veksttilskudd	-	-
Ekstra skjønn 2004 og 2005	-	-
Ordinært skjønn (for 2007 og 2008 inkl restskjønn)	1 209	1 000
herav gradvis bortfall av dif.arbeidsgiveravgift	-	-
Skjønn til skattesvakekommuner i Sør-Norge	-	-
Just overgangsord med mer momskomp 05/skjønn momskomp 08	-	-
Engangskompensasjon - etteroppgjør for 2004 momskomp	-	-
Kompensasjon manglende bagatellmessig støtte	-	-
Ekstra skjønn KR D	-	-
Feil inntektsutj 07	-3	-
Komp lønn 2006	-	-
Tiltakspakken - økte frie inntekter / komp skattetap	-	903
RNB2009 - økt innbyggertilskudd/trekk storbymidler til psykisk helse	-	421
Sum rammetilsk uten selskapsskatt	33 727	40 593
Selskapsskatt	6 714	0
Sum rammetilsk. ekskl inntektsutj.	40 441	40 593
"Bykletrekket" (anslag)	-5	-2
Netto inntektsutjevning	-5 853	-3 030
Sum rammetilskudd	34 583	37 561
Rammetilskudd - endring i %	10,6	8,6
Skatt på formue og inntekt	40 202	41 509
Skatteinntekter - endring i %	2,2	3,3
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	74 785	79 100

2) løna permisjon kommunelegane (jf. særavtale mellom KS og legeforeninga § 10.4) – budsjettendringar 2009 og opplegg for årleg avsetjingar;

§ 10.4 i særavtalen inneber at ein lege med relevant spesialitet har rett til 4 månaders utdanningspermisjon med løn pr. 5 års periode. Kommunelege I er innvilga permisjon frå 1.9.2009. Kommunen får ekstra kostnader knytt til legevikar – for 2009 vil dette utgjere om lag 200.000 i meirutgifter som ikkje er budsjettet.

Tilrå at helsebudsjettet vert tilført kr. 200.000 – vikarpost og at sum rentekostnad innlån vert redusert ned med 200.000,-.

Permisjonsretten inneber at ein bør gjere årlege avsetjingar til fond, slik at ein ikkje finansiering på plass når permisjon vert teke ut → forhold som må følgjast opp i samband med rammesaka, og som innspel i forhold til budsjett og økonomiplan.

Plan/ønskje om uttak av permisjon 2010, inneber at det er behov for legevikar for store deler av 2010, slik at for dette året vil meirkostnaden bli 6-800.000,-. Dersom økonomien i 2009 opnar for å gjere avsetjingar, vil ein tilrå avsetjing til fond i 2009 til å dekkje meirutgift i 2010. Dette kjem ein attende til ved seinare budsjettrevisjonar og/eller 2.tertialrapport. Dersom legane får løn frå andre i permisjonstida, skal dette refunderast kommunen eller vere grunnlag for trekk løn frå kommunen jf. § 10.5 i særavtalen – noko som vil redusere nettokostnaden for kommunen.

3) **veglys Hosteland**, følgjande skriv vart lagt fram for Kommunestyret den 28.mai 09 og kor det vart lagt til grunn at søknaden vart handsama i neste Kommunestyremøte.

VEGLYS HOSTELAND-SØKNAD OM TILSKOT

Det har i to år vore jobba med å få veglys langs gangvegen frå skulen og fram til kryss bustadfelt v/Auto Mek.

Det har vore søkt Gjensidigefondet om tilskudd på kr.75.000,og dette er no innvilga og utbetalt.

Helselaget har henta inn pris frå Masfjorden Elektro på levering og montering. Totalpris på prosjektet er sett til kr. 215.000.- eks.mva.

Det mangler difor kr. 140.000 for å få prosjektet realisert.

Nordbygda Helselag vil derfor be kommunen bevilga kr. 140.000.- slik at ein kan få gjennomført dette.

Søknaden frå Nordbygda helselag inneber at tiltaket må førast i kommunerekneskapen, og at kommunen står som formell eigar av anlegget. Som er i tråd med Kommunestyrevedtak i sak 100/08.

KS-100/08 VEDTAK (AV 11.12.2008);

6. Masfjorden kommune står for utbygging av veglys på Hosteland under føresetnad av ekstern finansiering av kr 75.000. Kommunal finansieringsdel vert å koma attende til i sak om budsjettsaldering. Veglysa vert overført til Statens vegvesen for løpande drift.

Søknaden frå Nordbygda helselag inneber og at tiltaket vert fullfinansiert med tilskot Gjensidigefondet og kommunen, utan eigenfinansieringsdel for helselaget. Ut i frå andre gjennomførte tiltak og andre søknader, må det som eit minimum stillast krav til eigenfinansieringsdel søkjar og dugnadsinnsats.

Vedtaket gjort i Kommunestyret (11.12.08) inneber og føresetnader kring avklaringar med Statens vegvesen om overtaking og drift, noko som ikkje er på plass. Søknadsgrunnlaget er basert på pristilbod frå ein leverandør.

Kommunen har fått andre søknader om støtte til veglys frå fleire hald, desse er fortløpande meldt inn til arbeidsgruppe for kommunale vegar og veglys for oppfølging og vurdering. Støtte (ved å imøtekomme søknaden frå Nordbygda helselag slik den ligg føre) til veglys Hosteland utanom å vurdere dei andre søkjarane vil kunne oppfattast som "sniking" i køen, og danne praksis for framtidige søknader om økonomisk støtte veglys. Før det vert teke ein heilheitleg vurdering av innkomne søknader om veglys, held ein fast på tilråding i budsjettalderingssaka – ingen kommunal støtte.

Budsjettendring 2009:

02309 – 1200 – 33305	75.000 materiell og utstyr
04290 – 1200 – 33305	18.750 moms
17280 – 1200 – 33305	-18.750
15700 – 1200 – 33305	18.750

Finansiert med;

09700 – 1200 – 33305	-18.750 overføring frå drift knytt til mva.komp
08900 – 1200 – 33305	-75.000 anleggsbidrag Nordbygda helselag, med utgangspunkt i midlar frå Gjensidigefondet

4) Klubbhus & garderobebygg Hosteland, Nordbygda sentralbaneanlegg

Viser til budsjettalderingssaka, kor ein justerte budsjett i tråd med søknad om tippemidlar, men som tidlegare opplyst, er ikkje dette tilstrekkeleg.

Viser til rekneskapen 2008, note 9 (side 15) – udekka sum idrettsanlegg med 1.009.756,45. Brutto rekneskapstal pr. 10.6.09 utgjer kr. 1.890.624,20.

Prosjektet er i løpet av våren 2009 splitta i 2 prosjekt, kor ein skjel mellom 1) garderobebygg og 2) klubbhus.

Byggjerekneskap for garderobebygget vart sendt inn 14.mai, og revisorattestert 15.mai, med ein bruttokostnad med nær 2,3 mill.kr., og vi har fått melding (av 26. mai '09) om utbetaling av tilskot med kr. 700.000,-, slik at 1.del er no gjort opp med omsyn til tippemidlar.

Overskriddinga på prosjektet gjer at ein prøver med tilleggsøknad om tippemidlar – knytt til klubbhusdelen (jf. dialog som m.a. ordførar har hatt med Hordaland fylkeskommune, kultur og idrettsavdelinga), søknad som først kan komme i 2010. Status i byggjerekneskapen for klubbhuset utgjer litt over 1,5 mill.kr pr. 10.6.09. Dugnad, rabattar skal i tillegg inn, samt at det kjem til å komme fleire kostnader, desse skal dekkast av Masfjorden fotballag, men kjem i tillegg til prosjektrekneskapen, slik at ein reknar med at bruttokostnad klubbhusdelen vil passere 2,1 mill.kr., og at ein kan få ut 700.000 i nye tippemidlar til totalprosjektet.

Budsjettendring 2009, kostnader og finansiering;

- sum udekka pr. 31.12.08 med 1.009.756,45 → konto 05300 – 1200 – 38102,
- finansiert med tippemidlar utbetalt med 700.000 (08900 – 1200 – 38102) og bruk av fond 309.756,45 (09400 – 1200 – 38102) som del av kommunalt tilskot med 400.000

sum brutto ført i 2009 rekneskapen med kr. 1.890.624,20, finansiert med,

- overføring frå drift til investering knytt til mva.komp. investering (17280/04290 – 38102 med i alt kr. 379.394,72
- bruk av fond (rest av løyving 400.000 – bruk udekket pr. 31.12.08 → 90.243,55
- bruk av avsette midlar til Masfjorden fotballag 2008 med 125.000 – disp.fond drift
- ny tippemiddelsøknad, 700.000 – finansiering tidlegast 2010
- sum til fakturering Masfjorden fotballag 595.000, kor ein trekkjer frå årets driftstilskot med 125.000 som inngår i finansieringa og netto rekning på 470.000,-, samt forbehold kring kor stort tippemiddel tilskot ein får – slik at kravet overfor fotball laget kan bli større.

Alle rekningar og utlegg som kjem heretter knytt til klubb- og garderobebygget vert stila til fotballaget, ovannemnde kan ein såleis sjå på som eit sluttrekneskap frå kommunen si side.

5) søknad om tilleggsloøyving Masfjorden kyrkjelege fellelsråd

Søknad av 28. mai 09 om tilleggsloøyving på inntil kr. 90.000 brutto (dvs. inkl. mva.) til kjøp av ny klyppemaskin. Søknad som saksvedlegg. Sakshandsamar har vist til investerings- og finansieringsramme for økonomiplanperioden 2009-12 for kyrkja, og at denne kan brukast som grunnlag for investeringa.

Legg opp til at Masfjorden kyrkjelege fellelsrådet får ei årleg finansieringsramme (for investeringar) i økonomiplanperioden.

Prosjekt	Totalsum	Kostnad og finansiering 2009				Kostnad og finansiering 2010				Kostnad og finansiering 2011				Kostnad og finansiering 2012			
		Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
Kyrkja/kyrkjegardar:	4 500	1500	0	0	1500	1000	0	0	1000	1000	0	0	1000	1000	0	0	1000

Kommunen står for indirekte finansiering - MKF eige juridisk eining - kommunen kompensere for avdrag på lån fellelsrådet tek opp. Statleg finansieringsordning
Avdrag vert ført i kommunen sin driftsrekneskap- og midlar må budsjetterast inn i framtidige driftsbudsjett.

6) investering v/heimetenester indrefjorden

Viser til 1.tertialrapport (5.kulepunkt under *kommentarar til investeringsrekneskapen pr. 30.4.09*), og legg opp til følgjande **budsjettendringar i 2009 budsjettet**;

02309 – 1200 – 26504	385.000	materiell og utstyr etc.
04290 – 1200 – 26504	96.250	moms
17280 – 1200 – 26504	- 96.250	
15700 – 1200 – 26504	96.250	

Finansiert med;

09700 – 1200 – 26504	-96.250	overføring frå drift knytt til mva.komp
09400 – 1200 – 26504	-385.000	opparbeidde fondmidlar (disp.fond.drift)

KONKLUSJON

Gjer ingen budsjettendringar innan skatt og rammetilskot (frie inntekter) i denne omgang, skatteinngang mai bra.

Justering av helsebudsjettet 2009 grunna løna permisjon, jf. særavtale som heimlar dette, og finansiering i form av reduserte renteutgifter (inn)lån.

Veglys Hosteland, budsjettjustering avgrensa til utføring av tiltak innafor finansieringsramma Gjensidigefondsmidlane tilseier.

Klubb – og garderobebygg – store overskridingar i høve opphavleg plan og budsjettsalderingssaka, og budsjettendringar i tråd med dei faktiske forholda, og ny tippemiddelsøknad med 700.000 i tippemidlar.

Søknad om tilleggsøyving frå Masfjorden kyrkjelege fellesråd vert ikkje imøtekommen, har fått investerings- og finansieringsramme som dei kan nytte.

Budsjettendring investeringstiltak heimetenester indrefjorden jf. 1.tertialrapport og tiltak gjennomført innanfor opparbeidde fondsmidlar over fleire år.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	09.06.2009	050/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	18.06.2009	062/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 09/386
--------------	---------------------

SAK 062/09 - RAMMER FOR BUDSJETT 2010 OG ØKONOMIPLAN 2010-2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Den økonomiske inntektsramma for 2010 tilseier at ein kan oppretthalde tilnærma same drift som inneverande år (2009).
2. Investeringsplan i tråd med justert 2009 budsjett, med tiltak som og vil gå inn i 2010, og elles i tråd med eksisterande økonomiplan.
3. Rådmannen skal innan utgangen av oktober 2009 leggje fram eit balansert driftsbudsjett 2010 & økonomiplan 2010 – 13 i balanse, samt ajourført investeringsplan 2010-13 (framlegging i samband med Kommunestyremøte i oktober, framføre oppstart politisk handsaming av budsjettet, formannskapet – november, og budsjettvedtak K-styret i desember 2009)

Finansiering: Budsjett/rammene er i balanse

Heimel: Økonomireglementet

Utskrift til:

Driftseiningane
Revisjonen

FS-050/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Den økonomiske inntektsramma for 2010 tilseier at ein kan oppretthalde tilnærma same drift som inneverande år (2009).
2. Investeringsplan i tråd med justert 2009 budsjett, med tiltak som og vil gå inn i 2010, og elles i tråd med eksisterande økonomiplan.
3. Rådmannen skal innan utgangen av oktober 2009 leggje fram eit balansert driftsbudsjett 2010 & økonomiplan 2010 – 13 i balanse, samt ajourført investeringsplan 2010-13 (framlegging i samband med Kommunestyremøte i oktober, framføre oppstart politisk handsaming av budsjettet, formannskapet – november, og budsjettvedtak K-styret i desember 2009)

Finansiering

Budsjett/rammene er i balanse

Heimel

Økonomireglementet

Det skjedde i Formannskapet den 09.06.2009:

Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-062/09 VEDTAK:

1. Den økonomiske inntektsramma for 2010 tilseier at ein kan oppretthalde tilnærma same drift som inneverande år (2009).
2. Investeringsplan i tråd med justert 2009 budsjett, med tiltak som og vil gå inn i 2010, og elles i tråd med eksisterande økonomiplan.
3. Rådmannen skal innan utgangen av oktober 2009 leggje fram eit balansert driftsbudsjett 2010 & økonomiplan 2010 – 13 i balanse, samt ajourført investeringsplan 2010-13 (framlegging i samband med Kommunestyremøte i oktober, framføre oppstart politisk handsaming av budsjettet, formannskapet – november, og budsjettvedtak K-styret i desember 2009)

Det skjedde i Kommunestyret den 18.06.2009:

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	04.06.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Ordinært skjønstilskot for 2010

- Kommuneproposisjonen for 2010 – st.prp. nr. 58 (2008-09)
- Fylkesmannen i Hordaland – revidert nasjonalbudsjett 2009 – kommuneopplegget 2010
- Fylkesmannen i Hordaland – uttale til 2009 budsjettet
- KS prognosemodell etter revidert nasjonalbudsjett/Komm.prp
- Rekneskapen & årsmeldinga 2006/07/08, budsjett 2009 og budsjettsaldering 2009, samt 1.tertialrapport 2009

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyre skal innan utløpet av året vedta årsbudsjettet for neste kalenderår og rullering av økonomiplanen. Årsbudsjettet er eit overslag over kommunen sine inntekter for det aktuelle år, og er ein bindande plan for bruk av dei økonomiske ressursane ein har til rådvelde. Budsjettet er det primære styringsinstrument i økonomiforvaltninga. Arbeidet med budsjettet er ein løpande og kontinuerleg prosess. Tildeling av rammer er den viktigaste fasen i budsjettarbeidet. Det er her ein opnar for prioritering og kor utøving av politikk bør skje, og det er difor viktig at politikarane er aktive i denne fasen. Når rammene er fastsett vil administrasjonen utarbeida detaljbudsjett innan rammene.

HØYRING

Den 22. mai ba ein pr. e-post (driftseiningane/tenesteområda) om innspel til rammesaka på endringsforhold i høve til (saldert) 2009 budsjett, endring i drift (auke & reduksjonar) med verknad frå 2010 og forhold som gjeld investeringsbehov framover. Saka skal opp til politisk handsaming i juni, og må vere ferdig handsama innan 3. juni. Ber om innspel innan 27. mai 09

UTTALE

Heimetenester indrefjorden, har følgjande innspel:

- Investeringsbehov: Garasjebygg til leigebil på Haugsvær kr 125.000.
- Endra drift:
 - 1) Husleige inntekter på teneste 26504 vil slik det ser ut falle bort. Gjeld kr.50 000 årleg. Ingen etterspurnad etter ledig bustad.
 - 2) Frå aug.09 er det 2 ledige bustader på teneste 26503. Er budsjettert med mindre forventa inntekter i 09. Gjeld og i 2010. Ingen søknader. Generelt lite etterspørsel.
 - 3) Einekavane AS: Dagtilbod har vore for lågt budsjettert med om lag kr.25 000. Alle 5 plassar har vore nytta av brukarar i Indrefjorden.
 - 4) Avtalefesta tillegg både for fast tilsette og vikarar har vore for lågt budsjettert. Må justerast opp med om lag kr.36 000 på faste og 20 000 på vikarar. Dette skuldast ikkje auka drift, men kraftig lønsauke på tillegg i 08.

Indrefjorden barnehage, har følgjande innspel:

Drifta;

- Pr i dag ser det ut til at vi held budsjettet på tenestene 20103 og 22103 (ansvar 2160) for 2009, men for teneste 21103 (styrka tiltak) er behovet større enn budsjettert for 2009 . Sjå

rapportering pr. 30.04.09. Når det gjeld 2010-budsjett og løn har eg ikkje oversyn pr.d.d.. Vi får nedgang i barnetal frå haust 2010.

Investeringsbehov for 2010 :

- Opprusting av kjøkken i Indre Masfjorden barnehage (kostnad mellom 30 og 70 tusen, alt etter kva ein vel å gjere og kven som skal gjere arbeidet)
- Støydemping i tak i Indre Masfjorden barnehage. Delar av dette er det ynskje om å få gjort på 2009-budsjettet.

[Sandnes barnehage](#), sjå eiga sak til formannskapet 9. juni.

[Psykiatrisk helsevern \(teneste 24106\)](#), har følgjande innspel:

- Ref. Plan for Psykisk Helse (PPH) 2007 – 2010
 - o Oppfølging av moment i planen for 2010.
- Auka bemanning bemanna bufellesskap
 - o Er no i gang med utbygging av fleire omsorgsbustader og ein nærare tilpassing av tiltak bemanna bufellesskap for psykiatriske pasientar.
 - o Dette vert meldt inn frå Nystova då organisering ligg der pr i dag.
 - o Ref PPH pkt. 9.1 (bustadar vaksne)
- Beredskap (obs 2009)
 - o Psykiatrisk sjukepleier har hatt og har ulønna vakt i 5 år
 - o Ein har drøfta beredskap i ulike former
 - o Har sendt inn krav ift dette pr 021008 og purra på oppfølging av dette 060509.
 - o Kr. 100.000 avhenging av kor mykje telefonar og uttrykkingar det vert
 - o Ref m.a.. PPH pkt 11.6
- Leasingebil (obs 2009)
 - o Køyrrer 10000 – 12000 km i jobb med eigen bil, Har bede om vurdering av leasingbil, og fått overslag pr 021108 kr. med ca 90.000 pr år. Trekker ein frå ca kr 45000 til kjøregodtgjersle har ein ein auke på ca kr 45000. Denne kan reduserer ift nytte av bil med grønne skilt. (refusjon av mva)

[Helsesyster](#), har følgjande innspel:

Viser til kommentarar til Helsesøstertenesta sitt budsjett/ forbruk innsendt til 1.tertialrapport. I høve 2010 budsjettet er det viktig å ta med dei endringane i utgifter som er medteken i kommentarane.

- I tillegg treng helsesøster ny vekt på kontoret,elektronisk,med transportkasse(til å ta med rundt på skulane) ,ca 1000,-kr
- Har ynskje om å kjøpe inn nye synstavler(oppdaterert i høve tilråding frå øyelegane), ca 1000,-kr
- Helsesøster og kommunefysioterapeut skal vidareutvikle Skrivedans-prosjektet til 1. klassingane i kommunen,treng innkjøp av utstyr(video,lærebok og oppgaver til kopiering 4000,-kr

Dette medfører at utstyr må aukast til 6000,- kr for 2010.

[Masfjorden sjukeheim](#), har følgjande innspel:

Investering behov - felles **26100**

- Sjukesignalanlegget på sjukeheimen har over eit par år mangla kontroll og vedlikehald fordi vår leverandør har gått konkurs. No er det nye som har overteke og vil gjerne drifte anlegget vårt. Me har hatt gjennomgang med den nye leverandør på kva som trengst av vedlikehold, retting av feil og oppgradering av anlegget. Vi manglarsignalanlegg på det nye sjukerommet på korttid, samtidig som vi ser behovet for signalanlegg både på pårørende rommet og røykerommet fordi disse romma blir brukt til overbelegg. Pris for å ordne og oppgradere

anlegget vil komme på vel 150 000,-, dette er litt usikkert fordi dei ikkje veit kor lang tid dei vil trenge, og det er arbeidspengar og reise som vil koste.

Masfjorden sjukeheim, pleieavd. har følgjande innspel:

- forhold til dei nye omsorgsbustadane/ psykiatribustadane på Hosteland er det planlagt ein avlastningsbolig (for barn som i dag har avlastningstilbod i heimar) usikker på kva dette vil kreve av personal ressursar, vil tru at det kan bli litt meir avlastning når ein får einfast avlastningsplass? Seier berre frå om det slik at det ikkje blir gløymt...
- På sjukeheimen har me ikkje takheisar, noko som me skulle hatt frå huset var nytt. No er det komt eit nytt system der takheis kan festast på vegg og ein kan ha skinne i taket sjølv om me har skråtak. Veit ikkje heilt kva dette vil koste å få innstalert, men å oppgradere nokre rom med takheis hadde vore veldig bra!! Pris for eit rom er ca 100 000,- , men usikker for eg har ikkje fått eksakte prisar på dette enno?

Nytt løns- og økonomissystem – jf. elles skriv og melding → investering 2010

- Viser til tidlegare orienteringssak og oppstartsvedtak av prosess kring nytt løns- og økonomissystem. Dette er no lagt ut på Doffin, og det er pr. i dag vanskeleg å seie noko om kostnadsomfanget av dette prosjektet. Det kjem ann på evt. kor mange ulike funksjonar ein vel å gå inn på. Som utgangspunkt kan ein ha tilsvarande overgangar frå andre kommunar, der ein har hatt ei kostnadsramme på rundt 1,2 mill - 1,5 mill.

FAKTA

Kommuneopplegget for 2010 - generelt :

Det er gitt signal om ein vekst i dei frie inntektene for kommunane med om lag 2,5 mrd. frå 2009 til 2010. Denne veksten er rekna i høve til det inntektsnivået som blir lagt til grunn for i år no i revidert nasjonalbudsjett. Dette er realvekst. Prisjustering frå 2009 til 2010 vil difor kome som eit tillegg. Deflatoren som blir nytta til prisjustering vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten. Vedlagt tabell syner fordelinga av pårekna auke i frie inntekter på kr. 2,5 mrd. samla mellom kommunane, i mill. kr. Utgangspunktet for pårekna vekst i frie inntekter i 2010 er som nemnd inntektsnivået i 2009 i revidert nasjonalbudsjett. Dersom skatteveksten i år blir høgare enn 5,5 % for kommunane samla, vil difor inntektsveksten frå 2009 til 2010 bli justert ned tilsvarande. Skatteøyret blir difor fastsett først i statsbudsjettet til hausten for å tilpasse veksten til denne målsetjinga.

Det er lagt opp til at auken i dei fri inntektene frå 2009 til 2010 skal dekkja auka ressursinnsats i kommunane til :

- Meirutgifter som følgje av den demografiske utviklinga. Folketalet aukar totalt og særleg i aldersgrupper som krev ekstra ressursinnsats frå kommunen. Dette vil både vere barn i skulepliktig alder og dei eldste av dei eldre.
- Oppfølging av Omsorgsplan 2015 der målsetjinga er 12 000 nye årsverk innan 2015.
- Stortinget har vedteke i Omsorgsplan 2015 at alle kommunane skal tilby tilrettelagte dagaktivitetstilbod til demente innan 2015. Det er lagt til grunn at dei frie inntektene skal gi kommunane høve til oppbygging av dagtilbodet for demente.
- Det er rekna med ein auke i kommunane sine pensjonskostnader med om lag kr. 600 mill. i 2010 (den veksten i pensjonskostnadene som svarer til lønsveksten inngår i deflatoren for prisjustering).
- Ei styrking av det kommunale barnevernet og av skuletilbodet.
- I statsbudsjettet for 2006 blei det gitt kr. 430 mill. i rammeoverføring til utskifting av lærebøker som blei vidareført i 2007 og 2008. Det er lagt til grunn at utskiftinga av lærebøker er gjennomført i 2008. Inntektsramma er likevel vidareført i 2009, og dette

frigjer midlar til å styrka undervisninga i norsk og matematikk frå og med skuleåret 2009 - 2010, 1. - 4. trinn.

- Kommunane vil i 2010 bli kompensert for heilårsverknaden av styrka undervisning, det vil sei auken frå 5 månader i 2009 til heile året i 2010. Dette utgjer ein auke frå 2009 til 2010 med kr. 602 mill., til ei samla inntekt med i overkant av kr. 1,0 mrd. i 2010. Denne veksten i frie inntekter (kr. 602 mill.) kjem i tillegg til den ordinære veksten i dei frie inntektene (kr. 2,5 mrd.).

Innlemming av øymerka tilskot

Det er ikkje lagt opp til innlemming av øymerka tilskot i rammeoverføring for kommunane i 2010. Øymerka tilskot til folkehelse og tekniske fagskular vil bli innlemma i rammeoverføringa til fylkeskommunane. I år er tilskot til psykisk helsearbeid innlemma i rammeoverføring. Det er t.o.m. 2008 gitt eit ekstra tilskot til dei fire største byane (Bergen kommune m.fl.) i samband med psykiatrisatsinga til særskilte storbytiltak. Tilskotet til storbytiltak blei også innlemma i rammeoverføring i år, men innlemming knytt til storbytiltak vil bli reversert tilbake til øymerka tilskot. Det var opphavleg planlagt å innlemma øymerka tilskot barnehagar i rammeoverføring frå og med 2009. Dette er utsett til 2011. Både driftstilskot, tilskot til tiltak for barn med funksjonshemming og skjønsmidlane barnehagar er planlagt innlemma i 2011. Innføring av nytt finansieringssystem ikkje - kommunale barnehagar i 2011 er tilpassa til tidspunktet for innlemming av det øymerka tilskotet i rammeoverføring.

Kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga i rammeoverføring vil bli justert for 2011 for å unngå større omfordeling mellom kommunane når eit så stort øymerka tilskot som barnehagetilskotet blir innlemma. Det er difor ikkje lagt opp til noko justering av kostnadsnøklane for 2010. Det vil i staden bli ei samla gjennomgang av kostnadsnøklane for 2011. Innlemming av øymerka tilskot i rammeoverføring vil vere omfatta av den nye overgangsordninga (INGAR) slik at utslag frå det eine året til det neste blir avgrensa for kvar kommune.

Skjønstilskot

Det er ikkje lagt opp til vesentlege endringar i ordninga med skjønstilskot for kommunane. I skjønssramma er det rekna med kompensasjon for kommunar som i 2004 fekk høgaste sats for arbeidsgivaravgift utan å ha blitt tilbakeført til lågare avgiftssats seinare (2007). Denne kompensasjonen vil bli justert opp med pårekna lønsvekst. Kompensasjon for omlegginga av inntektssystemet frå 2002 (nye busetjingskriterium, bortfall ekstraordinært skjønstilskot) blir vidareført som ordinære skjønsmidlar. Denne kompensasjonen skal ikkje lenger vere direkte knytt til dei aktuelle kommunane men inngå i basisramma som fylkesmannen fordeler mellom kommunane i fylket. Prosjektskjøn inngår som ein del av skjønssramma. Basisramma for kommunane utover dette er om lag uendra. Som i år vil kr. 100 mill. for heile landet bli sett av til inntektssvake kommunar i Sør - Noreg. Denne ramma vil bli fordelt mellom fylka, og fylkesmennene vil deretter fordela rammene mellom kommunane. Tilskotet skal gå til kommunar med lågt nivå på dei frie inntektene og som ikkje mottek distriktpolitiske tilskot.

Kvalitetskommuneprogrammet

138 kommunar deltek i Kvalitetskommuneprogrammet med prosjekt for betre kvalitet og reduksjon i sjukefråveret, innafor pleie- og omsorgssektoren og oppvekstsektoren. Sjukefråveret i kommunesektoren har auka frå 9,5 % i 2007 til 9,8 % i 2008. I kvalitetskommunane har sjukefråveret vore stabilt i denne perioden, med nedgang i nokon kommunar. Dette resultatet må likevel bli vurdert i samanheng med at sjukefråveret i dei fleste kvalitetskommunane i

utgangspunktet var høgt. Evaluering av programmet viser at dette har styrka det interne samarbeidet i dei aktuelle kommunane. Kvalitetskommuneprogrammet er i det siste året i 2009. For å dra nytte av dei erfaringane som er gjort, vil det bli vurdert ei ordning med demonstrasjonskommunar frå 2010.

Nytt inntektssystem, innført frå og med 2009

Det blir lagt opp til å auka inntektsutjamninga frå 55 % til 60 % over 3 år ; 2009 : 57 %, 2010 : 59 %, 2011 : 60 %. Tilleggskompensasjonen (35 % under skattenivå 90 % av landsgjennomsnittet) blir vidareført.

Elles blir endringane innført frå og med 2009 vidareført i 2010 ;

Kommunar med under 3200 innbyggjarar får eit småkommunetilskot. Maksimalt skattenivå i høve til landsgjennomsnittet for å kunne få tilskotet er 120 %, på grunnlag av gjennomsnittlege skatteinntekter dei siste 3 åra. Tilskotet er i år kr. 5,5 mill. for kvar kommune. Det er innført eit nytt distriktstilskot for kommunar i Sør - Noreg med over 3200 innbyggjarar og eit skattenivå under 120 % av landsgjennomsnittet pr. innbyggjar dei siste 3 åra. Sju kommunar i fylket er omfatta av ordninga. Det er innført eit eige veksttilskot til kommunar som dei siste 3 åra har hatt ein gjennomsnittleg årleg vekst på minst 175 % av landsgjennomsnittet. Det blir gitt eit tilskot på kr. 40 000,- for kvar ny innbyggjar utover vekstgrensa, dvs. utover 175 % av landsgjennomsnittet.

Nye telletidspunkt for innbyggjartal i inntektssystemet blei innført for 2009 og blir vidareført for 2010 ;

01.07.2009 for innbyggjartilskot, overgangsordning og aldersfordeling i utgiftsutjamninga

01.01.2010 for inntektsutjamninga


01.01.2009 for andre kriterium (enn aldersfordeling innbyggjarar) i utgiftsutjamninga


Det er innført ei ny overgangsordning frå og med 2009 (INGAR). Denne skal vere ein garanti for at ingen kommunar får ei utvikling i rammeoverføring som ligg meir enn kr. 300,- pr. innbyggjar under landsveksten pr. innbyggjar, frå det eine året til det neste. Ordninga omfattar endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar og endringar i kriteriedata. Ordninga omfattar ikkje endringar i inntektsutjamninga frå det eine året til det neste - som følgjer av skatteutviklinga - eller endringar i skjønstilskot og veksttilskot.

Tabell for auka rammeoverføring i revidert nasjonalbudsjett 2009 og pårekna vekst i frie inntekter 2010 (frå RNB 2009). Tal i mill. kr.

Revidert nasjonalbudsjett 2009		
i mill. kr	Auka ramme- overføring i revidert nasjonalbud.	Pårekna vekst i Frie inntekter 2010 Frå RNB-2009
KOMMUNE	2009	
Masfjorden	0,4	1,1

MASFJORDEN	InngangIA1	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
MASFJORDEN										
faste år 2009-priser for årene 2009 - 2013						PROGNOSE				
1000 kr		2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)		10 130	11 188	11 588	12 424	15 666	16 716	16 716	16 716	16 716
Utgiftsutjevning		14 362	19 533	14 682	14 524	16 991	17 519	17 519	17 519	17 519
Overgangsordninger/INGAR (fra 2009)		-35	-129	-62	-4	-100				
Utenfor overgangsord (inkl oppgavediff)		-86	-	71	281	178	178	178	178	178
Nord-Norge-tilskudd/Namdalstilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Hovedstadstilskudd Oslo		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd		-	-	5 083	5 296	5 535	5 535	5 535	5 535	5 535
Distriktstilskudd Sør-Norge		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd (for 2004 også storby)		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn 2004 og 2005		1 415	-	-	-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn (for 2007 og 2008 inkl restskjønn)		4 900	4 700	1 209	1 209	1 000	-	-	-	-
herav gradvis bortfall av dif.arbeidsgiveravgift		2 380	2 380	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn til skattesvakekommuner i Sør-Norge		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Just overgangsord med mer momskomp 05/skjønn moms		-334	-	-	-	-	-	-	-	-
Engangskompensasjon - etteroppgjør for 2004 momskomp		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Kompensasjon manglende bagatellmessig støtte		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn KR D		-	-	914	-	-	-	-	-	-
Feil inntekstutj 07		-	-	-	-3	-	-	-	-	-
Komp lønn 2006		-	44	-	-	-	-	-	-	-
Tiltakspakken - økte frie inntekter / komp skattetap		-	-	-	-	903	-	-	-	-
RNB2009 - økt innbyggertilskudd/trekk storbymidler til psykisk helse		-	-	-	-	421	-	-	-	-
Sum rammetilskudd uten selskappskatt		30 351	35 336	33 485	33 727	40 593	39 948	39 948	39 948	39 948
Selskappsskatt		252	203	946	6 714	0	0	0	0	0
Sum rammetilskudd, ekskl inntekstutj.		30 603	35 539	34 431	40 441	40 593	39 948	39 948	39 948	39 948
"Bykjetrekke" (anslag)		-3	-6	-6	-5	-2	-2	-2	-2	-2
Netto inntekstutjevning		-2 238	-1 779	-3 152	-5 853	-3 030	-3 034	-3 075	-3 075	-3 075
Sum rammetilskudd		28 362	33 753	31 273	34 583	37 561	36 912	36 871	36 871	36 871
Rammetilskudd - endring i %			19,0	-7,3	10,6	8,6	-1,7	-0,1	-	-
Skatt på formue og inntekt		36 346	38 662	39 326	40 202	41 509	42 374	42 374	42 374	42 374
Skatteinntekter - endring i %			6,4	1,7	2,2	3,3	2,08	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)		-	-	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)		64 708	72 415	70 599	74 785	79 100	79 300	79 200	79 200	79 200
							(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)			
Sum - endring i %			11,9	-2,5	5,9	5,8	0,3	-0,1	-	-





VURDERING

Rammesaka har som hovudfokus å seie noko om kommunen sitt inntektsgrunnlag kommande budsjettår og økonomiplanperiode, og fordele desse midlane mellom rammeområda slik at ein får mest og best mogleg tenesteproduksjon ut av midlar til rådvelde – og vere det styringsdokument administrasjon legg detaljbudsjett etter.

Kommunale inntekter - vurderingar kring budsjetttramme år 2010

Finansiering – inntektsgrunnlaget for driftsbudsjett 2010/økonomiplan 2010-13 → skjema 1A

Frie inntekter = summen av (1) Skatt på inntekt og formue og (2) Rammetilskot, og ut i frå KS prognosemodell oppdatert etter kommuneproposisjonen 2009 tilseier følgjande inntektsutvikling i kommunen – (NB! Basert på folketal i kommunen pr. 1.1.2009, slik at her vert det endringar med tal pr. 1.7.2009 og 1.1.2010)

faste 2009 priser	Rekneskap		Budsjett	Prognose			
	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Frie inntekter							
Innbyggjartilskot	11.588	12.424	15.666	16.716	16.716	16.716	16.716
Utgiftsutjamning	14.682	14.524	16.991	17.519	17.519	17.519	17.519
Overgangsordninga	9	277	78	178	178	178	178
Regionaltilskot	5 083	5.296	5.535	5.535	5.535	5.535	5.535
Ekstra ord.skjøn	0	0	0	0	0	0	0
Ordinært skjøn	2.123	1.200	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000
Selskapsskatt/andre f.	946	6.714	0	0	0	0	0
Tiltakspakke 26.1.09/ revidert nasjonalbudsjett	946	6.714	903 421	0	0	0	0
Netto inntektsutjamning	-3.158	-5.858	-3.030	-3.034	-3.034	-3.034	-3.034
Sum rammetilskot	31.273	34.583	37.561	37.912	37.912	37.912	37.912
Skatt på formue og inntekt	39.326	40.202	41.509	42.374	42.374	42.374	42.374
Sum frie inntekter	70.599	74.785	79.100	80.300	80.200	80.200	80.200

Ved 2,5% årleg prisstigning;

Sum frie inntekter	70.599	74.785	79.100	81.077	83.100	85.200	87.300
--------------------	--------	--------	--------	--------	--------	--------	--------

Andre inntekter

Kommunale inntekter – brukarbetaling som kommunale avgifter, gebyr, betalingssatsar, øyremerka tilskot etc. vert innarbeidd i dei einskilde driftseining sitt budsjett og ein legg til grunn samme auken her som i det generelle prisvekst lagt inn i statsbudsjettet/revidert statsbudsjett

Eigedomsskatt

Frå og med 2001 gjorde Stortinget vedtak om innføring av § 8 i eigedomsskattelova for kraftføretak. Iverksetjing av § 8 i eigedomsskattelova medførte at Masfjorden kommune fekk eit inntektstap første år med 1,5 million kroner eller om lag 16% av eigedomsskatten sett i høve til 2000. Sum eigedomsskatt 8,1 mill.kr. Utvikling siste åra har endra seg frå at ein vart fanga opp av lågaste verdi ved verdsetjing av kraftproduksjonsanlegg 0,95 kr. per KWh til at ein no nærmar oss maksgrensa. Eigedomsskatten for 2006 vart på 12,6 mill.kr., medan den auka mykje i 2007 til 19,7 mill.kr., og om lag 19 mill.kr. i 2008 – justert 2009 budsjett utgjer 18,5 mill.kr. og ein legg for 2010 budsjettet til grunn eigedomsskatt på nivå med justert 2009 budsjettet, dvs. 18,5 mill.kr. og at eigedomsskatten forblir høg i økonomiplanperioden.

Konsesjonskraft

Kommunen har krav på konsesjonskraftinntekter som ei erstatning for å stille naturressursar til disposisjon for kraftutbygging. Inntil 10% av kraftmengda går som konsesjonskraft til utbyggingskommunen. Kommunen sitt uttak kan imidlertid ikkje overstige behovet for alminneleg forsyning i kommunen. Kommunen har teke ut 30 GWh over fleire år, medan forbruket har vore på midten av 20 talet. BKK nett har berekna forbruket i kommunen til å vere om lag 29,8 GWh. Fylket gjer frå 2008 krav på uttak av all kraft utover det som er kommunen sin alminneleg forsyning. Dersom forbruket i kommunen i åra framover vert mindre enn 29,8 GWh gjer fylket krav på eit finansielt etteroppgjer. På den andre sida vil kommunen ha krav på eit finansielt etteroppgjer om forbruket aukar i kommunen.

Kommunen har seld krafta for 2009 – til ein pris litt over 2007 nivå, dvs. 10,5 mill.kr. i netto under føresetnad av 30 GWh. Budsjettsalderinga 2009 la ein inn forventa netto gevinst med 9,8 mill.kr. vi selde konsesjonskrafta 2009 i mai 2008. etter sommaren 2008 har kraftprisen falt ein del, m.a. grunna finanskrisa, slik at status pr. inngangen til juni 2009 tilseier at ein får mindre att for konsesjonskrafta i 2010 enn 2009. Legg ein til grunn sal av 30 GWh, til ein pris på 30 øre, vil netto gevinsten i 2010 bli 9 mill.kr. Legg til grunn 9 mill.kr. i rammesaka, då med fare for redusert kraftpris utover sommaren/hausten 09 som kan gje mindre inntekt + volum (at ein reelt brukar 30 GWh), og sårbar ved varig reduksjon i kraftprisen som følgje av finanskrisa og økonomisk nedgang.

Andre statlege tilskot

Det vert gjeve ein del statlege tilskot som for eksempel barnehage (fram til 2011) som er med på å finansiere drifta av kommunane, bustadtilskot – og i 2009 ekstra i form av tiltakspakken av 26.1.09, med 1.1 mill.kr vedteke brukt til kommunale vegar.

Finansinntekter og finansutgifter

Finansinntekter

Finansinntekter er summen av rente bankinnskot, plasserte fondsmidlar, utbytte, rente- og avdrag på utlån av næringslån og startlån (etableringslån). Avkastning fondsmidlar var vore til dels svært høg ein del år (sett i høve til plasserte midlar), dårleg 2008. Reknar med betring i 2009. låg rente

kommande år, gir liten avkastning midlar plassert i bank. – samla sett legg ein til grunn 1,0 mill.kr. i finansinntekter i perioden 2010-13.

Rente- og avdrag

Masfjorden kommune hadde pr. 31.12.2007 ei samla lånegjeld på 67,3 mill.kr, som vart redusert til 63,9 mill.kr. ved utgangen av 2008 – og ein legg til grunn følgjande øvre ramme for låneopptak i økonomiplanperioden;

Låneopptak 2008:	kr.	0
Låneopptak 2009:	kr.	11.900.000
Låneopptak 2010:	kr.	3.900.000
Låneopptak 2011:	kr.	3.900.000
Låneopptak 2012:	kr.	3.900.000

noko som inneber at lånegjelda vil bli 71,9 mill.kr. ved utløpet av økonomiplanperioden.

Ein legg til grunn rente på 3,0 % på innlån i økonomiplanperioden.

Ein legg vidare til grunn følgjande rente- og avdrag i driftsbudsjetta og økonomiplanperioden 2008-2012 (tal i heile 1000);

År	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Rente	4 963	4 166	3 317	1 778	2 189	3 010	4 109	4 400	2 300	2 300	2 300	2 300
Avdrag	3 816	3 462	3 624	3 621	3 546	3 355	3 652	3 700	3 900	3 900	3 900	3 900

Avsetjinga og bruk av avsetjinga

Ein legg til grunn at netto sum avsetjinga og bruk av avsetjinga går i balanse og ikkje får nokon netto verknad for drifta i økonomiplanperioden. For 2007&2008 bør ein frigjere driftsmidlar til investeringsføremål. Netto avsetjingar vert 0 kvart år.

Føresetnader – utgiftsforhold for driftsbudsjett 2010/økonomiplan 2010-13 → skjema 1B

Sjå innspel/uttale frå enkelte driftseiningar.

Felles for alle rammeområda

Lønskostnader

Tariff/lønsoppgjeret pr. 1.5.2009 er eit mellomoppgjer – store deler av oppgjet teke i samband med 2008 forhandlingane, pensjon den store saka i 2009. oppgjer ikkje avslutta enno for lønsoppgjeret 2009.

TARIFFREVISJONEN PR. 1. MAI 2009 - REGULERING 2. AVTALEÅR – B-rundskriv nr. 8/2009.

Meklingene i offentlig sektor om offentlig tjenstepensjon ble stilt i bero den 27. mai og ny utløpsfrist satt til onsdag 3. juni. Meklingen er nå avsluttet. **De sentralt avtalte lønnstilleggene gjeldende for arbeidstakere i stillinger som omfattet av hovedtariffavtalens kapittel 4 pr. 1.5.2009 kan nå utbetales.**

SENTRALE LØNNSREGULERINGER I HOVEDTARIFFAVTALEN KAPITTEL 4

1.1 Generelt tillegg og ny minstelønn pr. 1.5.2009

Under tariffoppgjøret i 2008 ble det pr. 1.5.2009 avtalt et generelt lønnstillegg på 3,1 %, dog minst kr. 9000,- Minstelønnsatsene ble endret og omfatter det generelle tillegget.

Meklingsresultatet inneholder ingen ytterligere sentrale lønnsreguleringer for 2009.

ØKONOMISK RAMME 2010			
Årslønnsvekstramme 2009-2010, lokalt anslag			
		Virknin gsdato	Årslønnsve kst 2009-2010
Overheng frå 2009	Innarb.i budsjettet		0,0 %
Anslag lønns­glidning 2010			0,3 %
Generelt tillegg	3,1 %, minst kr 9000	1.5.2009	2,0 %
Minstelønnsendringer	0,2 %	1.5.2009	0,2 %
Årslønnsvekst 2010			2,5%
OU-fond		1.1.2010	0,02%

Ein legg til grunn eit forsiktig lønsvekst for 2010 på 2,5 %. Oppgjeret i 2009 vart stort sett teke i samband med 2008, og ber preg av det, og ikkje teke innover seg endra økonomiske forhold etter finanskrisa som kom hausten 2008.

Pensjonskostnader

Legg til grunn satsar frå 2007/08 budsjettet (netto 13% - brutto 15%), til tross for at premiane er høgare, vil ordninga med premieavvik / pensjonsforskrifta medføre at dette er tilstrekkeleg avsetjing. Ein har elles fondsreservar innan dette område. Ein må elles byrje å budsjettere med amortiseringsavvik – inntektsførte premieavvik skal dekkast inn over 15 år, slik at her kjem ein kostnad årleg framover.

Arbeidsgjevaravgift

Ein legg til grunn avgift i tråd med sone 2, dvs. 10,6% arb.gj.avgift for alle tilsette i Masfjorden kommune.

Prisvekst

Legg til grunn ein generell prisvekst på 2,5%

Investeringa 2010-13

Ein har i denne saka fokusert på driftsrammer, og ein legg opp til å ta investeringar løpande og leggje desse fram saman med budsjettframlegget hausten 2009. Investeringsbudsjettet for 2009 har vorte auka kraftig opp (jf. K-styrevedtak, budsjettssalderinga 09 og 1.tertitalrapport 2009). Investeringsplan 2010-12 utgjer elles;

Investeringsbudsjett 2010-2012

Oversikta under viser oppstart nye tiltak.

Fullføring av iverksette prosjekt eller prosjekt med budsjettvedtak tidlegare fram til og med budsjett 2008 kjem i tillegg

Alle tal i heile 1000 & nettobudsjett (eksl.mva)													
Prosjekt	Totalsum	Kostnad og finansiering 2010				Kostnad og finansiering 2011				Kostnad og finansiering 2012			
		Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
KLP eigenkap.innskot	750	250	250			250	250			250	250		
IKT/felles	1 500	500	0		500	0		500	500	0		500	
Breiband	0												
IKT/Skulane	0	0			0			0					
Opprusting komm.bygg	8 800	3 000	2 000	1 000	3 000	2 000	1 800	2 800	500		2 300		
Kommunale vegar	1 000	500		500	500		500	500					
Vassforsyning	3 000	1 000	700	300	1 000	500	500	1 000	500		500		
Avlaup	1 250	250	250	0	500	0	500	500	0		500		
Utleigebustadar	3 000	3 000	1000	500	1500								
Bustadfelt	1 500	500	500	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0
Omsorgsbustadar	0												
Sandnes kyrkjegard	0	0	0	0	0								
Sum investeringar	20 800	9 000	4 700	500	3 800	6 250	3 250	0	3 800	5 550	1 750	0	3 800

EK-innskot KLP:	Siste år har KLP krevd inn årlege eigenkapitaltilskot, som ein tilrår vert finansiert med avsette midlar til pensjon i tidlegare års rekneskap - dvs. bruk av fond
IKT;	Løpande investeringsbehov - pott lagt samla under IKT felles, men midlar kan gå til IKT skule og eigenfinansieringsdel rest utbygging breiband
Kommunale bygg:	Storsatsing på oppgradere kommunale bygg jf. handlingsplan
Vatn & avlaup (VA):	Til dels store prosjekt på gong - netttotal i investeringsplan, på ein skilde prosjekt stor del anleggsbidrag frå eksterne
Kommunale vegar:	Dobla i høve gjeldane økonomiplan for 2009, lagt inn 1,2 mill.kr. + plan 2010 framover
Utleigebustadar:	i tråd med gjeldane økonomiplan - kjøp eller oppføring i eigen regi.
Bustadfelt/foremål:	Det er lagt opp til kommunal medverkand private bustadfelt, kor etableringstilskot vert nytta til veg & VA tiltak - finansiert med bruk av kraftfondet
Omsorgsbustadar:	Trekk ut av 2008 budsjettet, og inn att i 2009 budsjettet - kostnadsramme auka med 1 mill.kr., føresett avsetjingar i 2008 rekneskapen til fondsfinansieringa
Sandnes kyrkjegard:	Tiltak trekk ut av kommunen sin investeringsplan, overført til fellesrådet si finansieringsramme investeringar

Prosjekt	Totalsum	Kostnad og finansiering 2010				Kostnad og finansiering 2011				Kostnad og finansiering 2012			
		Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån	Budsjett	Fond	Tilskot	Lån
Kyrkja/kyrkjegardar:	3 000	1000	0	0	1000	0	0	1000	1000	0	0	1000	

Kommunen står for indirekte finansiering - MKF eige juridisk eining - kommunen kompenserer for avdrag på lån fellesrådet tek opp. Statleg finansieringsordning
Avdrag vert ført i kommunen sin driftsrekneskap- og midlar må budsjetterast inn i framtidige driftsbudsjett.

Nytt løns- og økonomissystem må inn på investeringsplanen → 2010.

KONKLUSJON

Ein har i rammesaka hatt fokus på framtidig inntektsgrunnlag – usikre forhold er knytt til

- folketalsutviklinga,
- endring i kriteriedata og endringar i inntektssystemet frå og med 2009,
- kraftprisen og evt. ytterlegare reduksjon av kraftprisen vil gje reduserte inntekter som kan få store konsekvensar for den økonomiske ramma kommande år og for heile økonomiplanperioden.

Rådmann utarbeidar balansert budsjett 2010 og økonomiplan 2010-13 ut i frå gitte føresetnader i denne saka. Budsjettrammene dannar grunnlag for vidareføring av noverande driftsnivå i økonomiplanperioden.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 18.06.2009 vert vitna

Håkon Matre
Ordfører

Wence Fredheim Ekren
Medlem i kommunestyret

Janne Judith Sandnes
Varamedlem i kommunestyret